

Budsjett 2016

Økonomiplan 2016–2019



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Forside:

Nye Voss vidaregåande skule har fått prosjektnamnet «Tretun». Skulen blir på 11.000 kvadratmeter og forma som ein stor H. Den skal ha plass til 380 elevar og 100 tilsette. Skulen skal stå ferdig til årsskiftet 2016/2017 og har ei kostnadsramme på 530 mill. kr.

Illustrasjon: Nordic – Office of Architecture

Innhold

Innleiing

Årsbudsjett 2016 – Økonomiplan 2016-2019	6
Førebudd på framtida	10

Driftsbudsjett 2016

Politiske organ	16
God og effektiv administrativ drift.....	20
Gode bygg for framtida	26
Meistring gjennom danning og utdanning	30
Samferdsel knyter saman område og folk.....	48
God tanhelse styrkjer folkehelsa	66
Stimulerer til nyskaping, vekst og sysselsetting	76
Rom for eit rikt og mangfaldig kulturliv.....	92
Fellesfunksjonar.....	116
Frie inntekter	122

Økonomiplan 2016-2019

Økonomiplan 2016-2019	126
-----------------------------	-----

Investeringsbudsjett 2016–2019

Bremsa investeringstakt	136
-------------------------------	-----

Vedlegg	155
---------------	-----

Føreord

Fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019 er inndelt etter organisasjonsinndeling i fylkeskommunen. Tidlegare år har budsjettet vore inndelt i samsvar med Kostra-funksjonane. Dette gjer at det for nokre felt kan vera vanskeleg å finna direkte samanlikning mellom budsjett 2015 og fylkesrådmannen sitt budsjettforslag for 2016.

Det er lagt opp til handsaming av budsjettforlaget i dei politiske utvala slik:

- Opplærings- og helseutvalet 10.11.15
- Samferdselsutvalet 11.11.15
- Kultur- og ressursutvalet 11.11.15
- Fylkesutvalet 18.11.15
- Fylkestinget 08.12.15

Budsjettforlaget skal i tillegg handsamast i administrasjonsutvalet, hovudarbeidsmiljøutvalet og fl.

Til handsaminga i dei politiske utvala vil det liggja føre sak med forslag til vedtak.




Innleiing

Årsbudsjett 2016

Økonomiplan 2016–2019

Hovudpunkt i budsjettet

- **Nye Voss vidaregåande skule**
– oppstart hausten 2016
- **Styrka kollektivtilbod**
– 300 fleire avgangar
- **Bybanen til Kokstad**
– strekninga Lagunen–Birkelandsskiftet/
Kokstad opnar 3. kvartal 2016
- **Omstillingstiltak**
– 20 mill. kr til tiltak for å møte
endringane i petroleumsnæringa
- **Elbil betaling**
– halv pris på ferjene
- **Takstauke 4,5%**
– 2% ekstra som følge av auka momssats
- **Høg lånegjeld**
– auka avdragsbetaling med over
100 mill. kr
- **Administrasjon**
– innstramming i driftsbudsjetta



Figuren over viser utviklinga i netto lånegjeld dei siste åra ut frå rekneskapstal 2014 i Kostra.

Hovudpunkt i budsjettgrunnlaget

Nedgang i frie inntekter i 2016

I budsjettet for 2016 er det svært låg vekst i dei frie inntektene – skatteinntekter og rammetilskot. I statsbudsjettet er det lagt til grunn ein realvekst på 0,1% for Hordaland fylkeskommune. Tek ein omsyn til at det langt frå er gjeve full kompensasjon for ein del tiltak som vert innførte frå 2016, er det i røynda nedgang i dei frie inntektene frå 2015 til 2016.

Noko av den svake utviklinga skuldast det nye inntektssystemet for fylkeskommunane som tok til å gjelda frå 2015. Nyordninga førde til at Hordaland fylkeskommune sine inntekter vert reduserte med om lag 56 mill. kr i høve til tidlegare. Det er ei overgangsordning på fem år før det nye inntektsnivået slår inn fullt ut – der 2015 var første året i overgangsordninga. I tillegg er det negative utslag for Hordaland fylkeskommune for fleire av kriteriana som vert lagde til grunn i inntektssystemet, m.a. talet på 16–18 åringar.

Høg lånegjeld

Hordaland fylkeskommune har høg lånegjeld – og nest høgast av fylkeskommunane i landet. Fylkesrådmannen ser alvorleg på det høge nivået, som er aukande dei komande åra.

I budsjettgrunnlaget for 2016 legg fylkesrådmannen opp til å starta arbeidet med å bremsa veksten i lånegjelda og på sikt oppnå utflating og seinare reduksjon i gjelda.

Viktige punkt i det føreliggjande budsjettokumentet som viser dette er:

- Bremsa investeringstakt i økonomiplanperioden
- Auke i budsjetterte avdrag med 208 mill. kr i 2019 samanlikna med 2016
- Driftsfinansiering av investeringar i økonomiplanperioden med 100 mill. kr kvart år

Hordaland fylkeskommune sin gjeldsgrad – lånegjeld i høve til inntekter – var då 95,9%. Berre Sør-Trøndelag fylkeskommune hadde høgare tal med 99,6%. Ved utgangen av 2015 vil gjeldsgraden til Hordaland fylkeskommune stiga til 103%.

Med fylkesrådmannen sitt forslag til investeringsbudsjett for perioden 2016–2019, vil lånegjelda auka ytterlegare. I budsjettet for 2016 er gjeldsgraden for Hordaland fylkeskommune rekna til 112% og aukar ytterlegare i 2017 til 113% for deretter å gå svakt attende til 112% i 2018 og 111% i 2019.

Riksrevisjonen har i rapporten – Riksrevisjonens undersøkelse av kommunenes låneopptak og gjeldsbelastning – tilrådd at gjeldsgraden ikkje bør overstiga 75% for å ha eit bærekraftig gjeldsnivå på sikt.

Fylkesrådmannen foreslår å auka avdraga med 30% i kommande økonomiplanperiode og vil foreslå å auka avdragsnivået også for åra deretter heilt til avdragsnivået er like høgt som nivået på nye låneopptak.

Netto driftsresultat – økonomimål

Rekneskapen for 2014 vart gjort opp i balanse med netto driftsresultat på 0,7%.

Netto driftsresultat er eit av dei mest sentrale nøkkeltala i kommunale rekneskapar. Netto driftsresultat viser kva ein har igjen etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag er dekkja. For å få karakteren tilfredstillande er det tilrådd å setja netto driftsresultat til 4% av driftsinntektene.

Netto driftsresultat i budsjettgrunnlaget for 2016 er om lag 1,25% ved at det er forslag om at 100 mill. kr av driftsmidlane skal gå til finansiering av investeringane. Fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett og økonomiplan, er dermed svakare enn ønskjeleg.

Etter fylkesrådmannen sitt syn er finansieringssummen på 100 mill. kr ein nødvendig buffer mot endringar som kan oppstå i budsjettåret. Med så stor totaløkonomi som Hordaland fylkeskommune har, bør driftsfinansieringa ha eit visst nivå, men dei knappe totalrammene set grenser for kva ein maktar å få til.

Rekneskapsutviklinga i 2015

Til fylkestinget i oktober la fylkesrådmannen fram tertialrapport etter 2. tertial 2015. Tertialrapporten viser at det ser ut til å gå mot svikt på inntektssida i kollektivtransporten og meirforbruk innan fylkesvegvedlikehaldet. Prognosen for opplæringssektoren er meirforbruk på 20 mill. kr. Samla viser tertialrapporten ein prognose om at ein kjem 55 mill. kr svakare ut enn det som er budsjettert. Etter at tertialrapporten var utarbeidd, fekk fylkeskommunen melding om vesentleg betre tal for pensjonskostandene i Statens pensjonskasse, slik at det om denne prognosen held, vil gå mot balanse eller eit mindre overskot i rekneskapen for 2015.

I tertialrapporten er det meldt om god kontroll på kostnadene i kollektivtransporten. Dette er svært viktig med tanke på

det store omfanget denne sektoren har og korleis utviklinga har vore på dette feltet dei siste åra.

Det er framleis uvisse knytt til skatteinngangen. Dei siste tala pr. september viser at skatteinngangen kan verta svakt positiv samanlikna med budsjettet.

Fylkesrådmannen meiner at det er overordna for fylkeskommunen no å stoppa veksten i lånegjelda. I forslaget til budsjettvedtak vert det difor utforma eit punkt der det vert foreslått at 50% av framtidige rekneskapsoverskot skal nyttast til finansiering av investeringar. Dette skal anten skje i form av auka avdragsbetaling eller ved å auka den rekneskapsførte driftsfinansieringa av investeringane.

Høgt investeringsnivå

Det er framleis høge investeringar i opplæringssektoren – særleg i 2016 med den store utbygginga som er i gang på Voss.

Innanfor samferdselssektoren er det anlegga i Bergensprogrammet og fleire store bompengepakkar kring i fylket som slår inn for fullt.

Bruttobudsjettet for investeringane er 3 299 mill. kr i 2016. Dei store investeringsprosjekta m.a. innanfor Bergensprogrammet, gjer at fylkeskommunen sitt brutto investeringsbudsjett vert svært høgt. Ein stor del av investeringsprosjekta vert finansierte med bompengar. Bompengane kjem som inntekt i fylkeskommunen sitt investeringsbudsjett saman med andre finansieringsformer som forskoteringar og tilskot.

Bompengefinansieringa gjeld i særleg grad for bybaneutbygginga, men også fleire vegprosjekt har stort innslag av bompengefinansiering som t.d. Kvammapakken, Bømløpakken og Askøypakken.

Sentrale punkt i økonomiplanen

Forlaget til investeringsbudsjett som vert lagt fram er som nemnt høgt, særleg i 2016. Konsekvensen av dette er at utgiftene til renter/avdrag vert høge og ein stor og aukande del av fylkeskommunen sine inntekter må nyttast til å dekkja kapitalutgiftene.

Inntektsveksten er svakare enn veksten i kapitalutgiftene og det må difor gjerast driftstilpassingar i perioden. Nye tiltak må dermed finansierast ved omprioriteringar innanfor dei samla rammene.

Netto driftsresultat er som nemnt budsjettert til 1,25% i 2016. Fylkesrådmannen sitt forslag i økonomiplanen medfører uendra netto driftsresultat slik at det også i 2019 er lagt til grunn eit netto driftsresultat på 1,25%

Fylkesrådmannen kunne ønskt noko betre utvikling i dette måltalet i økonomiplanperioden. Det er likevel viktig å ha i mente at det er lagt vinn på å bremsa investeringane og auka

avdraga på same tid som det er rekna med svært låg vekst i dei samla inntektsrammene.

Sak om budsjettammer i fylkesutvalet

Sak om førebels økonomiske rammer vart handsama i fylkesutvalet i juni 2015. I saka vart det presentert eit framlegg til investeringar og overslag over samla driftsrammer. Utrekningane i saka viste reduksjon i dei samla driftsrammene for 2016 på 59 mill. kr samanlikna med 2015 og ytterlegare reduksjon på 13 mill. kr kvart år resten av økonomiplanperioden.

I budsjettforslaget for 2016 har fylkesrådmannen i stor grad følgd opplegget som var skissert i den nemnde fylkesutvalsaka.

Formuebevaringsprinsippet

Fylkesrådmannen viser til at Det tekniske beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi har gjort bruk av det såkalla formuebevaringsprinsippet for å koma med overslag på ønskeleg nivå på netto driftsresultat.

I kommunale rekneskapar bokfører ein avdrag som driftsutgift, medan avskrivning ikkje har nokon resultatteffekt. Det vert peika på at avskrivningane i kommunesektoren er høgare enn avdraga. Netto driftsresultat burde vore så høgt at ein

kunne belaste driftsrekneskapen med avskrivningar (i staden for avdrag) og likevel kome ut i balanse. Det vil seie at netto driftsresultat burde ha vore minst like stort som differansen mellom avskrivningar og avdrag (sjå tabellen).

Avskrivningane i Hordaland fylkeskommune var 588,5 mill. kr i 2015. Med det investeringsnivået det er lagt opp til i økonomiplanen, er det venta at avskrivningane vil auke med opp mot 100 mill. kvart år.

I budsjettgrunnlaget er det lagt opp til eit netto driftsresultat på 100 mill. kr kvart år. For å oppfylle formuebevaringsprinsippet, burde resultatet vore 150 – 250 mill. kr betre. Dvs. at netto driftsresultat burde vore auka frå 1,25 % til 3–4 %.

Tilrådinga frå Teknisk beregningsutvalg er at netto driftsresultat for fylkeskommunane bør liggje på 4 %.

Mill. kr

	2016	2017	2018	2019
Overslag avskrivning	700	800	900	1 000
Avdrag	442	509	578	650
Differanse	258	291	322	350
Netto driftsres.	100	100	100	100
For lågt driftsres.	158	191	222	250

Førebudd på framtida

Gjennom programmet Førebudd på framtida er det eit mål å auke endringskapasiteten i organisasjonen slik at Hordaland fylkeskommune vert ein organisasjon som er fleksibel, utviklingsorientert og effektiv i møtet med nye rammevilkår.

Med bakgrunn i fylkestinget sine vedtak i årsbudsjetta for 2013 og 2014 har fylkesrådmannen etablert eit omstillingsprogram med gjennomgang av alle avdelingane i fylkeskommunen.

Føremålet med omstillingsprogrammet Førebudd på framtida er å sikre at Hordaland fylkeskommune som regional utviklar vert i stand til å;

- Utvikle og effektivisere tenesteproduksjonen, både kjerneoppgåver og støttefunksjonar, slik at fylkeskommunen står fram som
 - ein kompetent og effektiv tenesteleverandør, som er i dialog med tilsette, innbyggjarar, kommunar og andre samarbeidspartnarar
 - «konkurransedyktig» samanlikna med andre fylkeskommunar eller andre forvaltningsnivå med tilsvarande tenesteprodukt

- ein attraktiv arbeidsgivar som tilbyr faglege utfordringar og utviklande arbeidsoppgåver for den einskilde medarbeidar, og eit godt arbeidsmiljø i alle einingar

- Ta ei strategisk og proaktiv rolle på definerte, utvalte område
- Tilpasse seg ulike scenario og moglegheiter, der rammevilkåra kan endre seg, på ein rask og effektiv måte.

Førebudd på framtida er delt inn i tre ulike programområde, som igjen har fleire delprosjekt. Inndelinga er gjort i samsvar med tilråding frå rådgjevingsselskapet BDO, som på oppdrag frå fylkesrådmannen, har gjennomgått organisasjonen og skissert korleis arbeidet med effektiviseringsprosjektet kan leggjast opp.



Programområde 1 – Strategisk utvikling

Dette programområdet har både fokus mot omverda og HFK sine brukarar, og på interne tilhøve. Programområdet er eit koordineringspunkt for sentrale strategiske tiltak i verksemda.

Mål for programområde 1 er:

- Gjennom Førebudd på framtida skal Hordaland fylkeskommune utvikle og implementere ei overordna strategi for verksemda, med tilhøyrande planar
- Strategien skal rette seg både mot utadretta og innadretta deler av verksemda, og ivareta formelle krav til oppgåveløysinga
- I den utadretta delen av verksemdstrategien vil Regional planstrategi vere eit hovudelement
- Strategien skal sikre at HFK har ei målretta, brukarorientert leing og organisering når det gjeld kjerneoppgåver så vel som administrative drifts – og utviklingsoppgåver
- Programmet skal og sikre at vedtekne endringar og forbetringar blir sett i verk og implementert

Det er satt i gang to viktige aktivitetar under dette programområdet:

1. Utarbeiding av ein verksemdstrategi for Hordaland fylkeskommune. Arbeidet er godt i gang. Det er formulert tre overordna strategiske mål for HFK og kvar avdeling har formulert eigne overordna strategiske mål som svarar til dei overordna måla. Verksemdstrategien vil bli ferdigstilt i løpet av 1. kvartal 2016.
2. Førebuing til arbeidet med ein ny Regional planstrategi for 2016–2020. Alle regionale planar i Hordaland fylkeskommune er kartlagt, og arbeidet med sjølv planstrategien startar opp i november 2015. Regional planstrategi skal etter planen leggest fram for fylkestinget i desember 2016.

Programområde 2 – Kjerneoppgåver

Dette programområdet skal sikre at dei ulike oppgåvene i organisasjonen byggjer opp under felles overordna mål og samsvarar med planane for heile fylkeskommunen. Det er og viktig at både tenesteproduksjon og stabsoppgåvene er tilpassa framtida og at ein kan ta høgde for eventuelle endringar i rammetilhøva.

Mål for programområde 2 er:

- Gjennom Førebudd på framtida skal Hordaland fylkeskommune kartlegge og prioritere kjerneoppgåvene i avdelingane
 - ▣ Det skal vurderast og avgjerast kva framtidige oppgåver som skal løysast og kva tenester som skal leverast
 - ▣ Oppgåver som er avdelingsovergripande, og som bør koordinerast på tvers av einingane, skal og inngå i dette arbeidet
 - ▣ Programmet skal setje i verk og implementere vedtekne endringar og forbetringar

Gjennom ein omfattande oppgåvegjennomgang er det identifisert ei rekke aktivitetar og område der det er behov for betre koordinering og samordning, både innan avdelingane og mellom dei ulike avdelingane. Totalt er det identifisert 233 forbetringstiltak av ulik karakter. Det blir arbeidd vidare med ei tydelegare prioritering av oppgåvene som vert utførte og dei tiltaka som er foreslått gjennomført.

Programområde 3 – Administrativ drift og utvikling

Dette programområdet har fokus på den interne verksemda i organisasjonen. Ein tar for seg ulike arbeidsområde innafor Økonomi- og organisasjonsavdelinga, i tillegg til merkantile oppgåver som vert utførte i dei ulike fagavdelingane.

Mål for programområde 3 er:

- Gjennom Førebudd på framtida skal Hordaland fylkeskommune kartlegge og prioritere dei administrative oppgåvene innan drift og utvikling
 - Det skal vurderast og avgjerast kva oppgåver som bør ligg sentralt i Økonomi- og organisasjonsavdelinga, og kva oppgåver som bør ligge i den enkelte avdeling eller eining
 - Tilrådingane om oppgåveplasseringane skal skje i samsvar med behov eller bestillingar frå dei andre avdelingane som inngår i kjerneverksemda
 - Programmet skal setje i verk og implementere vedtekne endringar og forbetringar

Gjennom oppgåvekartlegginga er det identifisert nokre oppgåver som med føremøn kan overførast frå Økonomi- og organisasjonsavdelinga til den enkelte fagavdeling, og dei ulike fagavdelingane har identifisert nokre oppgåver som er ynskt sentralisert til Økonomi- og organisasjonsavdelinga. Det blir arbeid vidare med organisering av dei identifiserte oppgåvene.

I tillegg er det sett i verk ei rekke tiltak som følgjer av gjennomgang av eigen organisasjon, mellom anna:

- Gjennomgang av KOSTRA-rapportering, særleg på administrativt nivå (kode 420)
- Etablering av kommunikasjonsstrategi
- Vidareutvikling av metodikk for gevinstrealisering
- Reindyrking av eigen bedriftshelseteneste
- Prosjekt for utvikling av IT-funksjonen
- Overføring av Dokumentsenteret til Fylkesarkivet i Kultur- og idrettsavdelinga (mai 2015)
- Samanslåing av Økonomiavdelinga og Organisasjonsavdelinga til Økonomi- og organisasjonsavdelinga (juni 2015)
- Utskilling av Egedomsseksjonen til eigen avdeling – Egedomsavdelinga (juni 2015)
- Etablering av HR-seksjon – prosjekt «Frå personal til HR» (august 2015)
- Etablering av felles fylkessekretariat (november 2015)



Driftsbudsjettet 2016

Politiske organ

Brutto driftsutgifter	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Endring %
Fylkesting	8 900	9 200	3,4 %
Fylkesutval	3 850	3 500	-9,1 %
Ymse møter, utval og råd	900	1 000	11,1 %
Kultur- og ressursutvalet	1 250	1 300	4,0 %
Opplærings- og helseutvalet	1 250	1 300	4,0 %
Samferdselsutvalet	1 450	1 500	3,4 %
Fylkeseldrerådet	400	400	0,0 %
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	400	400	0,0 %
Ungdommens fylkesting	270	280	3,7 %
Frikjøp av representantar	2 274	2 335	2,7 %
Stønad til politiske parti	5 443	5 589	2,7 %
Tilskot til opposisjonsgupper	645	662	2,6 %
Val	2 000		-100,0 %
Sum brutto driftsutgifter	27 962	27 466	-5,4 %
Sum driftsinntekter			
Sum netto driftsutgifter	27 962	27 466	-5,4 %



I 2015 var det budsjettert med 2 mill. kr til gjennomføring av fylkestingsvalet. Denne utgifta sparer ein i 2016. Elles er det berre gjort mindre justeringar i summene, ut frå observert forbruk dei siste åra.

Frikjøp av fylkestingsrepresentantar

I 2015 vart frikjøpsbeløpet fastsett til kr 41 340 pr. representant. Ved reglementsrevisjonen i fylkestingsak 42/07 vart det bestemt at beløpet pr. fylkestingsrepresentant skal regulerast i samsvar med tariffjusteringar.

I statsbudsjettet er det lagt til grunn ein lønsvekst frå 2015 til 2016 på 2,7%. Oppjustert med denne prosentsatsen vert frikjøpsbeløpet kr 42 460. Summen for 55 representantar utgjer då kr 2 335 000.

Stønad til fylkestingsgruppene

Dei politiske partia sine grupper i fylkestinget får ein årleg sum som dei kan disponere til arbeidet sitt.

Frå 2007 har ein regulert stønadssatsane med same prosentsats som statsbudsjettet nyttar for løns- og prisvekst i kommunesektoren (kommunal deflator).

I 2015 vart det nytta følgjande satsar:
Stønad til fylkestingsgruppene kr 75 670
Stønad pr. representant kr 42 490

Oppjustert med 2,7 %, får ein følgjande satsar i 2016:
Grunnstønad kr 77 710
Stønad pr. representant kr 43 640

Stemmestøtte

I 2015 vart det budsjettert med kr 2 340 000 til stemmestøtte. Om ein justerer opp summen med med 2,7 % i 2016, får ein kr 2 403 000.

Fylkesutvalet gjorde i sak 57/92 vedtak om at summen skulle delast på dei politiske partia som var representerte i fylkestinget.

Tilskot til opposisjonsgruppene

I fylkestingsak 75/11 vart det innført eit tilskot til opposi-

sjonsgruppene innanfor ei ramme på kr 600.000. Kr 30.000 skulle gå til støtte til kvar gruppe i opposisjonen, og resten skulle fordelast i høve til talet representantar.

Fylkesrådmannen legg til grunn at beløpa vert justert i samsvar med forventa lønsvekst. I 2016 fører ein opp eit samla tilskot på kr 662 000. Grunntilskotet til kvar opposisjonsgruppe vert kr 33 000.

Retningsliner for bruk av partistøtte

Til fylkestinget sitt møte i juni 2015 vart det fremja interpellasjon om at det ikkje er knytt retningsliner til bruk av eller rapporteringsplikt for dei ulike støtteordningane.

Fylkesordføraren opplyste at det i samband med budsjettet for 2016 ville bli utarbeidd forslag til retningsliner for bruken av desse midlane.

Reglane for partistøtta er å finna i partilova. I § 10 punkt 3 og 4 heiter det slik:

«(3) Til støtte fra stat, kommune eller fylkeskommune skal det ikke knyttes betingelser som kan komme i konflikt med de politiske partienes selvstendighet og uavhengighet.
(4) Myndighetene skal ikke føre kontroll med partienes eller gruppernes disponering av støtten».

Partilova set dermed klare grenser for kor detaljerte retningsliner som kan utarbeidast.

Fylkesrådmannen foreslår slike retningsliner for bruk av partistøttemidlane:

- Partistøttemidlane skal nyttast til:
 - Løn til gruppeleiarar eller leiarar for utval i partiet
 - Løn til sekretærar for fylkestingsgruppene
 - Ordinære driftsutgifter for fylkestingsgruppene
- Ubrukte midlar av den økonomiske støtta kan overførast til neste fylkestingsperiode
- Fylkestingsgruppene skal innan juni kvart år sende revidert rekneskap og årsmelding for bruken av midlane siste år til fylkesrådmannen.

Kontroll og revisjon

Brutto driftsutgifter	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Endring %
Sekretariat for kontrollutvalet	4 207	4 287	1,9 %
Kontrollutvalet	1 114	1 114	0,0 %
Ekstern revisor	2 557	2 602	1,8 %
Sum brutto driftsutgifter	7 878	8 003	1,6 %
Sum driftsinntekter	-2 210	-2 100	-5,0 %
Sum netto driftsutgifter	5 668	5 903	4,1 %

Sekretariat for kontrollutvalet har 5 stillingar. 4,8 årsverk er for tida i bruk.

Ein har pr. i dag avtale med 17 kommunar om å vere sekretariat for deira kontrollutval, men 2 kommunar har sagt opp avtalene frå komande årsskifte.

Kontrollutvalet har behov for midlar i reserve dersom det dukkar opp saker som gjer det nødvendig å kjøpe meir ek-

stern bistand. I budsjettforslaget for 2016 er det ført opp 0,5 mill. kr til kjøp av tenester.

Avtalen med Deloitte AS gjeld fram til 30.06.2017, etter at fylkestinget i sak 61/15 vedtok å nytta eit av to opsjonsår i avtalen med Deloitte AS.

Budsjettforslaget er i samsvar med det som vart tilrådd av kontrollutvalet i sak 85/15.

God og effektiv administrativ drift

Økonomi- og organisasjonsavdelinga har gjennom fleire år arbeidd for å utvikle og effektivisere den administrative drifta i Hordaland fylkeskommune, m.a. gjennom å ta i bruk nye og framtidsretta fellessystem. Dette arbeidet vil halde fram i 2016 med særskild merksemd på vidare utvikling av eforvaltning og implementering av nytt økonomisystem. Ei fersk undersøking viser at dei sentrale brukarane er godt nøgde med tenestene som Økonomi- og organisasjonsavdelinga utfører.

Innleiing

Heile tusen	
Budsjett	2016
Løn og sosiale kostnader	105 186
Driftskostnader	55 050
Brutto driftsutgifter	160 236
Driftsinntekter	7 550
Netto driftsutgifter	152 686

Tabellen syner det samla budsjettet for Økonomi- og organisasjonsavdelinga. Det samla budsjettet er på 152,7 mill. kr. Av budsjetterte kostnader er 65,6 % sett av til lønn. Det resterande kostnadsbudsjettet på 34,4 % er gjeld driftsutgifter. Av avdelinga sine driftsinntekter på 7,5 mill. kr er 88,7 % internbudsjettering av personalforsikring. Det er sett av 6,7 mill. kr som avdelingar og ytre einingar dekker.

Under er tabell der budsjett for Økonomi- og organisasjonsavdelinga er fordelt på stab og dei ulike seksjonane.



FORSKUNGS
FORSKUNGS



I og med organisasjonsendringar med verknad medio 2015, er ikkje budsjettet for 2015 sett opp til samanlikning. Samla sett er budsjettet for avdelinga redusert med rundt 14 mill. kr. Dette kjem fram av momenta nedanfor.

Avdelinga fordelt på stab og seksjonar

Heile tusen

Budsjett		2016
Stab	Brutto driftsutgifter	4 506
	Driftsinntekter	0
	Netto driftsutgifter	4 506
HR	Brutto driftsutgifter	59 226
	Driftsinntekter	- 6700
	Netto driftsutgifter	52 526
IT	Brutto driftsutgifter	50 924
	Driftsinntekter	0
	Netto driftsutgifter	50 924
Kommunikasjon	Brutto driftsutgifter	17 920
	Driftsinntekter	0
	Netto driftsutgifter	17 920
Budsjett	Brutto driftsutgifter	4 380
	Driftsinntekter	- 50
	Netto driftsutgifter	4 330
Fylkeskassen	Brutto driftsutgifter	10 900
	Driftsinntekter	0
	Netto driftsutgifter	10 900
Innkjøp	Brutto driftsutgifter	12 380
	Driftsinntekter	- 800
	Netto driftsutgifter	11 580

Økonomi- og organisasjonsavdelinga har 111 tilsette (108,3 årsverk). I tillegg kjem 3 lærlingar. Det er budsjettet med 9,0 årsverk til frikjøpte hovudtillitsvalde.

Avdelinga har ansvar for dei felles stabsoppgåvene i Hordaland fylkeskommune: Budsjett, økonomistyring, innkjøp, rekneskap, HR, kommunikasjon, sekretariat og IT. Økonomi- og organisasjonsavdelinga har som oppgåve å syte for at Hordaland fylkeskommune er tenleg organisert og har kompetanse i høve lovverk og samfunnsutvikling. Avdelinga har som mål å modernisere og utvikle tenestene vidare til beste for heile Hordaland fylkeskommune, samstundes som ein skal sikre ei sunn og berekraftig økonomisk drift framover.

Strategiske føringar i økonomiplanperioden 2016–2019:

- Styrke økonomien til HFK gjennom å auke netto resultatgrad og redusere gjeldsgraden
- Planleggje og gjennomføre eit godt generasjonsskifte i organisasjonen
- Etablere porteføljestyling som metode for tydeleg prioritering av prosjekt og planarbeid i verksemda
- Styrke samarbeidet med kommunane i Hordaland gjennom målretta kommunikasjonsiltak

Premiss for budsjett 2016

Som ledd i arbeidet med programmet Førebudd på framtida vart Økonomi- og organisasjonsavdelinga slått saman til ei felles stabseining frå 1. juni 2015. Vidare er dokumentsen-teret overført til Kultur- og idrettsavdelinga og slått saman med fylkesarkivet, ressursar knytt til felles sekretariatsfunksjonar er samla og personalseksjonen er vidareutvikla til ein meir framtidretta HR-seksjon. Målet med desse endringane er å auke den administrative effektiviteten, styrke felles fagmiljø ved å samle og reindyrke likearta ressursar og oppgåver samt å redusere sårbarheit ved fråvær.

Inklusiv budsjettåret 2016 er talet på årsverk dei tre siste åra redusert med 15 knytt til meir effektiv administrativ drift, m.a. som resultat av nye fellessystem. For 2016 er det lagt til grunn ei ytterlegare effektivisering av drifta på 2,5 mill. kr. I tillegg er det realisert gevinstar i samband med felles IT-utgifter knytt til m.a. betre telefoniavtale og sanering av enkeltsystem på 1 mill. kr. Det er etter dette budsjettet med rundt 27 mill. kr til felles IT-utgifter.

Arbeid med omstilling generelt og skolebruksplanen spesielt har høg merksemd. Ut frå erfaring og dei behova ein ser framover, er midlane knytt til attføring, retrett og omstilling redusert med 3,5 mill. kr til 14,5 mill. kr.

Fokusområde for 2016 – 2019

I økonomiplanperioden vil fylkesrådmannen ha merksemd på vidare utvikling av effektive arbeidsprosessar knytt til nye fellessystem, mellom anna er eit nytt økonomisystem under anskaffing. Dette vil vere med på å sikre god økonomistyring og styrke samordninga av funksjonar innanfor budsjett, rekneskap og innkjøp.

Som del av programmet Førebudd på framtida er det starta ein utviklingsprosess knytt til IT-funksjonane i verksemda. Formålet er å styrke arbeidet rundt eforvaltning og digitalisering av fylkeskommunen sine tenester samt sikre oppdatert kompetanse og gode leveransar internt i organisasjonen. Gjennom tydelege krav til gevinstrealisering og kontinuerleg forbetring som følgjer av innføring av nye fellessystem, vil ein i økonomiplanperioden leggje opp til

ytterlegare reduksjon i driftsutgiftene. Merksemd på vidare profesjonisering av arbeidet kring innkjøp og anskaffingar for å sikre effektive rammeavtalar med profesjonelle aktørar har og ei viktig rolle i dette.

Økonomi- og organisasjonsavdelinga vil jobbe målretta med å utvikle kompetansen i organisasjonen slik at fylkeskommunen til ei kvar tid er i stand til å utføre samfunnsoppdraget på ein mest muleg effektiv måte. Sentralt i dette arbeidet står vidareføring av satsinga på leiaropplæring, leiarutvikling og organisasjonsutvikling. Det er budsjettert med knapt 4 mill. kr til slike tiltak. Arbeidet med å gjere Hordaland fylkeskommune til ein meir inkluderande arbeidsgivar vil bli styrka, mellom anna gjennom målretta arbeid for mangfald og inkludering.

Det er høg merksemd på aktivitetar knytt til auka nærvær og friskvern. Til prosjektet «Aktiv kvar dag», der det vert gjeve tilbod om ulike lågterskel aktivitetar i heile fylkeskommunen, er det sett av rundt 0,7 mill. kr.

Klima- og miljøtiltak

Det er ei målsetting for Økonomi- og organisasjonsavdelinga å redusere kostnadane knytt til eigen reiseverksemd med fem prosent i 2016, mellom anna gjennom auka bruk av videokonferansar og digitale kommunikasjonskanalar.

Avdelinga legg opp til å redusere papirbruk, avfall og portokostnadar ved overgang til heilelektroniske arbeidsprosessar og e-abonnement for avis og tidsskrift. Kildesortering og gjenbruk av inventar og utstyr er ein viktig del av avdelinga sitt interne miljøarbeid. Som sentral stabseining står Økonomi- og organisasjonsavdelinga i spissen for arbeidet med eforvaltning og anskaffing av elbilar til bruk ved ulike fylkeskommunale einingar. Dette arbeidet er godt i gang og vil ha positiv effekt på både miljøet og økonomien.

Lærlingar

Økonomi- og organisasjonsavdelinga vil i 2016 ha tre lærlingar; ein innanfor kontorlag og to innanfor IT.

Ny tilskotsordning

Hordaland fylkeskommune har som mål å auke talet på lærlingar i eigen organisasjon med 20%. Fylkesrådmannen foreslår difor ei ny tilskotsordning på 2 mill. kr for å stimulere til dette. Fylkesrådmannen kjem attende til korleis denne ordninga skal praktiserast.

Mål og tiltak

Tabellen under viser Økonomi- og organisasjonsavdelinga sine resultatmål for perioden 2016–2019.

Overordna mål	Tiltak 2016	Målepunkt	Mål			
			2016	2017	2018	2019
Økonomi- og organisasjonsavdelinga skal sikre at Hordaland fylkeskommune har ein sunn og berekraftig økonomi basert på tenlege styringsverktøy og god økonomiforståing i heile organisasjonen.	Vidareutvikle budsjettprosessen – risikovurdering/-styring	Netto driftsresultat (I dag 0,7 %)	1,25 %	1,5 %	1,75 %	2 %
	Etablere controllerfunksjon					
	Utvikle og levere nøkkeltalsrapport					
	Auka leiarstøtte knytt til økonomi- og budsjettarbeid	Netto gjeldsgrad (I dag 95,9 %)	112 %	113 %	112 %	111 %
	Anskaffe og implementere nytt økonomisystem					
Økonomi- og organisasjonsavdelinga skal leggje til rette for å rekruttere, utvikle og ta vare på den kompetansen som Hordaland fylkeskommune til ei kvar tid treng for å kunne utføre sitt samfunnsoppdrag.	Gjennomføre medarbeidarundersøking	Medarbeidartilfredsheit andel svært tilfredse (I dag 29 %)	32 %		35 %	
	Profesjonalisere rekrutteringsprosessen	Andel tilsette som vil anbefale HFK som arbeidsgivar – andel svært tilfredse (I dag 36 %)	38 %		40 %	
	Implementere ny HR-strategi	Nærværsprosent	95 %	95 %	95 %	95 %
	Auka merksemd på IA i leiaroppløringa	Refusjon sjukeløn NAV (I dag ca 90 MNOK)	94 MNOK	100 MNOK	105 MNOK	110 MNOK
	HR Analyse – kompetanseplanlegging og – kartlegging	Andel tilsette som har registrert CV i Personalportalen (I dag 84,6 %)	90 %	95 %	100 %	100 %
Økonomi- og organisasjonsavdelinga skal være ein pådrivar for å utvikle og modernisere Hordaland fylkeskommune gjennom effektive og framtidsette fellessystem og arbeidsprosessar med særleg merksemd på kontinuerleg forbetring og gevinstrealisering.	Gevinstrealisering knytt til implementering av SvarUT (eforvaltning)	Reduserte portoutgifter i fylkesadministrasjonen	-10 %	-15 %	-20 %	-30 %
	Fleire fullelektroniske skjema	Tal tenester på nett integrert med m.a. ephorte	5	10	15	20
	Tilrettelegging for elektronisk ut-sending via fellessystem (SvarUT)	Tal system som nyttar elektronisk utsending	1	2	3	4
	Implementere ny IT-strategi	Totalskår intern brukarundersøking for Økonomi- og organisasjonsavdelinga		Over 4 for alle seksjonar		
Økonomi- og organisasjonsavdelinga skal leggje til rette for og sikre bruk av effektive avtalar med profesjonelle leverandørar av varer og tenester på alle verksemdområda i Hordaland fylkeskommune.	Utvalde avtaleleverandørar skal berre motta ordre frå FINS	Bruk av FINS - beløp (I dag 20%)	35 %	50 %	60 %	70 %
	Sentralisere rekvirentrolla i fylkesadministrasjonen	Kjøp innafør rammeavtale (I dag 80 %)	81 %	82 %	83 %	84 %
	Registrere avvik i kvalitetssystemet Få på plass fleire rammeavtalar					
	Betre informasjon om rammeavtalar	Andel efaktura (I dag 80 %)	85 %	87 %	89 %	90 %

Overordna mål	Tiltak 2016	Målepunkt	Mål			
			2016	2017	2018	2019
Økonomi- og organisasjonsavdelinga skal medverke til å styrke omdømet til Hordaland fylkeskommune og arbeide for god intern og ekstern informasjonsflyt gjennom målretta og verdibasert kommunikasjon.	Gjennomføre benchmarking gjennom Aalunds PR-barometer: - Overordna tilfredsheit - Image administrativ leiing - Image politisk leiing	Tilfredsheit blant journalistar	Topp 10	Topp 10	Topp 10	Topp 10
	Profesjonalisere arbeidet med mediekontakt	Kjennskap og inntrykk av Hordaland fylkeskommune – rangering Nor PR si omdømemåling	45% /5,5	45%/6		
	Etablere internt tverrfagleg redaksjonråd/ nettverk					
	Vidareutvikle profilhandbok					
	Implementere nye nettsider	Auka brukartilfredsheit – hordaland.no (0-måling nov 2015)				
	Forprosjekt nytt intranett					
	Profesjonalisere fylkessekretariatet (SPOC)					
Styrka opplæring av folkevalde						
Intern brukarundersøking blant folkevalde		Brukartilfredsheit folkevalde	Min skår 4,0			

Gode bygg for framtida

For Egedomsavdelinga handlar det både om å ta godt vare på dei bygg og egedomar som fylkeskommunen allereie har, og å utvikle nye for framtida. Målretta satsing på energiøkonomiserande tiltak gjennom fleire år har gitt gode resultat og meir effektiv drift.

Innleiing

Egedomsseksjonen vart skilt ut frå økonomiavdelinga og oppretta som eiga avdeling frå 1. juni 2015. Egedomsavdelinga er Hordaland fylkeskommune sin fagavdeling for bygge- og egedomssaker. Avdelinga skal ivareta fylkeskommunen sin byggherrefunksjon og er ansvarleg for investeringar, forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling av fylkeskommunen sine egedomar. Samla areal på egedomsmassen er om-

lag 450.000 m², og utgjer vidaregåande skular, tannklinikkar, kollektivanlegg, kultur- og administrasjonsbygg. Avdelinga driv og noko utleige / næringsverksemd. Egedomsavdelinga har totalt ca. 100 tilsette. Av desse har omlag 30 arbeidsplassen ved kontoret i Bergen og 70 ved dei vidaregåande skulane i fylket.

Sentrale nøkkeltal/økonomioversyn

Tal i heile 1000 kr

Område		Budsjett 2015	Budsjett 2016	Endring i %
Sentral egedomsforvaltning	Brutto driftsutgift	24 931	27 812	11,56 %
	Driftsinntekter	4 000	5 250	31,25 %
	Netto driftsutgift	20 931	22 562	7,79 %
Administrasjonsbygg	Brutto driftsutgift	23 192	23 221	0,13 %
	Driftsinntekter	2 300	2 400	4,35 %
	Netto driftsutgift	20 892	20 821	-0,34 %
Forvaltning av skular/kulturbygg	Brutto driftsutgift	77 843	76 037	-2,32 %
	Driftsinntekter	500	510	2,00 %
	Netto driftsutgift	77 343	75 527	-2,35 %
Kollektivområdet	Brutto driftsutgift	14 925	15 229	2,04 %
	Driftsinntekter	14 959	15 724	5,11 %
	Netto driftsutgift	-34	-495	1355,88 %
Anna verksemd	Brutto driftsutgift	5 390	5 425	0,65 %
	Driftsinntekter	3 525	2 840	-19,43 %
	Netto driftsutgift	1 865	2 585	38,61 %
	Sum brutto driftsutgifter	146 281	147 724	0,99 %
	Sum driftsinntekter	25 284	26 724	5,70 %
Sum	Netto driftsutgift	120 997	121 000	0,00 %

Hovudutfordringar

Eigedomsavdelinga sitt hovudfokus er å forvalte eigedomane slik at dei på best mogeleg måte tilfredsstiller dei behov som brukarane har til ei kvar tid. Brukarane er primært elevar i den vidaregåande skulen og tilsette i fylkeskommunen, men også kollektivreisande, brukarar av tannhelsetenesta og leigetakarar. Dette gjennomfører avdelinga ved på best mogeleg måte å tilfredsstilla dei lovpålagte krava, samstundes som ein søker å halde bygga funksjonelle og tilrettelagt for den aktiviteten som dei til ei kvar tid skal nyttast til.

Klima- og miljøtiltak

Storparten av bygningsmassen vert nytta til skuleformål og eit sentralt element for desse eigedomane er å arbeide for at alle Hordaland fylkeskommune sin skular skal oppnå helseverngodkjenning. Dette arbeidet er omfattande for nokon skular og det er nødvendig med større investeringar i ombygging og/eller nybygg. Ein vil prioritera eigne skular og leigelokale med lang attståande leigetid.

Avdelinga har dei seinare åra satsa på å optimalisera energiforbruket og har kontinuerlig energimåling av fylkeskommunen sine eigedommar. Det er gjennom dette arbeidet oppnådd vesentleg reduksjon i energiutgiftene, frå 2013–14 vart t.d. energiutgiftene reduserte med 6 mill. kr. Det har også vore arbeidd med utfasing av bruk av olje til oppvarming til fordel for andre energikjelder som bioenergi, gass og straum. I dag er oljefyring primært brukt som reservesystem.

Avdelinga har også starta arbeidet med å avklare kva slag system ein skal bruka for miljøklassifisering nybygg under oppføring. Det er m. a. i samarbeid med Regionalavdelinga

sett på bruk av BREEAM-NOR, som er ei norsk tilpassing av ein internasjonal metode for klassifisering av berekraftige bygg.

Kollektivanlegg

Fylkeskommunen har vidare sterk og aukande satsing på kollektivtenesta. For Eigedomsavdelinga inneber det fokus på å betre tilhøva for dei reisande gjennom å etablera og drifte gode og tenelege kollektivterminalar på ein kostnads-effektiv måte. Arbeidet omfattar også ansvaret for å etablere og drive kollektivanlegg og sjåførfasilitetar i samsvare med det som er bestemt i fylkeskommunen sine anbodsavtaler med operatørar. Dette er noko som vil krevje auka ressursar framover bl.a. ved at eigedommane på Bybanen sitt depot vert overført til Eigedomsavdelinga tidleg i 2016. Totalt areal for desse bygningane er om lag 25 000 m².

Prosjektstyring

Eigedomsavdelinga si samla aktivitet innan nybygg og ombyggingar har auka vesentleg dei seinaste åra og det er venta at aktiviteten også dei næraste åra blir vesentleg. Dette krev at avdelinga tilpassar organiseringa for desse oppgåvene og utviklar eit nytt og betra prosjektstyringssystem. Det vil i denne samanhengen vere fokus på fleire område, mellom anna organisering, ansvar/mynde, risikostyring, økonomistyring samt overtaking frå leverandør og sikring av FDV-dokumentasjon (forvaltning, drift og vedlikehald).

Mål og tiltak 2016

Mål	Målsetjing
Helseverngodkjenning for fleire av skulane.	3 nye skular i 2016
Miljøklassifisering for nybygg valt	Systemet er tatt i bruk for Åsane VGS
Revidert prosjektstyringssystem	Revidert prosjektstyringssystem inkludert risikostyring og økonomistyring er tatt i bruk i alle prosjekter som fortsetter inn i 2017

Nærmare om aktivitetsområda

Sentral eigedomsforvaltning

Denne funksjonen omfattar eigedomsavdelinga sentralt og bygningsmassen knytt til fylkesadministrasjonen. Det er budsjettert med 34,5 årsverk i 2016. Det er noko høgare enn dei siste åra. Årsaka til dette er dels knytt til budsjetteringsmessige forhold og behov for sterkare styring og oppfølging av nybygg og større ombyggingsprosjekt. Forventninga er at dette gjev bygg som er betre tilpassa brukarane sine behov

og betre tekniske løysingar. Deler av lønnskostnadane vert belasta investeringsprosjekt/fylkeskommunale aksjeselskap. For 2016 er 5 mill. kr budsjettert på denne måten.

Skulelokale og kultur

Posten omfattar driftsleiar-teneste ved vidaregåande skular, tannklinikkar og dei to kulturbygga Kabuso i Øystese og Bevaringstenesta i Salhus, samt ekstraordinært vedlikehald og midlar til kartlegging av bygningsmassen. Til driftsleiar-tenesta er det budsjettert med netto kostnadar på om lag

55 mill. kr i 2016, vel 6 mill. kr mindre enn i 2015. Det er lagt opp til reduksjon både i stillingar, og driftsmidlar på dei ein-skilde skulane. Deler av reduksjonen er knytt til større vedlikehaldsprosjektet som no i større grad vert belasta posten for ekstraordinært vedlikehald. Posten for ekstraordinært vedlikehald er auka med 4 mill. kr til 20 mill. kr i budsjettet for 2016. Løyvinga for kartlegging av bygningsmassen er halvert til 0,5 mill. kr.

Administrasjonslokale

Netto vert det foreslått løyvd 20,835 mill. kr til formålet i 2016. Dette er om lag som i 2015, men sidan husleige-kostnadane vil stige noko meir enn konsumprisindeksen frå 2015 til 2016 er det reelt sett ein nedgang. Ein får dermed ei innstraming og mindre handlingsrom i 2016 enn i 2015.

Fylkeskommunen har gått føre med å leggje til rette for elbil-parkering for tilsette. I fylkeshuset er om lag ein tredel av parkeringsplassane dei siste åra omgjort til elbil-parkering. Fylkesrådmannen vil med verknad frå 1. januar 2016 innføre månadsleige for parkering med elbil, men vil nytte ein lågare sats enn for vanlege bilar. Samstundes vil ein innføre tilsvarende ordning for ladbare hybridbilar.

Parkeringsanlegget for bilar i fylkeshuset vert redusert noko i desember 2015 for å gje plass til fleire sykklar og til betre garderobar for syklistane.

Kollektivanlegg, terminalar m.m.

Posten omfattar bussterminalar, Bystasjonen i Bergen, parkeringshus på Nesttun og bussanlegg på Haukås og Bømlo m.m.. For 2016 er det lagt til grunn auka aktivitet knytt til nytt parkeringsanlegg for innfartsparkering ved Birkelandskrysset. Vidare vert Bybanen sitt nye depot på Kokstad med verkstadbygg, administrasjonsbygg og vognhall teke i bruk. Eigeomsavdelinga vil stå for drifta av sjølve bygningane. Ein legg og til grunn at det vil skje noko aktivitet ved det nye anlegget på Bømlo. Det er lagt inn noko driftsmidlar knytt til parkeringsanlegget ved Birkelandskrysset for 2016, men her vil behova auke utover i planperioden.

Anna verksemd

Posten omfattar fylkeskommunen si byggforsikring, utleige av fast eigedom og velferdsbygg.

Forsikring

Posten omfattar forsikring av fylkeskommunale eigedomar, innbu, leigelokale og fylkeskommunen sin interne forsikringsordning knytt til bygg/eigedomsrelaterte skader mellom 10 000,- kroner og 250 000,- kroner. For 2016 er det samla budsjettert 5,25 mill. kr til formålet. Dette er marginalt høgare enn i budsjettet for 2015.

Utleige av fast eigedom

Budsjettposten omfattar utleige som ikkje er konkret knytt opp mot skular, kollektivanlegg eller øyremerka formål. Posten omfattar dermed mellom anna utleige av skuletomt i Åsane, Ibsensgt. 118, deler av parkeringsinntektene ved Bergen Maritime vgs, inntekter knytt til deponi av masser/uttak av stein på Stend og utleige knytt til fylkeskommunal eigedom i Meland og Bergen kommunar. For 2016 er det lagt til grunn at leigeinntekter frå Valen Vaskeri fell vekk som følge av sal av eigdommen.

Velferdsbygg

Fylkeskommunen eig to eldre bustadar på Fløksand (Meland) og Gjerskvål (Voss) som tilsette, etter søknad, kan disponera. Ein rår til at eigenbetalinga vert justert noko opp frå og med 1.1.2016. Det vert budsjettert med brutto utgifter på kr 180 000 og inntekter på kr 40 000.

Meistring gjennom danning og utdanning

Hovudmålet for den vidaregåande opplæringa i Hordaland er auka læringsutbytte og fullføring, slik at elevar og lærlingar kan meistre liva sine og delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. I 2016 vil vi prioritere tettare oppfølging og styrka samarbeid med kommunane i overgangen frå grunnskulen, samt ha særskild merksemd på dei som nesten har fullført vidaregåande skulegang. Gjennom å leggje til rette for ein framtidretta skulestruktur vil opplæringssektoren arbeide for å sikre eit godt fagtilbod til alle elevar og gje viktige føringar for framtidige investeringar.

Opplæringssektoren i Hordaland fylkeskommune gir vidaregåande opplæring til alle. Målet er å førebu til yrkesliv og høgare utdanning. Vi gir òg opplæring til alle med særskilte behov.

Gjennom vidaregåande skular, fagskular, lærlingordning og vaksenopplæring gir vi Hordaland viktig kompetanse. Avdelinga har som overordna mål å bidra til å setje regional

kompetanseutvikling på dagsorden og ruste innbyggjarane i Hordaland til å møte framtidige kompetansebehov. Utdanningstilboda skal vera kjenneteikna av heilskap, kvalitet og tenleg organisering og svara på behova i arbeids- og næringsliv. Vidare skal vi bidra til at elevane og lærlingane utviklar kunnskap, dugleik og haldningar som gjer at dei kan meistre liva sine og delta i arbeid og fellesskap i samfunnet.



Opplæringssektoren i tal

Hordaland fylkeskommune gjev tilbod om vidaregåande opplæring i skule til om lag 18 000 ungdomar og 1 300 vaksne. I tillegg får i underkant av 3 000 ungdomar vidaregåande opplæring ved ein privat skule.

Undervisninga foregår ved 44 vidaregåande skular som er lokalisert omkring i heile fylket. Hausten 2016 vert fem skular på Voss slått saman til to. «Nye»Voss vidaregåande skule tek i bruk nye lokale på Skulestadmo. Samstundes vert drifta ved «nye» Voss gymnas samorganisert. Det er planlagt at gymnaset skal ta i bruk nye lokale hausten 2017.



Hordalandskart med dei vidaregåande skulane markert.

Ved utgangen av 2015 er det åtte vaksenopplæringscenter i fylket. Det er vedteke ny senterstruktur for vaksenopplæringa frå 01.01.2016. Innføringa vert gjennomført fortløpande så raskt som dei formelle og praktiske tilhøva ligg til rette for dette. Når ny senterstruktur er innført vil det vere fem vaksenopplæringscenter i fylket.

Om lag 1 200 studentar får tilbod om fagskuleutdanning ved ein av fylket sine tre fagskular.

Det er Hordaland fylkeskommune som driv Manger folkehøgskule. Skulen har plass til om lag 60 elevar.

Det er om lag 4 400 lærlingar i Hordaland. Lærlingane har sitt daglege verke i ein av dei om lag 2 000 godkjente lærebedriftene i Hordaland.

Opplæringssektoren har om lag 3 700 tilsette. Største delen av dei tilsette er pedagogar som har sitt daglege virke ved ein av dei vidaregåande skulane i fylket.

Opplæringssektoren i tal hausten 2015

Vidaregåande skular hausten	44
Ungdomar i fylkeskommunal vidaregåande skule	18 000
Fagskular	3
Studentar i fagskule	1 200
Vaksenopplæringscenter	8
Folkehøgskular	1
Vaksne i vidaregåande opplæring	1 300
Produksjonsskular	1
Godkjente lærebedrifter	2 000
Lærlingar	4 400
Tilsette i opplæringssektoren	3 700
Ungdomar i private vidaregåande skular	2 900

Mål og tiltak

Overordna mål	Tiltak 2016	Målepunkt	Mål			
			2016	2017	2018	2019
Opplæringsavdelinga skal saman med skulane arbeide for auka fullføring med bestått	Innsats mot elevar med få 1 eller IV * Sjå mål og tiltaksplan	Eksamensresultat og fag- eller sveinebrev	72 %	73 %	74 %	75 %
Opplæringsavdelinga skal saman med skulane arbeide for betre læringsutbytte i alle utdanningsprogram	VBV-arbeidet og pedagogisk plattform	Karakterstatistikk og kor mange som fullfører Læringsutvikling i PULS	+	+	+	+
Opplæringsavdelinga skal saman med skulane arbeide for at 50 % av ungdomen i Hordaland vel yrkesfag	Rådgjeving til ungdomsskulen. Informasjon om kva yrkesfag er. Betre status til yrkesfag. Innsats mot jenter.	Søknader til vidaregåande opplæring	47 %	48 %	49 %	50 %

Opplæringsavdelinga skal saman med skulane arbeide for at 40 % av alle som tek til på yrkesfag i vg1, fullfører med fag- eller sveinebrev	Rådgjeving Kvalitet i prosjekt til fordjuping (PTF) Dimensjonering av tilboda Oppfølging i overgangane	Fag- eller sveinebrev	35 %	37 %	39 %	40 %
Opplæringsavdelinga skal saman med skulane arbeide for at fleire elevar følgjer ordinær progresjon	Rådgjeving og oppfølging Læringsmiljø Sjå «Blikk for alle»	Omfang av omval, stryk og IV	77 %	78 %	79 %	80 %

Tabellen over viser Opplæringssektoren sine resultatmål for perioden 2016–2019.

I Hordaland fylke er det i gjennomsnitt mellom 750 og 850 elevar som sluttar i vidaregåande opplæring i løpet av skuleåret. I styringsdokumentet for det pedagogiske utviklingsarbeidet i Hordaland er hovudmålet «Auka læringsutbytte og fullføring».

I 2010 starta Kunnskapsdepartementet det nasjonale prosjektet Ny GIV med delprosjekt Ny GIV overgang og Ny GIV oppfølging. Målsettinga i Ny GIV oppfølging er å følgje opp, kvalifisere og motivere ungdommar som har falle ut av vidaregåande opplæring, til å vende tilbake og fullføre ordinær opplæring eller gå ut i arbeid. Denne målsettinga er følgt opp i Stortingsmelding 20 (2012–2013) På rett vei. Frå skuleåret 2014/15 er prosjektsatsinga Ny Giv lagt ned. Samstundes er det etablert eit kvalitetsnettverk som skal følgjer opp tiltak for gjennomføring.

Hordaland fylkeskommune vil i åra som kjem også rette innsatsen mot dei som nesten har fullført dvs. elevar med få einarar eller ikkje vurdert. Det vil ein gjere ved å setje i gang tiltak mot desse gruppene undervegs i skulegangen og også etter endt utdanning gjennom eksamenskontoret

Den fylkeskommunale budsjettposten til tiltak retta mot auka gjennomføring og redusert fråfall er på 4 mill kr også i 2016.

Fylkesrådmannen har sett inn store ressursar dei siste åra for å bidra til at fleire står. Tiltaka er finansiert gjennom overføringar frå Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet i tillegg til midlar over fylkesbudsjettet. Program for betre gjennomføring og FYR-satsinga er den mest markante oppfølginga av Ny GIV, og dei viktigaste innsatsområda og dei som har fått dei største tilskota dei siste åra, blir vidareførde i 2016:

- Tydeleggjering av skulane sitt ansvar for å identifisere, kartleggje og følgje opp elevar som kan vere i faresona for å slutte.
- Samarbeid med kommunane om dei kommunevise gjennomføringstala.
- Systematisk bruk av innkjøpt programvare for å få gode data som gjer det mogleg for skulane å følgje elevane tettare opp.
- Kurs for lærarar i grunnleggjande ferdigheiter.
- Skulering av lærarar frå yrkesfaglege programområde for å gjere fellesfaga meir yrkesretta.
- Ekstra tiltak for å styrke opplæringa i overgangen Vg2 - Vg3/lære.
- Tilbod om studieverkstad til elevar som treng ekstra tilpassa opplæring
- Eige fylkeskommunalt opplæringskontor for å styrke samarbeidet skule-arbeidsliv for dei som treng ekstra støtte for å skaffe seg læreplass.
- Avklaringsamtalar med elevar som er på veg til å slutte for å gje dei eit tilbod, og få dei tilbake til skulen.
- Styrking av tilbodet til OT-ungdommar gjennom utvida kapasitet på Hyssingen produksjonsskule

Arbeidet med kvalitet og gjennomføring i fag- og yrkesopplæringa held fram og vert forsterka i 2016. Prosjekt til fordjuping er ein nøkkel til formidling ut i lære, og vi arbeider vidare for å betre kvaliteten. Skulane har fått eit utvida ansvar for formidling, og i 2016 ynskjer vi å gjere denne rolla tydelegare. Endringane i arbeidsmarknaden gjer det ikkje lettare å framskrive behovet for lærefag og rett dimensjonering, men dette blir ei viktig målsetjing å ta med seg inn i arbeidet med regional kompetanseplan. Avdelinga har planar om å starte pilotering av eit tettare samarbeid mellom nokre vidaregåande skular og eit utval bedrifter både om undervisning og lære i samarbeid med eit forskingsmiljø.

Nokre milepålar i 2016

Hyssingen produksjonsskole

Hordaland fylkeskommune opna i januar 2015 den første produksjonsskolen i landet. Førstebels er dette tiltaket eit prøveprosjekt der vi gjev eit tilbod til ungdom som enten har falle ut av vidaregåande opplæring eller kan vere i ferd med å falle ut. Hyssingen satsar på å styrke dei positive evnene

som finst i den enkelte ungdom, slik at dei skal vere betre skodde til å greie seg enten i vidaregåande opplæring eller ute i arbeid. I 2016 er det planlagt at Hyssingen skal vere oppe i full drift med rundt 45 ungdommar i produktiv aktivitet. Det ligg føre planar om å starte kafé i lokala på Møllendal.

Nytt senter for vaksenopplæring

Hausten 2016 er det planlagt opning av det første vaksenopplæringsssenteret i Hordaland i samsvar med politiske vedtak i 2015. Då skal bygningen frå 1904 i Kalfaveien 2 (gamle Bergen Handelsgymnasium) stå fram i ny drakt, rehabilitert og tilpassa nye oppgåver. Bergen Katedralskole får det første VO-senteret i Hordaland. I tur og orden vil fylkeskommunen organisere VO-aktiviteten til slike nye senter i takt med nybygg som blir tekne i bruk og økonomiske føresetnader.

Karrieresenter Sunnhordland – ein pilot for framtidig organisering av karriererettleiing

Oppstarten av dette prøveprosjektet er alt tilbaketrukket. I 2016 fullfører vi prosjektet og skaper grunnlag for å vurdere framtidig organisering av karriererettleiinga i fylket. Driftserfaringane så langt er lovande. Senteret er lagt til Stord vidaregåande skule. Prosjektet har fått velvillig finansiering frå Kunnskapsdepartementet gjennom VOX for heile prosjektperioden.

Moderne skular på Voss

Hausten 2016 vil første etappe av skuleutbygginga på Voss vere klar. Då opnar nye Voss vidaregåande skule i eit staseleg og moderne skuleanlegg på Skulstadmoen (tidlegare Voss jordbruksskule). Dette er ein milepåle i omstøypinga av skulemiljøet på Voss. Neste etappe er ombygging og nybygg på Voss gymnas på Skulehaugen. Når utbygginga er ferdig er fem vidaregåande skular samla i to nye, flotte skuleanlegg.

Klima- og miljøtiltak

Alle dei vidaregåande skulane i Hordaland tek miljøansvar, enten dei er i kategorien Miljøfyrtårn eller Grønt Flagg. Av dei vidaregåande skulane i Hordaland har 29 Miljøfyrtårnsertifikat, og det vil seie at skulen er ein av om lag 5 000 andre verksemder i Noreg som oppfyller 62 krav som omfattar internkontroll HMS, arbeidsmiljø, innkjøp og materialbruk, energibruk, transport, avfall, utslepp og estetikk. Mange av skulane er i gang med resertifisering, og då vert det lagt planar for miljøarbeid 3 år fram i tid. 17 vidaregåande skular er, eller held på å bli, sertifisert som Grønt Flaggskule. Det vil seie at skulen er ein av rundt 45 000 skular i 58 land i Europa, Afrika, Oceania og Amerika som tek miljøansvar både på skulen og i nærmiljøet.

Budsjettramma

Budsjettramma for Opplæringssektoren 2016 kan oppstilt last slik:

1000 kr

Brutto driftsutgifter	2 939 905
Driftsinntekter	202 390
Netto driftsutgifter	2 737 515

Ei framskriving av budsjettramma for 2015 til 2016 – såkalla nullvekstramme – er på kr 2 765 015. 2016-budsjettet er dermed 27,5 mill.kr lågare enn ei rein vidareføring av nivået i 2015 skulle tilseia. I statsbudsjettet for 2016 er det lagt inn ei auke til lærlingtilskott på 7,5 mill. kr. Korrigert for dette er den reelle reduksjonen på 35 mill. kr.

Den viktigaste faktoren med omsyn til budsjettramma er utviklinga i elevtalet. Hausten 2015 gjekk talet elevar ned med 195 samanlikna med hausten 2014. Det er dei studieførbuande utdanningsprogramma og spesielt studiespesialiseringa

rande utdanningsprogram som har hatt nedgang i elevtalet. Dreiinga frå studiespesialiseringa utdanningsprogram til yrkesfaglege utdanningsprogram er i tråd med den nasjonale trenden.

Innan dei yrkesfaglege utdanningsprogramma er det eit tydeleg skifte med kraftig reduksjon i talet på elevar på teknikk og industriell produksjon og ei auke innan byggfaga. Dreiinga frå teknikk og industriell produksjon til byggfag er positiv med tanke på kor det pt. er tilgjengelege lære plassar.

I 2015 vart budsjettramma for opplæring redusert om lag 36,5 mill. kr etter behandlinga i fylkestinget. Dette vart i hovudsak gjort på grunn av nedgang i elevtalet. Det var venta ytterlegare nedgang i elevtalet hausten 2015. Elevtalsutviklinga syner no at prognosane frå hausten 2014 stemde godt og det er nedgang i elevtalet.

Prognosen for hausten 2016 syner at det er venta auke i elevtalet i Hordaland på om lag 270. Det er difor grunn til å tru at elevtalet ved fylkeskommunen sine vidaregåande skular vert om lag det same som det var hausten 2014. Nedgangen i elevtalet hausten 2015 vert altså tilbakestillt allereie hausten 2016.

Økonomiske rammevilkår

Prognoser pr. september syner at den økonomiske situasjonen ved dei vidaregåande skulane er om lag som på same tid i fjor. Ved årsavslutninga i 2014 hadde om lag 75% av skulane driftsunderskot. Mange av skulane styrer året mot underskot for å bruke av fondsmidlar. Etter overføring frå fond var nesten 75% av skulane i balanse. Mange skular har framleis monalege frie fond til disposisjon utover dei tildelte årsbudsjetta. Samla disponerer skulane fondsmidlar på over 56 mill. kr. I tillegg har nokre skular andre fondsmidlar som er bundne og øyremerka spesifikke føremål. Nye reglar for avsetjing til fond vart iverksett ved årsoppgjeret for 2014. Skulane kan med desse reglane maksimalt ha fondsmidlar som tilsvarande 5% av driftsbudsjettet. Inndregne fondsmidlar vert sett av til fellesfond og disponert av opplærings og helseutvalet til tiltak innan sektoren.

Sjølv om fylkesrådmannen vurderer situasjonen totalt sett som god, er det nokre skular som har underskot. Det er stor skilnad i måten skular driv på, og kor ressurskrevjande dei ulike skulane er.

Utviklinga i økonomi og struktur

Hordaland ligg høgt på Kostra-statistikken i høve til bruk av midlar på opplæring. Hordaland fylkeskommune har ein skulestruktur som er kjenneteikna ved mange einingar, der gjennomsnittsskulen har relativt få elevar. Dette kan tyde på at HFK nyttar ein relativt større del av dei økonomiske midlane på struktur framfor innhald og fagleg breidde i skulen.

Forutan den vedtekne skulebruksplanen skjer det endringar i skulestruktur som følgje av den pågåande endringa i ungdomskull og elevtal i fylket. I tillegg endrar strukturen seg med endringar i søkinga til elevane. Denne utviklinga skjer kontinuerleg og endrar struktur og tilbodsomfanget i Hordaland. Det er til dømes naturleg at dette vil føre til at ein del tilbod får så få elevar at desse tilboda ikkje vert starta opp. Desse strukturendringane skjer gradvis og gjev ein meir effektiv og økonomisk struktur.

Skulebruksplanen

Skulebruksplanen vart vedteken av fylkestinget i desember 2012 og mars 2013. Planen legg føringar for den vidare utviklinga og utbygginga av den vidaregåande skulen i Hordaland. Fylkesrådmannen har følgd opp planen i budsjettgrunnlaget for 2016. Dette gjeld både for driftsbudsjettet, og ikkje minst investeringsbudsjettet.

I økonomiplanperioden vil skulestrukturen på Voss verta endra i samsvar med planen og utbygging i Åsane vil gje standardheving også der. Det vert og gjort oppgraderingar på Bergen katedralskole. Nybygg og oppgraderingsprosjekta er omtala under investeringsbudsjettet.

Fylkesrådmannen vil våren 2016 leggje fram eit framlegg til rullering av skulebruksplanen.

Opplæringssektoren og skulebudsjetta

Sektorramma

I budsjettet for 2015 vert det sett i verk fleire tiltak innanfor opplæringssektoren. Det er også tiltak som vart starta i 2014 som får heilårsverknad i 2015. Samla kostnader for slike tiltak er vel 20 mill. kr i 2015.

Budsjettamma for opplæringssektoren er redusert med 35 mill. kr frå 2015 til 2016. Tek ein med denne reduksjonen, vert det samla behovet som må dekkast inn vel 55 mill. kr.

Fylkesrådmannen si vurdering ut frå endringane frå 2015 til 2016 ein kjenner til, er at skulebudsjetta for 2016 vert vidareførte på 2015-nivå.

Tabellen under syner endringane innanfor budsjettet:

Tal i heile tusen kr

Rammereduksjon	35 000
Gjesteelevar, ekstern spes.und., fagprøvar, internasj., fellesutg.lærilgtilskott, særskilt und.	20 500
Sum inndekkingsbehov opplæring	55 500

Dekka inn slik:

Auka eigenbetaling privatistar og teoriopplæring lærlingar	-6 700
Strukturendringar skulebr.planen	-10 200
Læremiddel, miljøtiltak, ikt- området, ekst, anlegg, husleige, lågare pensjonskostnad, stillingar oppl.avd. og bruk av rammeavtaler	-38 600
Sum dekkast inn:	-55 500

* Dei ulike momenta i tabellen er nærare omtala til slutt i kapittelet.

Redusert elevtal og strukturendringar

Elevtalet og strukturendringar er den faktor som i størst grad påverkar budsjettamma til sektoren. I tillegg påverkar det rammeoverføringane til fylkeskommunen.

Tabellen nedanfor viser endringane i elevtal ved vidaregåande skular i Hordaland for 3 aktuelle skuleår. Endringane har verknad for skulebudsjetta for 2015 og 2016, og samanlikninga av desse.

	2014/ 2015	2015/ 2016	2016/ 2017
Endring elevtal vgs	-267	-185	+200*

*Endring elevtal 2016/ 2017 er stipulert i samsvar med prognose frå SSB.

Hausten 2015 gjekk elevtalet ned med 185 elevar. Nedgangen kom på studiespesialiserte utdanningsprogram. I tillegg er det justeringar mellom yrkesfaga. I samsvar med budsjettmodellen er den budsjettmessige konsekvensen eit

mindrebehov på om lag 10 mill. kr.

Hausten 2016 er det venta auke i elevtalet på 272. Erfarings- tal syner at om lag 2/3 av endringa i totalt elevtal skjer på dei fylkeskommunale vidaregåande skulane. Stipulert effekt av endringa i elevtal hausten 2016 vert ein vekst på om lag 200 elevar. Det betyr at effekten av reduksjonen i elevtalet hausten 2015 vert korrigert tilbake.

Samla er verknaden av endringar i elevtal rekna til å gå i balanse.

Disponible skulefond og budsjett 2015

Ved utgangen av 2014 hadde dei vidaregåande skulane disponible fond på til saman vel 58 mill. kr. Det er ein reduksjon i høve utgangen av 2013 på om lag 42 mill. kr.

Fonda er meint å bidra til ekstraordinære innkjøp eller investeringar som skulen ikkje klarer å finne plass til i årsbudsjettet. Fylkesutvalet vedtok nye retningslinjer for skulefonda frå og med årsoppgjeret for 2014. Målsetjinga er at skulane meir aktivt skal gjera bruk av midlane dei klarar å legge seg opp. Nøkkelen til å få til nedbygging av fonda, er at skulane klarar å planlegge drifta gjennom budsjettering. Samstundes er det viktig med økonomisk styring gjennom budsjettåret. Då kan skulane gjere bruk av fonda, slik at fonda totalt sett vert reduserte.

Reduksjonen i fonda mellom 2013 og 2014 syner at skulane har sett i verk tiltak for å tilpasse seg det nye regelverket for disposisjonsfonda. Det økonomiske resultatet pr. september 2015 tyder på vidare reduksjon i fondsmidlane.

Forutan den vedtekte skulebruksplanen skjer det endringar i skulestruktur som følgje av den pågåande endringa i elevtalet i fylket. Denne utviklinga skjer kontinuerleg og endrar struktur og tilbudsomfanget i Hordaland. Det er til dømes naturleg at dette vil føra til at ein del tilbod får så få elevar at det ikkje er tilrådeleg å starta desse opp.

Dimensjonering av skuletilbodet i Hordaland

Ved dimensjoneringa av skuletilbodet i Hordaland er det fleire faktorar som det må takast omsyn til.

Utviklinga i elevtalet korrigert for reisemønster, elevtal i private skular, talet på elevar som gjer omval og talet på lærlingar bestemmer dimensjoneringa på skuletilbodet i Hordaland.

I følgje tal fra GSI (Grunnskulen sitt informasjonssystem) er talet på 16-åringar i Hordaland denne hausten om lag 6 300. Det er om lag same nivå som hausten 2013 og 2014. For dei tre årskulla samla er nedgangen om lag 200.

Dei fleste skulane rekrutterer elevar frå fleire kommunar både i og utanfor Hordaland. Det er difor naudsynt å korrigere venta elevtalsutvikling for reisemønster. Dette er gjort ved å rekne ut kor stor del av 16–18-åringar i kvar kommune i Hordaland som går på skule i kvar enkelt region skuleåret 2014/15, og vidareføre denne trenden utover i prognoseperioden.

Figuren på neste side syner reisemønsterjustert elevprognose for Hordaland fylke for skuleåra 2014/15 til 2020/21.


Av figuren går det fram at det venta elevtalet i perioden 2014/15 – 2020/21 vil variere mellom 19 764 i toppåret 2016/2017 og 19 177 i botnåret 2019/2020. Lenger fram i tid syner prognosen vekst i elevtalet.

Tala er basert på SSB sin befolkningsprognose middels moderat vekst (MMMM).

Reisemønsterjustert elevtalsprognose er spesielt gunstig å nytte når ein skal berekne venta elevprognose i ein region.

Figuren under syner venta reisemønsterjustert elevprognose for dei seks regionane. Med unntak av region Voss Hardanger og region Nord syner prognosen at elevtalet vil halde seg relativt stabilt i perioden fram til 2021/22. For regionane Voss Hardanger og Nord er det venta svak nedgang i elevtalet i perioden.

Elevprognose Hordaland



År	2014/15	2015/16	2016/17	2017/18	2018/19	2019/20	2020/21	2021/22
Region Sentrum	1374	1518	1583	1573	1542	1535	1587	1613
Region Nord	4201	4080	4141	4084	4062	3847	3870	3890
Region Vest	5393	5225	5252	5246	5205	5177	5201	5300
Region Sør	4557	4514	4564	4551	4528	4585	4712	4757
Region Sunnhordaland	2755	2735	2817	2803	2761	2667	2669	2656
Region Voss-Hardanger	1447	1420	1406	1426	1395	1366	1322	1317
Sum Hordaland	19727	19492	19763	19683	19493	19177	19361	19533

Elevtal i private skular

Talet på private skular og talet på elevar i private vidaregåande skular er eit viktig parameter i dimensjoneringa av det offentlege tilbodet i vidaregåande opplæring i Hordaland. Dersom det er lokalisert mange private elevplassar i ein region eller eit regionsenter, avgrensar dette det offentlege tilbodet når det gjeld elevplassar og fagtilbod. Det er i hovudsak i Bergen sentrum at talet på private elevplassar er av nokon storleik. I tillegg er Framnes Kristne Vidaregåande Skule ein stor konkurrent til skulane i Kvam. Det er p.t. om lag 2 800 elevplassar ved private vidaregåande skular i fylket.

Dei aller fleste elevplassane til dei private vidaregåande skulane er på studiespesialiserte utdanningsprogram, og dei fleste av desse ligg i Bergen sentrum. I Bergen sentrum er om lag halvparten av elevplassane ved private skular. Hausten 2015 har Hordaland Privatgymnas søkt om å få opprette 360 elevplassar innan studieførebuande utdan-

ningsprogram. I tillegg har ein privat tilbydar søkt om å få opprette 150 elevplassar innan byggfag.

Omval

I tillegg påverkar graden av omval talet på elevplassar.

Kvart år er det mellom 750 og 850 elevar som gjer omval eller tek vg1 over to år. Det er mange årsaker til at elevar gjer omval. Nokre elevar har eit planlagt omval ved at dei tek vg1 over to år. Andre har falle ut av eit kurs, ikkje bestått eller ønskjer å ta eit anna kurs på same nivå.

Talet på lærlingar/læreplassar

Tilgangen på læreplassar og talet på formidla lærlingar vil også påverke behovet for elevplassar ved dei vidaregåande skulane. Sjølv om det ikkje er ein direkte samanheng mellom elevtal og lærlingtal, vil trongen for skuleplassar verte påverka av kor mange det er som får læreplass eit år.

Hausten 2015 har det vore vanskeleg å skaffe nok læreplassar innan fleire fag. Det har vore naudsynt å opprette Vg3-plassar for å rette på dette mellom anna i ikt-service fag innanfor maritime fag og for industrimekanikarar.

Andel elevar i yrkesfaglege utdanningsprogram

Ein siste faktor som er av betydning for dimensjoneringa er andel elevar i yrkesfaglege utdanningsprogram.

Tabellen under syner utviklinga i andel elevar i yrkesfaglege utdanningsprogram i perioden 2011–2014 i Hordaland samanlikna med landssnittet. Tala syner at Hordaland har større andel elevar i yrkesfag enn landsgjennomsnittet.

År	2011	2012	2013	2014
Hordaland	53,2	53,0	52,7	52,0
Landssnitt utan Oslo	52,6	52,4	51,9	51,1

Tala syner at det dei siste åra har vore ei dreining frå yrkesfag til studieførebuande fag både nasjonalt og i Hordaland. Hausten 2015 snudde denne trenden. Andel elevar i yrkesfaglege utdanningsprogram er høgare hausten 2015 enn den var hausten 2014. Dette er ei nasjonaltrend.

Tiltak og inndecking

Under er tiltak, og økonomisk verknad av desse, gjort greie for.

Nye tiltak summerer seg til 20,5 mill. kr. Desse meirbehova og rammereduksjonen på 35 mill. kr.

vert balansert med momenta under inndecking. Desse tiltaka har eit samla budsjettmessig mindrebehov på 55,5 mill. kr.

Tiltak (20,5 mill. kr)

Gjestelevar

Hordaland fylkeskommune har eit tett samarbeid og eigne gjesteelevavtaler med Rogaland og Sogn og fjordane. På grunn av utvida samarbeid med Rogaland som gjev fleire elevar rett til å ta utdanning ved skular i Haugesundsområdet er det trong for å auke budsjettet på denne posten med 1,4 mill. kr.

Ekstern spesialundervisning

Rekneskapsprognosen pr. september syner at det er brukt meir midlar til ekstern spesialundervisning i 2015 enn på same tidspunkt i 2014. Det venta at denne auken vil halde fram i 2016 og budsjettet er derfor auka med 3,4 mill. kr.

Fagprøvar

Dei siste åra har talet på læreplassar auka. Dette fører til at fleire skal ta fagprøve. Det er difor trong for å auke denne budsjettposten med 1,8 mill. kr i 2016.

Lærlingtilskot

Det er venta at talet på lærlingar aukar i høve budsjettert tal på lærlingar i 2015. Det er lagt inn ei vekst på 50 lærlingar. Total kostnad auke er 7,5 mill. kr i 2016.

Internasjonalisering

Det er inngått eit samarbeid mellom Hordaland fylke og ei IB-skule i Brussel. Skulepengane må førebels dekkast av fylkeskommune. Det er budsjettert med 0,4 mill. kr til dette for våren 2016. Frå hausten 2016 må tilbodet verte finansiert gjennom lånekassen elles må samarbeidet avsluttast.

Fellesutgifter

Posten til fellesutgifter for dei vidaregåande skulane er auka med 3 mill. kr. Auken skuldast auka utgifter til innføring av nytt skuleadministrativt system Visma flyt.

Vaksenopplæring

Grunna stor etterspurnad og auka aktivitet er budsjettet for 2016 er auka med 3 mill. kr. I tillegg er det gjort budsjettmessige justeringar mellom det ordinære skulebudsjettet og vaksenopplæringa. Slik at kostnaden til vaksenopplæring no kjem tydelegare fram

Inndekking (55,5 mill. kr)

Auka eigebetaling privatistar og teoriopplæring læringar

I statsbudsjettet for 2015 vart eigenbetalinga for privatistar sett opp til kr 1 000 for første gangs eksamen og kr 2 000 for seinare forsøk. Auken i eksamensgebyr vart gjort for å redusere talet på kandidatar som tek opp att eksamen. Vidare var det eit mål å auke graden av fram møte på eksamen. Dessutan var det eit ønske at eksamensavgifta i større grad skulle dekkje fylkeskommunane sine utgifter til eksamensavviklinga. Tal for eksamensoppmeldinga i 2015 syner at prisauken har hatt ønska effekt. Auken i eigenbetalinga er rekna til 3,7 mill. kr.

Læringar som går ut i lære før dei har fullført Vg2 i skule må ofte ta teori ved ein vidaregåande skule parallelt med læreløpet. Bedriftene får trekk i tilskotet for det timetalet lærlingen er på skule. Trekk satsen har ikkje vorte justert i takt med auken i lærelingtilskotet. Våre nabofylke har auka sin sats jamt. Fylkesrådmannen foreslår difor å auke satsen til same nivå som i Rogaland. Det vil gje ei meirinntekt på om lag 3 mill. kr i 2016. Samla effekt av desse to momenta vert då 6,7 mill. kr.

Strukturelle tiltak

Hausten 2016 opnar nye Voss vidaregåande skule. Ei større skuleeining vil gje grunnlag for å redusere overføringane skulane har hatt til drift av små skular.

Vidare er det planlagt administrativ samanslåing av dei to skulane i Kvam. Det same gjeld for dei to skulane i Arna.

Fylkesrådmannen meiner det er potensiale for å hente ut 10,2 mill. kr som følge av slike strukturelle grep. Fylkesrådmannen vil kome attende med andre nødvendige strukturelle tiltak knytt til plassering av programfag og rulling av skulebruksplanen.

Læremiddel

Fylkesrådmannen foreslår å redusere tilskotet skulane får til innkjøp av tradisjonelle læremiddel og å redusere fellespoten til slike læremiddel. Total effekt av tiltaket er 9 mill. kr. Dette er ei naturleg utvikling som følge av overgang til andre undervisningsformer.

Miljøtiltak

Skulane har over ein periode fått redusert sine utgifter gjennom ymse energiøkonomiserings tiltak. Vidare har arbeidet med Miljøfyrtårnsertifisering gitt redusert driftsbehov.

Skular som ønskjer det har fått høve til å byte ein bil på fossilt drivstoff med elbil.

Effekten av desse er rekna til 8 mill. kr.

Reduserte driftsutgifter vgs

Bygget der Bjørgvin vidaregåande skole har halde til er planlagt selt våren 2016. Det vil gje ei innsparing i driftsutgiftene på om lag 3,2 mill. kr. Vidare er Bergen tekniske fagskule flytta i nytt bygg. Det vil ikkje lenger vere trong for å gje husleigetilskot til skulen. Det gjev ei innsparing på om lag 2 mill. kr.

Ikt-området

I løpet av 2016 vert det sett i gang eit prosjekt som skal sjå på organisering, oppgaver og struktur på ikt-arbeidet på skulane.

Det er rom for å spare noko på elevpc-ordninga ved at det berre er elevvar som kjøper standard modellen som får tilskott.

Fylkesrådmannen ventar at desse tiltaka vil gje ei innsparing på 2,8 mill. kr

Eksterne anlegg

Kommunar som byggjer idrettsanlegg har fått tilskot til bygget dersom fylkeskommunen skal nytte bygget til gym- eller idrettsfag. Fylkesrådmannen er ikkje kjend med at det skal tildelast slikt tilskot i 2016 og 1,5 mill. kr er omdisponert.

Færre stillingar og lågare driftskostnader

Ved avgang i stillingar ved opplæringsavdelinga vert nyttilsetting vurdert. I tillegg er det venta reduksjon i driftskostnadane ved avdelinga.

Dette blant anna ved større bruk av HFK sine rammeavtaler, og reduksjon i spesifikke kostnader; blant anna telefon, møter og reiser.

Fylkesrådmannen legg til grunn at dette vil gje ein innsparing på 2,1 mill. kr..

Lågare pensjonsutgifter

Nye utrekningar syner at pensjonsutgiftene vert lågare enn det ein la til grunn ved tildeling av budsjetttramma. Det er venta at det vil gje ei innsparing på 8 mill. kr.

Bruk av rammeavtaler

Det er dei seinare åra forhandla fram rammeavtaler på mange område. Fylkesrådmannen meiner at effektiv bruk av rammeavtaler vil gje ei innsparing på 2 mill. kr for dei vidaregåande skulane i 2016.

Vidaregåande skular

Budsjettmodell

Skulane får tildelt skulebudsjett etter ein modell som er ei blanding mellom stykkprisfinansiering pr. elev og ulike direktetilskot. Opplæringsavdelinga freistar i størst mogleg grad å gje dei einskilde skulane totalbudsjett som set skulane i stand til å gje det opplæringstilbodet som er politisk vedteke.

Det vil då seie at skular med få elevar og få elevar på utdanningsprogramma i praksis får langt meir budsjettmidlar pr. elev enn skular med høgare elevtal. Gjennomsnittleg vart kvar elev i vidaregåande opplæring gjeve ei tildeling på om lag kr 120 000.

Små skular med tynt elevgrunnlag og breitt utdanningstilbod får langt meir per elev, medan skular i sentrale strom får langt mindre pr. elev. Spennet i finansiering er stort; frå skular som får om lag 85 000 budsjettkroner pr. elev til skular som får ein god del meir enn dette pr. elev. Kostnad pr. elev på skulane har sjølv sagt også samanheng med kva

type utdanningstilbod som er på skulane og driftsutgiftene til skulebygget.

Den einskilde skulen sitt budsjett vert ikkje detaljbudsjettet av Opplæringsavdelinga. Innanfor den totale budsjetttramma har skulane styringsrett og høve til å prioritere slik dei ønskjer. Budsjettmodellen er såleis berre ein fordelingsnøkkel for å rekne seg fram til budsjetttrammene til skulane. Budsjettmodellen eller fordelingsnøgkelen vart innført for nokre år sidan, og satsane i fordelingsnøgkelen baserte seg då på rekneskapstal. Det vil seie at finansieringa av dei ulike utdanningsprogramma er basert på kva kostnader som tidlegare er rekneskapsført på utdanningsprogramma. Modellen skal vera mest mogleg realistisk. Samstundes er budsjettmodellen ein levande modell som endrar seg kontinuerleg. Dersom satsane er for høge eller låge, eller kostnadene på eit utdanningsprogram endrar seg særst mykje, vert satsane justerte i den årlege budsjettprosessen.

Vidaregåande skular-ordinær undervisning

Skule	Budsjett	Elevar	Budsjett pr elev	Andel av elevtal
611 Os gymnas	20 363	236	87	1,4 %
612 Fana gymnas	26 062	312	84	1,9 %
614 Voss gymnas	35 513	351	102	2,1 %
615 Øystese gymnas	19 119	182	106	1,1 %
617 Tertnes vidaregåande skole	36 245	421	87	2,5 %
619 U. Pihl vidaregåande skole	29 644	313	95	1,9 %
620 Langhaugen vidaregåande skole	56 435	607	93	3,7 %
621 Bergen Katedralskole	52 779	600	88	3,6 %
623 Bømlo vidaregåande skule	31 701	273	117	1,6 %
625 Osterøy vidaregåande skule	26 882	183	147	1,1 %
626 Sandsli vidaregåande skole	49 179	521	95	3,1 %
628 Odda vidaregåande skule	41 398	333	125	2,0 %
630 Kvinnherad vidaregåande skule	49 158	402	123	2,4 %
631 Rubbestadnes vidaregåande skule	21 257	158	135	1,0 %
632 Voss vidaregåande skule	38 241	250	153	1,5 %
633 Slåtthaug vidaregåande skole	55 323	466	119	2,8 %
634 Knarvik vidaregåande skule	115 460	997	116	6,0 %
635 Norheimsund vidaregåande skule	16 710	114	147	0,7 %

Skule	Budsjett	Elevar	Budsjett pr elev	Andel av elevtal	
636	Laksevåg videregående skole	84 624	714	119	4,3 %
637	Arna vidaregåande skule	17 701	113	157	0,7 %
638	Åsane vidaregåande skole	57 134	347	165	2,1 %
639	Årstad vidaregåande skole	129 485	895	145	5,4 %
641	Austrheim vidaregåande skule	34 166	260	132	1,6 %
643	Askøy vidaregåande skole	58 662	528	112	3,2 %
644	Fusa vidaregåande skule	37 879	226	168	1,4 %
645	Sotra vidaregåande skule	95 478	807	119	4,9 %
646	Os vidaregåande skule	60 246	461	131	2,8 %
647	Fyllingsdalen vidaregåande skole	48 590	484	101	2,9 %
648	Austevoll vidaregåande skule	22 460	139	162	0,8 %
650	Voss Husflidskule	10 699	62	173	0,4 %
652	Fitjar vidaregåande skule	28 665	248	116	1,5 %
653	Rogne vidaregåande skule	20 037	88	228	0,5 %
655	Bergen maritime vidaregåande skole	36 730	261	141	1,6 %
656	Lønborg vidaregåande skole	13 961	110	127	0,7 %
657	Hjeltnes vidaregåande skule	10 716	17	631	0,1 %
658	Stend vidaregåande skule	86 049	451	191	2,7 %
659	Voss jordbruksskule	28 097	127	222	0,8 %
660	Etne vidaregåande skule	14 035	82	172	0,5 %
661	Olsvikåsen vidaregåande skole	57 250	516	112	3,1 %
663	Nordahl Grieg vidaregåande skole	91 075	855	107	5,2 %
664	Garnes vidaregåande skule	18 648	217	86	1,3 %
665	Stord vidaregåande skule	96 951	809	120	4,9 %
667	Amalie Skram vgs	85 996	1 021	85	6,2 %
	Totalt alle skular	1 970 811	16 557	120	100 %

Elevtalet er redusert med 185 elevar frå skuleåret 2014/15 til 2015/16. Yrkesfaglege utdanningsprogram har gjennomgåande høgare kostnader enn studieførebuande utdanningsprogram. Om skulane driv i eige bygg eller leiger bygg har også noko å seie for kostnadene. I denne tabellen vil det vere gunstig å eige skulebygg.

Kva inngår i vidaregåande skulane sine budsjett

Drift av skulebygg

Budsjettet på denne posten gjeld i byggrelaterte kostnader som husleige, straum m.m. for dei vidaregåande skulane.

I tillegg til ordinære driftskostnader er det ekstra husleigeutgifter som følgje av at det i 2014 vart selt skulebygg på Voss. Desse bygga er leigde attende fram til dei nye skulebygga på Voss er ferdigstilte.

Også gamle Tanks vidaregåande skole er selt og leigd tilbake. Det er Bergen katedralskole som nyttar Tanks-lokala. Tanks vert brukt til vaksenopplæringa ved katedralskolen fram til gamle Bergen handelsgymnas er ferdig rehabilitert.

Når Bergen katedralskole vert renoverd frå 2016 skal Tanksbygget nyttast som avlasting for hovudskulen.

Pedagogisk leing og merkantilt tilsette

Budsjettet på denne posten gjeld i stor grad pedagogisk skuleleing og merkantilt tilsette ved dei vidaregåande skulane.

Utdanningsprogramma ved dei vidaregåande skulane

Tabellen nedanfor syner andel av lønsbudsjett til dei ulike utdanningsprogramma og andel av totalt elevtal.

Summane i tabellen gjeld det som går med til drift av utdanningsprogramma. Nedst i tabellen er utgifter til skuleadministrasjon og skulebygg m.m. tekne med slik at summen syner det totale skulebudsjettet og kan samanliknast med den skulevise oppstillinga lenger framme.

Utdanningsprogram		Budsjett	Andel av totalt	Elevtal	Andel av totalt
ST	Studiespesialisering	520 662	35 %	8 120	49 %
BA	Bygg og anleggsteknikk	66 107	4 %	653	4 %
EL	Elektrofag	102 779	7 %	1 111	7 %
DH	Design og handverk	32 720	2 %	307	2 %
RM	Restaurant og matfag	27 152	2 %	261	2 %
HO	Helse- og oppvekstfag	139 446	9 %	1 494	9 %
ID	Idrettsfag	49 711	3 %	667	4 %
TP	Teknikk og industriell produksjon	149 578	10 %	1 524	9 %
MD	Musikk, dans og drama	41 174	3 %	367	2 %
MK	Media og kommunikasjon	33 100	2 %	402	2 %
NA	Naturbruk	51 117	3 %	349	2 %
SS	Service- og samferdsel	43 275	3 %	516	3 %
TO	Spesialundervisning	233 110	16 %	784	5 %
Totalt		1 489 929	100 %	16 557	100 %

	Driftsutgifter, skulelokaler, pedagogisk leing, merkantil støtte m.m.	480 882			
	Skulebudsjetta totalt	1 970 811			


Landslinjer

Budsjettet gjeld landslinjetilbodet ved Os vidaregåande skule. Det er budsjettert med 5 mill. kr i fylkeskommunalt bidrag til landslinjene.

Spesialundervisning og særskilt tilpassa opplæring

Til spesialundervisning og særskilt tilpassa opplæring ved skulane er det budsjettert med 233 mill. kr i 2016. I tillegg er det sett av 15 mill. kr sentralt til særskilte tiltak. Talet på elevar i smågrupper er 633 hausten 2015–11 færre enn i

Utdanningsprogram



Diagrammet over syner budsjettmessig fordeling mellom utdanningprogramma.

2014. I tillegg kjem elevar som får tilrettelegging i undervisninga elles.

Opplæringslova slår fast at elevar som ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har rett på spesialundervisning med eit innhald og omfang som er likeverdig med det andre elevar får.

Midlane vert nytta til undervisningstimar og elevassistentressurs. Dei siste åra har talet på elevar som søker om inntak på særskilt grunnlag auka. Talet på elevar som går i mindre grupper har også auka dei siste åra. I 2012 var det ein vekst på om lag 200 elevar i særskilte grupper. Hausten 2013 var veksten på om lag 50 elevar. Hausten 2014 syner tala at veksten har flata ut, medan det som nemnt hausten 2015 er 11 færre elevar i smågrupper.

Produksjonsskule

Produksjonsskule	
Hyssingen	10 000

Produksjonsskulen skal vera eit tilbod til ungdom som har trøng for eit alternativt opplæringstilbod for ein kortare periode. Omfanget er i fyrste omgang 45 plassar pr. år. Målsettinga er primært å motivere og kvalifisere ungdommar til å gå tilbake og gjennomføre ordinær vidaregåande opplæring, sekundært å kome ut i jobb. Det er sett av 10 mill. kr til dette tiltaket i 2016.

Innhaldet i produksjonsskulen skal vera tilbod om utprøving av programområde, i første omgang teknikk og industriell produksjon, bygg- og anleggsgfag og restaurant- og matfag.

Elevane skal delta i ein arbeidsfellesskap med produksjon som mål. Dei skal få grunnleggjande samfunnskunnskap, kjennskap til og øving i vanlege rutinar i arbeidslivet, få

styrka sosial kompetanse og få rådgeving med omsyn til val av utdanning og yrke.

Produksjonsskulen vil ikkje ha integrert teoriundervisning, men elevane kan få opplæring i grunnleggjande ferdigheiter i eigen pedagogisk verkstad. Inntaket skal vera løpande gjennom heile året, og deltaking vil vera avgrensa til eitt år. Produksjonsskulen bør lokaliserast uavhengig av ordinære vidaregåande skular.

Fagopplæring

Fagopplæring	
Fagopplæring	295 715

Det er budsjettet med om lag 4 350 lærlingar i 2016 – det er ein auke på 50 i høve 2015.

Til lærlingtilskot er det budsjettet med 261,8 mill. kr. Særskilte tiltak for lærlingar som det er vanskeleg å formidle læreplass til og stimuleringstiltaka som vart sett i verk i statsbudsjettet for 2014 for å få fleire verksemder til å teikne lærekontraktar er inkludert. Det er vidare sett av kr 228 000 til Yrkesopplæringsnemnda og 21,9 mill. kr til fagprøver og 9,1 mill. kr til teoriopplæring for lærlingar.

Drift av fagopplæringskontoret er omtala under opplæringsavdelinga.

Alle lærlingbedrifter er pliktige til å syte for teoriundervisning. Hordaland fylkeskommune tilbyr slik teoriundervisning i konkurranse med andre aktørar. Satsane for denne undervisninga har ikkje vore justerte på lang tid og dekkar ikkje dei reelle kostnadane. Fylkesrådmannen foreslår difor å auke satsane og legg til grunn ei inntektsauke som følgje av dette på 3 mill. kr. Etter dette vil satsane vere på linje med dei Rogaland fylkeskommune har.

Innan yrkesfaga har elevane fleire opplæringsløp å velje mellom. Hovudløpet er to år i skule og to år i bedrift, men elevane kan også velje fire års opplæring i bedrift etter ungdomsskulen.

Tilskotet til lærebedriftene er avhengig av utdanningsløp, alderen på lærlingen, om lærlingen tidlegare har fått oppfylt retten til vidaregåande opplæring, eller om det er eit verneverdig fag lærlingen har fått læreplass i. Tilskotssatsane vert regulert kvart år av departementet, og dei har tilbakeverkande kraft frå 1. januar. Pr. september 2015 er tilskotsatsen til ordinære lærlingar kr 127 787.

Talet på nye lærekontraktar har auka sidan 2010. Det er enno usikkert kor mange lærekontraktar som vert teikna i 2015, men det er venta vekst i talet på nye lærekontraktar i høve 2014. I budsjettet for 2016 er det lagt til grunn at talet på nye lærekontraktar vert omlag likt med talet på nye lærekontraktar i 2015.

Oversyn over tal nye lærekontraktar

År	2012/13	2013/14	2014/15
Nye lærekontraktar	2 177	2 131	2 107

Vaksenopplæring

Vaksenopplæring		
	Budsjett	Tal deltakarar
Vaksenopplæring	45 151	1 265

Grunna stor etterspurnad og auka aktivitet er budsjettet for 2016 er auka med 3 mill. kr. I tillegg er det gjort budsjettmessige justeringar mellom det ordinære skulebudsjettet og vaksenopplæringa. Ramma til vaksenopplæring er etter denne justeringa 42,1 mill. kr inkludert gratis læremiddel til vaksne.

I tillegg er det budsjettert 2,9 mill. kr til administrasjon og felleskostnader på vaksenopplæring sentral i opplæringsavdelinga. Tabellen under syner budsjett pr. skule.

Opplæringslova gjev vaksne rett til vidaregåande opplæring frå det året dei fyller 25 år dersom dei ikkje har fullført vidaregåande opplæring tidlegare, jf. § 4A-3. Lova pålegg også fylkeskommunen å gje eit vidaregåande tilbod til andre vaksne som har gjennomført vidaregåande, men som av ulike grunnar søker ny utdanning, jf. § 13-3.

Vaksenopplæringa handsama i 2014 12 200 førespurnader om informasjon og karriererettleiing frå vaksne og verksemdar i Hordaland. Opplæringsaktiviteten talde om lag 2 700 kursplassar, med fordeling 40 % studiespesialiserande fag

og fellesfag og 60 % yrkesfag. Hordaland fylkeskommune er dermed den fylkeskommunen med flest vaksne i vidaregåande opplæring og har toppa denne lista dei siste tre åra, jf VOX-speilet 2013.

I juni 2015 vedtok fylkestinget ny struktur for vaksenopplæringsentra. Tabellen under syner framtidig struktur. Ny senterstruktur vert innført frå 01.01.2016 og gjennomført så raskt som dei formelle og praktiske tilhøva ligg til rette.

Skule	Kommunar	Innbyggjartal
Stord vidaregåande skule	Sunnhordland Etne, Sveio, Bømlo, Stord, Fitjar, Tysnes, Kvinnherad, Austevoll	64.000
Voss gymnas	Voss og Hardanger Jondal, Odda, Ullensvang, Eidfjord, Ulvik, Granvin, Voss, Vaksdal og Kvam	41.000
Åsane vidaregåande skole Industri-, handverk-, helse og oppvekstfag	Stor-Bergen Bergen, Osterøy, Meland, Radøy, Lindås, Masfjorden, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen, Fusa, Samnanger og Os	338.000
Bergen Katedralskole Studiespesialiserande fag		
Sotra vidaregåande skule	Sund, Fjell, Øygarden og Askøy	62.000

Det er budsjettert med auke i talet på stillingar ved vaksenopplæringsentra på 2,5 årsverk fra 01.08.16.

Fagskuleutdanning

Fagskuleutdanning	Budsjett 2016
Fagskuleutdanning	90 192

Frå 2010 har fylkeskommunane hatt forvaltningsansvaret for dei offentlege fagskulane, i tillegg til ansvar for å gje tilskot til helsefagskuleutdanningar gjennom øyremerka midlar frå Helsedirektoratet.

I statsbudsjettet for 2016 er det sett av 80,2 mill. kr i rammeoverføringar i høve til dei tekniske og maritime fagskulane i Hordaland.

Helsefagskuletilboda fekk løyvd om lag 7,5 mill. kr til helsefagskuletilboda i Hordaland i 2015.

Totalt er det budsjettert med 90,2 mill. kr til fagskuleverksemda. Av dette er 1,6 mill. kr sett av til felleskostnader og administrasjon.

Teknisk og maritim fagskuleutdanning

Hordaland fylkeskommune har 3 offentlege fagskular med ulike fagskuletilbod som byggjer på fullført vidaregåande skule med fagbrev eller på realkompetanse og praksis. Talet på fagskular er redusert i tråd med vedtaka i skulebruksplanen. Undervisningstilboda er framleis desentralisert og vert gitt ved studiestader.

Fagskuleutdanningane er korte og næringsretta og skal gje naudsynt kompetanseheving lokalt, regionalt og nasjonalt. Dette er nedfelt i fagskulelova, og det er difor viktig med ein god næringslivskontakt og høve for å kunne tilby fagskuleutdanningar både i sentrale område og i distrikta.

Hordaland fylkeskommune er eigar av dei tre fagskulane, medan Hordaland fagskulestyre er øvste styringsorgan. Fagskulestyret har fullmakt og mynde innanfor den årlege økonomiske ramma.

Opplæringsavdelinga har sekretariatsfunksjon for fagskulestyret. Nasjonalt organ for kvalitet i utdanning (NOKUT) er tilsynsorgan for fagskulane, og Database for høgere utdanning (DBH) ved Norsk samfunnsvitskapleg datateneste (NSD) mottar statistikk på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet.

Tabellen under syner ramma fordelt til fagskulestyret til dei tekniske og maritime faga .

	Student ekvivalentar	Budsjett 2016
Hordaland fagskulestyre		83 904

Helsefagskuleutdanning

Helsefagskuleutdanninga er gitt som øyremerka tilskot til fylkeskommunane. Det er Hordaland helsefagskole som gjev det fylkeskommunale tilbodet innan helsefaga. I tillegg har private tilbydarar som AOF og NKI ulike tilbod innan helsefaga.

Det er Hordaland fylkeskommune som er tilskottmottakar frå staten og må syte for å fordele tilskottet også til dei private fagskulane. I 2016 er det budsjettert med 7,5 mill. kr i statleg tilskot til helsefagskuletilbodet i Hordaland. Tilskotet frå staten er basert på studentalet.

Opplæringsavdelinga

Opplæringsavdelinga har om lag 140 tilsette fordelt på 4 seksjonar. Totalt er det budsjettert med om lag 123 mill. kr til drift av Opplæringsavdelinga og tenester.

Anna

Butilbod for elevar ved knutepunktskulen for døve

Nordahl Grieg vidaregåande skole er ført opp med 3,6 mill. kr i budsjett til butilbod for døve elevar.

Samarbeid skule/næringsliv

Til posten samarbeid skule/næringsliv er det sett av vel 1,5 mill. kr.

Manger folkehøgskule

Til drifta av Manger folkehøgskule er det netto budsjettert med 3,4 mill. kr i 2016.

Fengselsundervisninga

Fengselsundervisninga er budsjettert med 25,0 mill. kr i 2016 og finansiert med statstilskot på same sum.

Ekstern spesialundervisning

Fylkeskommunen kjøper undervisningstenester frå staten, kommunar, private institusjonar og i nokre tilfelle frå andre fylkeskommunar for nokre elevgrupper.

Tiltaka innanfor slike tenester kan grupperast i desse hovudkategoriane:

- Elevar i grunnskulen i Hordaland med barnevernsvedtak.
- Elevar som er plasserte i barnevernsinstitusjonar i andre fylke, men der opplæringsretten ligg i Hordaland fylkeskommune.
- Elevar i private skular som etter vedtak får spesialundervisning.

Omfanget av kjøpte tenester har hatt stor vekst dei siste åra. I 2012 vart delar av drifta lagt om slik at ein ikkje lenger kjøper delar av desse tenestene frå eksterne tilbydarar, men tilbyr dei sjølve gjennom Stend vidaregåande skule. Behovet for slike tenester auker. Det er sett av 40 mill. kr i budsjettet for 2016.

	Kostraområde	Hovudaktivitetar og tiltak for kvart område	Nettobudsjett 2016
420	Administrasjon	Opplæringsavdelinga	11,6
510	Skulelokale, forvaltning	Driftsutgifter ved dei vidaregåande skulane Felleskostnader Undervisningsutstyr Vedlikehald av skulebygningar	251,7
515	Fellesutg. og støtte til vgs	Merkantil forvaltning ved skulane Inntakskontoret ved Opplæringsavdelinga	36,1
520	Pedagogisk leing, pedagogiske fellesutgifter og gjesteelevoppgjer	Skuleretta teneste ved Opplæringsavdelinga Digital skule Reguleringskonto Gjesteelevar Gratis læremiddel Pedagogisk leing Justering av klassetilbodet IST- kurs Skulebibliotek Administrasjon ved alle vidaregåande skulane	328,9
521-532	Utdanningsprogramma ved dei vidaregåande skulane	Kapittelet inneheld lønsutgifter til undervisning på dei ulike utdanningsprogramma ved dei vidaregåande skulane I tillegg budsjett til gardsdrift	1252,4
554	Fagskule	Budsjett til fagskuleutdanningane	90,9
559	Landslinje	Landslinjetilbod ved Os vidaregåande skule	5
560	Spesialundervisning og særskilt tilpassa opplæring	Ekstern spesialundervisning Spes.ped undervisning og tiltak Døvetolkar ved vgs Ekstra språkopplæring OT/PPT Spes.ped.teneste ved Opplæringsavdelinga Faste spes.ped.tilbod ved vgs.	337,5
570	Fagopplæring i arbeidslivet	Fagopplæringsavdelinga Fagprøvar Y-nemnda Lærlingopplæring Instruktøropplæring Teoriopplæring	315,1
581	Vaksenopplæring etter opplæringslova	Vaksenopplæring ved vidaregåande skular Vaksenopplæringstenesta ved Opplæringsavdelinga	44,5
590	Andre føremål	Koordinering opplæring kriminalomsorg Internasjonalisering Felleseksamen Tilskot ekstern anlegg Tilskot private skular Skulehelseteneste Kantiner Fengselsundervisning Oppdragsverksemd Internat Institusjonsundervisning Manger folkehøgskule SMI Sosialpedagogiske tilbod	63,7
Totalt			2737,4

Samferdsel knyter saman område og folk

Buss, ferje, båt, bybane og vegar – samferdsel er viktig for drift og utvikling av samfunnet og for korleis folk får liva og kvardagen til å hengje i hop. Det er eit nasjonalt så vel som regionalt mål at fleire skal reise kollektivt. Utvikling av dette tilbodet har difor høg prioritet. I 2016 vert det m.a. lagt opp til 300 nye avgangar kvar dag på buss og bane i Bergen. Vidare vert det arbeidd målretta med å auke trafikktryggleiken på vegane i Hordaland og å redusere talet på hardt skadde og drepne.

Tal i heile 1000 kr

		Budsjett 2015	Budsjett 2016	Endring %
Vedlikehald fylkesvegar	Brutto driftsutgifter	537 368	490 924	-8,6 %
	Driftsinntekter	-85 323	-87 541	2,6 %
	Netto driftsutgifter	452 045	403 383	-10,8 %
Bilruter	Brutto driftsutgifter	1 477 525	1 534 180	3,8 %
	Driftsinntekter	-791 337	-815 625	3,1 %
	Netto driftsutgifter	686 188	718 555	4,7 %
Generell drift	Brutto driftsutgifter	77 400	75 708	-2,2 %
	Driftsinntekter	8 700	-8 460	-2,8 %
	Netto driftsutgifter	68 700	67 248	-2,1 %



Stylish
Landscape
Landscape 800 m

Fylkesvegferjer	Brutto driftsutgifter	316 800	327 903	3,5 %
	Driftsinntekter	-6 436	-6 436	0,0 %
	Netto driftsutgifter	310 364	321 467	3,6 %
Båtruter	Brutto driftsutgifter	184 620	177 028	-4,1 %
	Driftsinntekter	-43 100	-42 500	-1,4 %
	Netto driftsutgifter	141 520	134 528	-4,9 %
Bybanen	Brutto driftsutgifter	157 715	187 313	18,8 %
	Driftsinntekter	-120 000	-125 711	4,8 %
	Netto driftsutgifter	37 715	61 602	63,3 %
Andre kostnader	Brutto driftsutgifter	235 350	232 435	-1,2 %
	Driftsinntekter	9 625	9 385	-2,5 %
	Netto driftsutgifter	225 725	223 050	-1,2 %
	Sum brutto driftsutgifter	2 909 378	2 949 783	1,4 %
	Sum driftsinntekter	-1 055 821	-1 087 198	3,0 %
	Sum netto driftsutgifter	1 853 557	1 862 585	0,5 %

Innleiing

Kollektivtrafikken gir reisetilbod til heile fylket; med snøgg-båtar i 6 rutepakkar, ferje i 16 ulike samband, bussar med omlag 8000 daglege avgangar og Bybanen som går kvart 4.-5. minutt i rushtida. Samla er det over 52 millionar passasjerar kvart år, og driftskostnadene er over 2 milliardar kroner.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og utvikling av nesten 3000 kilometer fylkesveg. Gjennom sams vegadministrasjon held Statens vegvesen greie på fylkesvegane, og sørgjer for drift, vedlikehald og nybygg. Det er utfordrande å forvalte vegkapitalen på ein god måte, samstundes som det er for-

ventningar om utbetring av eldre vegstrekk og nye samband. Det går med nesten ein halv milliard kr i drift og vedlikehald av vegnettet kvart år, men det er ikkje tilstrekkeleg til å halde vegstandarden oppe. Gjennom strategien i Regionale transportplan er det difor også sett av investeringsmidlar til «standardhevingstiltak».

Samferdselsavdelinga står for styring av drosje- og ruteløyve, TT-ordninga for dei som ikkje har helse til vanleg kollektivreise, og den lovpålagde skuleskyssen.

Klima- og miljøtiltak

Samferdselsektoren har store utslepp av klimagassar og anna luftforureining. Gjennom regional transportplan - RTP, Kollektivstrategien med eigen miljøplan og Klimaplanen er fleire viktige tiltak sett på dagsorden:

- Kollektivsatsinga, med ei vridning mot meir miljøvenlege reiser
- Strengt miljøkrav til bussparken, i tillegg til Bybane og trolleybuss som går på straum
- Låg-/nullutslepp frå ferjeflåten

- Miljøvenlege snøggbåtar, men eit framtidig testopplegg på Askøybåten
- Lågare utslepp frå vegbygging
- Bymiljøavtale med staten
- Tilpassing av drift og vedlikehald av vegnettet til eit endra klima med meir ekstremt vær

Nye tiltak

I framlegg til budsjett for 2016 er det mellom anna funne rom til:

- Auka produksjon på dei mest trafikkerte buss og banelinjene i Bergen. Bakgrunnen er innføring av tidsdifferensierte bompengar, og høg etterspurnad. Bistand til å finansiere veksten kjem frå belønningsmidlane. Rundt 300 nye avgangar kvar dag.
- Ny driftskontrakt for Storbergen for drift og vedlikehald av vegnettet, med m. a. høgare vedlikehaldsstandard for syklistar.
- Igangsetting av fleire fylkesvegprosjekt; Storskaret-Arefjord i Fjell kommune, fleire prosjekt i Askøypakken, fleire store rassikringsprosjekt i indre Hardanger og fleire prosjekt i Bergensprogrammet.
- 144 mill. kr til standardheving på vegnettet, av dette 40 mill. kr til tunnelsikringstiltak.

Førebudd på framtida

Det er store utfordringar for samferdselssektoren i åra som kjem. For å møte utfordringane må vi ha gode grunnlagsdata og gode mål, strategiar og planar. Stram økonomistyring må til, slik at vi best mogeleg når måla om å redusere etterslep på vegvedlikehald og å få vekst i kollektivbruken.

Samhandling innan vegområdet går som eit eige prosjekt saman med Statens vegvesen, for å gje betre eigarstyring med fylkesvegane. Mellom anna skal vi ha rutinar for å forvalte vegkapitalen godt, og gode prosessar for å klargjere og bygge dei rette samferdselsprosjekta.

Innan kollektivområdet vil vi følgje opp Stortingsmeldinga om kommunereforma, ved å sjå på ulike modellar for eit tettare samarbeid med Bergen kommune. Vi har fått utarbeidd eit fagleg grunnlag som ser på erfaringar frå andre byar i Skandinavia, og korleis desse erfaringane best kan nyttast i Bergensområdet. Om vi skal nå målet om nullvekst i personbiltrafikken i byområdet, må alle verkemiddel som påverkar reiseomfang og reisemiddelval vurderast i ein samanheng.

Hovudutfordringar

Fylkesvegvar

Drift og vedlikehald

Fylkestinget vedtok i oktober 2011 Drifts- og vedlikehaldsstrategi for fylkesvegnettet i Hordaland (2012–2021). I denne ligg målsetjingar om å stoppe veksten i forfallet innan 2017, noko som inneber at samla løyvingar til drift og vedlikehald må aukast med om lag 250 mill. kr pr. år. I tillegg ligg det inne målsetjingar om å gjere ulike tiltak for å sikre meir kostnadseffektiv bruk av midlar til drifta av vegnettet. I drifts- og vedlikehaldsstrategien var det overslag som tyder på at forfallet på vegnettet i Hordaland summerer seg til meir enn 3 mrd. kr. I dette overslaget ligg vurderingar av kva som skal til for å tilbakeføra vegane til opphavleg standard, altså ikkje oppgraderingar til den vegstandard som gjeld i dag.

Regional transportplan for Hordaland 2013–2024 vart lagt fram for handsaming i fylkestinget i oktober 2012. Handlingsprogram 2014–2017 for fylkesvegnettet i Hordaland

er vedlegg til transportplanen. I denne vert prioriteringane for investeringar og drift/vedlikehald på vegnettet foreslått. I samsvar med vedteken drifts- og vedlikehaldsstrategi er det i handlingsprogrammet lagt opp til å nytte ein stadig aukande del av investeringsbudsjettet til såkalla "standardhevingstiltak" – tiltak som skal nyttast til reinvesteringar på vegnettet for å stoppe forfallet.

Den økonomiske ramma til drift og vedlikehald var i 2015 på 537 mill. kr etter at den vart auka med 60 mill. kr til dekkelegging ved budsjetthandsaminga i fylkestinget. Denne ekstraløyvinga er ikkje vidareført i 2016-budsjettet, og budsjett-ramma er difor på 491 mill. kr. I forhold til det opphavlege 2015-budsjettet er dette ein auke på 2,9%.

Kollektivområdet

Kollektivstrategien for Hordaland, som vart vedteken i fylkestinget i 2014, skal vere eit fagleg grunnlag for priori-

teringar i fylkeskommunen og gjev Skyss mandat i arbeidet med utviklinga av tilbodet. Strategien står opp om nasjonale og regionale mål om at veksten i persontrafikken skal takast med miljøvenlege transportformer. Kollektivtransporten må ta den vesentlege delen av trafikkveksten. Med nullvekst for personbiltrafikken, vil kollektivtrafikken i bergensområdet i tal reisande måtte auke med om lag 200% fram mot 2040. Utvikling av tilbodet for fleire kollektivreiser, krev langsiktig planlegging og utvikling.

Dei siste åra har tal på kollektivreisande i Hordaland auka kraftig, veksten har kome som ein konsekvens av stadig betre tilbod til dei reisande. Ikkje minst har Bybanen i Bergen vore ein viktig faktor. Siste halvår 2014 og fyrste halvår 2015 ser ein at veksten i nye reisande har flata ut. Etter hausten 2014 er det ikkje gjennomført større endringar i tilbodet.

Budsjettet for kollektivområdet vert styrka av belønningssmidlar. Desse midlane er fordelte med den største posten til Bybanen til å dekkja kostnadane til nye og lengre vogner og auka produksjon, noko som og fører til ei auke i kostnader til vedlikehald. I tillegg går denne delen av midlane til å dekkja inn auka administrasjonskostnader hjå Bybanen AS. Ein nesten like stor del er sett av til nærare 300 nye daglege bussavgangar, fordelt på hovudkorridorane sør, nord og vest. I tillegg til nye avgangar vert nokre linjer forlenga for å betre tilbodet for enkelte område og auke kapasiteten på trafikkerte strekningar. Den siste og minste delen av belønningssmidlane går til generell styrking av ruteproduksjonen.

Budsjettet for 2016 viser ei kraftig innsparing i kostnader knytt til administrasjonen av Skyss. Innsparinga omfattar også marknadsarbeidet.

Takstar og billettering

Gjennom fleire år er det arbeidd med å forenkla sonetakstsystemet. For å slutføra arbeidet er det nedsett ei politisk styringsgruppe som skal fylgje arbeidet med ny sonestruktur fram til det ligg føre eit endeleg saksframlegg. Grunnlaget for styringsgruppa sitt arbeid er fylkestinget sitt vedtak frå juni 2014. Når saka vert fremja på nytt er det viktig at alle sider ved å innføra eit nytt sonetakstsystem er vurderte, det vere seg økonomiske, tekniske og marknadsmessige.

I budsjettet vert det lagt opp til takstauke i samsvar med konsumprisindeksen med tillegg for den auka meirverdiav-

gifta som er foreslått i statsbudsjettet. Snøggbåttakstane vert i tillegg justert noko opp slik at dei harmonerer med busstakstane.

Tilbudsutvikling

Kollektivstrategien gjev klare føringar om å utvikla kollektivtilbodet på strekningar med store reisestraumar, i hovudsak innanfor bergensområdet. Eit velfungerande kollektivtilbod krev ressursar til å planleggje på mellomlang og lang sikt.

I januar 2015 gjorde bystyret i Bergen vedtak om tidsdifferensierte bomsatsar for å motverke køproblem i Bergen. Ein differensiert takst vil gjere det dyrare å køyre bil gjennom bomringen i rushtida, slik at ein del reiser vil skje til andre tider eller med andre transportformer. For å ta den venta veksten i kollektivreiser har ein planlagt nærare 300 nye daglege avgangar med kollektive transportmiddel frå 1. januar 2016. Dette er tiltak finansiert av ekstraløyving over belønningssordninga i 2016. Fylkesrådmannen vil koma attende til dette i seinare budsjett.

Frå hausten 2016 vert Bybanen sett i drift til Birkelandsskiftet/Kokstad. Driftskostnadane knytt til det nye byggetrinnet gjev store budsjettmessige utfordringar i åra framover. Fram til den nye terminalen på Flesland er ferdigstilt, er det lagt opp til mellombels løysing for passasjerane som skal til flyplassen.

Utvikling av regionstamlinjer er eit av tiltaka i kollektivstrategien for Hordaland som skal bidra til at fleire reiser kollektivt i dei store korridorane inn mot Bergen. I Nordhordland planlegg ein no den første regionstamlinja, med oppstart hausten 2016.

Nye anbod

Nye bussanbod for Hardanger og Voss og for Modalen og Vaksdal vert starta opp i juli 2016. Nytt bussanbod for Sunnhordland startar i juli 2017. I komande økonomiplanperiode vil det vere kostnadsdrivande faktorar som ytterlegare vil utfordre økonomien på kollektivområdet. Det skal lysast ut fleire nye anbod, både for buss, bybane og ferje. I no gjeldande anbod har fleire av operatørane dårleg lønsemd. Dette, i tillegg til endra krav til materiell og teknologiløysingar, vil truleg gje auka driftskostnader.

Fylkesveggar

Generelt

Definisjonar av drift og vedlikehald

Med drift av vegnettet meiner ein alle oppgåver og rutinar som er naudsynt for at eit veganlegg skal fungere som planlagt. Dette er aktivitetar som brøyting, strøing med

salt og sand, vask og reingjering, oppretting av skilt, stell av grøntareal, trafikkstyring, trafikantinformasjon osv.

Med vedlikehald av vegnettet meiner ein tiltak for å oppretthalde standarden på vegdekke, vegoppmerking, grøfter, bruer, tunnelar og tekniske anlegg/installasjonar i tråd med fastsette kvalitetskrav.

Kort om tilstanden på vegnettet – grunnlag for prioriteringar

Den økonomiske ramma til drift og vedlikehald er på 486 mill. kr. I tillegg kjem løyving på 5 mill. kr til trafikk sikringsarbeid i regi av Fylkestrafikk sikringsutvalet (FTU). I investeringsbudsjettet er det i tillegg lagt inn 144 mill. kr til standardhevingstiltak.

I Hordaland er det i alt ca. 2 900 km fylkesveg og 200 km sykkelveg med fast dekke på heile vegnettet. Statens vegvesen sin kostnadsmodell for drift og vedlikehald av fylkesvegnettet syner at det er trong for omlag 760 mill. kr (nto ekskl mva 2016 kr) årleg for å oppretthalda standarden og hindra ytterlegare forfall.

Kostnadsindeksen for drift og vedlikehald har tidlegare år auka vesentleg meir enn konsumprisindeksen, jfr SSB sin kostnadsindeks for drift og vedlikehald av veganlegg. Ved fornying av driftskontraktane har hovudregelen vore at kontraktsummen for dei nye kontraktane har auka monaleg i høve til dei gamle. I 2014 vart driftskontrakten for Voss fornya med ein kostnadsauke med innpå 20%. I 2015 vart Stor-Bergen-kontrakten fornya med verknad frå september. Her var det ein auke på 23%. Sidan Stor-Bergen-kontrakten er stor, gjev dette seg utslag med ein auke på 18 mill. kr frå 2015 til 2016. I den nye Stor-Bergen-kontrakten er nye Ringveg vest med. Standarden for vinterdrifta for hovudsykkelrutene i Bergen er sett til GSA, dvs. «svart asfalt» heile året.

Våren 2013 la Vegdirektoratet fram rapporten «Hva vil det koste å fjerne forfallet på fylkesvegnettet?» som er resultat av ei kartlegging av forfallet i alle fylka i landet. For Hordaland sin del var forfallet rekna til 6 470 mill. kr. For å ta att forfallet, fordelar kostnadane seg slik:

- | | |
|----------------------|---------------|
| • Tunnelar | 2500 mill. kr |
| • Drenering | 560 mill. kr |
| • Vegfundament/dekke | 610 mill. kr |
| • Vegutstyr | 1180 mill. kr |
| • Bru og kai | 1620 mill. kr |

Drift

Driftskontraktar

I Hordaland er det 7 driftskontraktar. Kontraktane gjeld normalt for 5 år med opsjon på 1 års forlenging. Normalt vert det lyst ut ein til to kontraktar kvart år. I 2015 er det inngått to nye kontraktar; Stor-Bergen med Bergen Bydrift as/Opedal drift as og Indre Ryfylke med NCC Roads as. Kontrakten for Indre Ryfylke vert administrert av SVV Rogaland sidan mesteparten av vegnettet ligg i Rogaland.

I 2016 skal det lysast ut og inngåast ny driftskontrakt for Hardanger (omfattar Eidfjord, Ullensvang, Jondal, Kvinnherad, Odda, E134 mellom Fjæra og Røldal og Rv 7 mellom Bu og Haugastøl) med verknad frå 1. september 2016.

Utgangspunktet for drift og vedlikehaldsstandarden for

I vedlikehaldsstrategien er det peika på at ein må ha fokus på å snu utviklinga med eit stadig veksande etterslep i vedlikehaldet. Det er grunn til å venta meir stabile kostnader ved fornying av driftskontraktane utover i perioden. I tillegg vil ein auke i posten "Standardhevingstiltak" på investeringsbudsjettet vere med å betre situasjonen.

Prioriteringar i komande planperiode:

Driftsoppgåver som ivaretek trafikktryggleiken har høgaste prioritet. Dette gjeld spesielt vinterdrifta der brøyting, salting, strøing er dei viktigaste oppgåvene. Driftsoppgåver på strekningar med mange ulukker skal følgjast spesielt opp i samsvar med det som vart lagt til grunn i Drift- og vedlikehaldsstrategi for fylkesvegnettet i Hordaland (2012–2021).

Innanfor vedlikehald vil tiltak i utgangspunktet prioriterast slik:

- Rette opp skader som kan føre til at vegen vert akutt trafikkfarleg eller at framkomsten vert redusert vesentleg, til dømes ved ras og flaum.
- Rette opp skader og slitasje som kan få konsekvensar for trafikktryggleiken og framkomsten, til dømes murar og stikkrenner.
- Rette opp skader som kan vere starten på ein akselererende skadeutvikling der tiltakskostnadene kan vere sers store dersom ingenting vert gjort.
- Gjennomføre tiltak som forlenger levetida og reduserer framtidige vedlikehaldskostnader slik at noverdi av vedlikehaldskostnader vert lågare.

Blant vedlikehaldstiltaka er vedlikehald av tunnelar og bruer prioritert så høgt som mogleg. Dette er gjort for forfallet ofte kan ha "skjulte" skader som kan gje raske og uforutsigbare konsekvensar. Ein legg opp til å prioritera desse tiltaka frå midlane på «Standardhevingspotten».

vegnettet er nedfelt i Statens vegvesen si Handbok R610–Standard for drift og vedlikehald og drift og vedlikehaldsstrategien til fylkeskommunen.

I driftskontraktane inngår ikkje legging av asfalt og drift og vedlikehaldet av tekniske installasjonar i tunnelane. Det er egne elektrokontraktar som omfattar tekniske installasjonar i tunnelar, ferjekaier og langs vegane. I tillegg er det egne kontraktar som omfattar drift og vedlikehald av tunnelar i bergensområdet. Kostnadene med dei løpande fagkontraktane for tunnel og elektro er budsjettert til 53,5 mill. kr.

Fylkesrådmannen vil vurdere nivået på vedlikehaldsbudsjettet i økonomiplanperioden. Standarden og driftsnivået må gjennomgåast i denne samanhengen.

Vinterdrift

I bergensområdet er det satsa mykje på å redusera piggedekkb Bruken for m.a. å redusera svevestøv. Stortinget har ei målsetjing om 80 % piggfri køyring, medan Oslo og Bergen har sett eit mål på 90%. Vinteren 2014/2015 var andelen i Bergen 86 %. Piggfri køyring krev høg standard på brøyte- og strøberedskapen i bergensområdet. Vinterdrifta, dvs. snørydding, salting og strøing, inngår i driftskontraktane og utgjer mellom 45% og 60 % av kontraktsummen.

For 2016 er det budsjettert med 350 mill. kr til drift regulert gjennom faste kontraktar. Dette er ein auke på 36 mill. kr i forhold til 2015.

Drift øvrig

I denne posten inngår kostnader til straum/veglys og betaling til kommunar for veglys. I tillegg er det kostnader til kommunale avgifter, servicebygg, diverse mindre driftstiltak, ny skilting, helikopterleige ved inspeksjonar av ras, avtale om reinhald av vegar i Bergen mv. For 2016 er det sett av 65 mill. kr til dette.

Samla er det sett av vel 415 mill. kr til drifta av fylkesvegane i 2016.

Vedlikehald

Tunnelar, bruer og ferjekaier

Standarden på tunnelane varierer mykje både når det gjeld tekniske installasjonar og utrusting. Dessutan er høgda i nokre tunnelar lågare enn den standarden som vert lagt til grunn, dvs. minsthøgde på 4,2 m.

Tunnelar over 500 m og årsgogntrafikk (ÅDT) over 300 kjem inn under Tunnelsikkerhetsforskriften som vart gjort gjeldande for fylkesvegane frå 1. januar 2015. Av dei 126 fylkesvegtunnelane er det 37 tunnelar i Hordaland som kjem inn under denne forskrifta.

Statens vegvesen har under utarbeiding ein handlingsplan/tiltaksplan for å kunne gje eit oversyn over tiltak og kostnader for dei tunnelane som kjem inn under forskrifta. Handlingsplanen vil leggje opp til at nokre tunnelar vert oppgradert kvart år i samsvar med forskrifta. Alle tiltaka må vere gjennomført innan utgangen av 2019. Etter søknad kan fristen utsettast med inntil 5 år.

For 2016 vert det lagt opp til å nytta 3 mill. kr til tunnelvedlikehald av vedlikehaldsbudsjettet.

Alle bruene vert jamleg inspiserte og det vert sett i verk naudsynte sikringstiltak der dette er påkravd. Det er eigen samlekontrakt for bruvedlikehaldet. Behovet for vedlikehald av bruene er stort og det er mange bruer som er over 20 år. For 2016 vert det lagt opp til å nytta 23 mill. kr i bruvedlikehald.

Det er eigen kontrakt for drift- og vedlikehald av ferjekaiane. Det er 36 fylkesvegferjekaier, og det er trong for å oppgradera og skifta ferjekaibru på nokre av kaiene innan nær framtid for å sikra stabil ferjedrift. For 2016 vert det sett av 7 mill. kr til fagkontrakt for ferjekaiene.

Vegdekke og oppmerking

I 2015 vart det løyvd til saman 100 mill. kr til dekkelegging med ei tilleggsløyving på 60 mill. kr som ikkje vert vidareført i 2016. Det vert lagt omlag 190 km eller 6,1 % av vegnettet for denne løyvinga.

For 2016 fører fylkesrådmannen opp 33 mill. kr til dekkelegging. Då vert det lagt omlag 60 km med asfalt. Det vert lagt opp til å setje av 10 mill. kr til oppmerking. I følgje regionveg-sjefen er behovet for årlege midlar til dekkelegging mellom 70 og 90 mill. kr for å hindra forfall.

Andre vedlikehaldskostnader

Regelmessig vedlikehald av grøfter, kummar, stikkrenner og drenering førebyggjer skader på vegkroppen. Meir ekstremvær aukar presset på denne budsjettposten. Innanfor vedlikehaldsposten er det sett av 4 mill. kr til dette føremålet. Det vert lagt opp til at større tiltak vert dekkja over standardhevingspotten.

Oppsummering – drift og vedlikehald

Tabellane under viser forslag til prioritering innanfor budsjetttrammene for 2016. I tillegg er det teke med ei kolonne som viser overslag over behov for å halde vegnettet i god stand og utan at forfallet held fram. I summen for "vedlike-

hald – øvrig" inngår m.a. tunneltiltak, skiltfornyng, utbetring av kummar, grøfter, stikkrenner, murar mv.

Drift

Alle tal i løpande 1000 kr

Tiltak	Budsjett 2015	Behov 2016	Budsjett 2016
Drift – regulert gjennom fast kontraktar	314 250	366 845	350 595
Drift – øvrig	69 517	72 253	64 953
Sum	383 767	439 098	415 548

Vedlikehald

Alle tal i løpande 1000 kr

Tiltak	Budsjett 2015	Behov 2016	Budsjett 2016
Bruvedlikehald	23 000	27 000	23 000
Vegoppmerking	13 000	15 000	10 000
Dekkelegging	100 000	98 223	33 000
Vedlikehald – øvrig	12 196	68 390	4 376
Sum Vedlikehald	148 196	208 613	70 376

Forslaget inneber at det vert knapt med midlar til vedlikehald i 2016, medan drifta i all hovudsak vert skjerma. Fylkesrådmannen viser i denne samanhengen til at det på investeringsbudsjettet er sett av ein post på 144 mill. kr til standardheving av fylkesvegane. I samsvar med opplegget i Regional transportplan er denne posten auka årleg i økonomiplanperioden.

Trafikksikring

Det er sett av 5 mill. kr til trafikantretta arbeid i regi av Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU). Det vert lagt til grunn at midlane vert nytta til å støtta opp om tilskotsordningane i FTU (mindre fysiske trafikktiltak). I budsjettet elles inngår mange trafikketta tiltak og trafikksikring utan at det er direkte omtala som trafikksikring.

Oppsummering totale brutto drifts- og vedlikehaldsutgifter

Tal i heile tusen

Vedlikehald fylkesvegar brutto driftsutgifter	Budsjett 2015	Budsjett 2016
Drift	383 767	415 548
Vedlikehald	148 196	70 376
Trafikksikring	5 000	5 000
Innfartsparkering	404	0
Sum	537 368	490 924

Bilruter

Ansvarsstad	Kostnader budsjett 2016 i mill. kr
Bilruter	1 534,2

Budsjettområdet dekkjer den subsidierte bussdrifta i fylket.

Tabellen under syner kontraktskostnadene i anbodspakkane og andre kostnader knytt til dette budsjettområdet. Endringar i budsjettet frå 2015 til 2016 er grunna i prisvekst og auka produksjon i samband med innføring av tidsdifferensierte bompengar i Bergen.

Kostnadsstad	Operatør	Brutto kostnader 2016 i mill. kr
Bergen Sentrum	Tide Buss AS	215,3
Bergen Nord	Tide Buss AS	219,4
Bergen Sør	Tide Buss AS	198,2

Kostnadsstad	Operatør	Brutto kostnader 2016 i mill. kr
Bergen Vest	Nettbuss AS	199,7
Auka bussproduksjon bergensområdet		39,5
Servicelinje i Bergen	Osbus AS	2,4
Sunnhordland	Nobina AS	67,8
Hardanger/Voss	Tide Buss AS	172,0
Nordhordland	Nobina AS	111,7
Austevoll	Tide Buss AS	15,2
Osterøy	Tide Buss AS	39,8
Modalen	MEB AS	14,0
Kvalitetsbonus		10,8
Takstkompensasjon		25,5
Diverse kostnader		25,9
Skuleskyss		160,1
Sum TOTAL		1 534,2

Kollektivdrifta har stort omfang i Hordaland.
Tabellen under syner reiseomfang og ruteproduksjon:

Tal for 2014 per ruteområde	Avgangar kvar- dag	Påstigingar i tusen pr år	Rutekilometer i tusen	Tal bussar/ vogner
Bergen sør	1 589	7 292	5 635	129
Bergen nord	1 435	12 254	6 189	116
Bergen sentrum	1 430	11 255	3 909	99
Bergen Vest	1 050	5 448	4 730	137
Bybanen	411	9 406	1 445	20
Austevoll	78	197	389	9
Sunnhordland	446	1 155	2 116	45
Hardanger/Voss	792	2 148	5 429	135
Nordhordland	575	2 020	3 197	68
Modalen/Vaksdal	65	81	369	10
Osterøy	220	640	1 021	27
Sum	8 091	51 896	34 429	795

Takstar

Tabellen under viser utvikling i billettinntekter for buss og bane i perioden 2012–2014, prognose for 2015 og budsjett for 2016.

Utvikling billettinntekter buss og bane i mill. kr:

År	2012	2013	2014	Prog. 2015	Bud. 2016
Billettinntekter	561,3	601,3	616,1	667,6	698,7

I tillegg til inntektsbudsjettet i tabellen ovanfor er det budsjett med 43 mill. kr i inntekter for båtruter og skule-skyssinntekter på 129 mill. kr slik at det samla inntektsbudsjettet for 2016 er på 870,7 mill. kr.

I 2015 har det vore ei utflating av inntektene i høve til det som låg inne i budsjettet for 2015.

Forslag til takstregulativ for 2016 er vidareføring av prismodell ein har hatt dei siste åra der same relative prisnivå mellom enkeltbillett og rabatterte billetter er lagt til grunn.

Fylkesrådmannen hadde i utgangspunktet lagt opp til å auke takstane i samsvar med konsumprisindeksen. Regjeringa sitt forslag i statsbudsjettet om auke i mva-satsen frå 8% til 10%, gjer at takstane må aukast meir enn dette. I budsjettet er det foreslått ei gjennomsnittleg takstauke på 4,5% - 2% meir enn ein i utgangspunktet la opp til.

I statsbudsjettet er det gitt noko kompensasjon for effekten av momsauken. Rammetilskotet for fylkeskommunane samla er auka med 142 mill. kr – av dette får Hordaland fylkeskommune vel 14 mill. kr. Effekten av momsauken for Hordaland er rekna til 23 mill. kr.

Byggetrinn 3 av Bybanen vil opne i løpet av andre halvår 2016. Erfaring frå opning av byggetrinn 2 gjev ikkje grunnlag for å budsjettere med ein markant vekst i tal på reisande.

Forslag om vegbruksavgift på gassbussar

Regjeringa foreslår i statsbudsjettet å innføre vegbruksavgift på naturgass. Dette vil medføre auka kostnader for kollektivtransporten i Hordaland ettersom ein del av bussparken brukar gass som drivstoff. Regjeringa foreslår å kompensere for denne avgifta med 90 mill. kr samla til fylkeskommunane. Hordaland sin del er om lag 10% eller 9 mill. kr. Kostnadsauken som følgje av den nye avgifta er rekna ut til 25 mill. kr for Hordaland.

Så langt fylkesrådmannen kjenner til, er det gassbussdrift i tre fylkeskommunar: Sør-Trøndelag, Rogaland og Hordaland. Sidan kompensasjonen er lagt inn i det samla inntektssystemet for fylkeskommunane er kompensasjonen på 90 mill. kr

Endeleg dato for oppstart er heller ikkje fastsett. Det er dermed vanskeleg å estimere auken i passasjeretalet på denne strekninga for 2016.

Fram til ny terminal på Flesland står klar, må ein leggja opp mellombelse løysingar på strekninga Birkelandsskiftet – Flesland. I budsjettet er det difor ikkje lagt inn auka inntekter som følgje av forlenging av Bybanen.

Tabellen nedanfor viser fylkesrådmannen sitt forslag til takstar i minstetakstsona gjeldande frå 1. februar 2016.

Billett	Takst 2015 kr	Forslag Takst 2016 kr
Enkeltillett vaksen, kjøpt på førehand	35	37
Enkeltillett barn/honnør	18	19
Enkeltillett kjøpt ombord vaksen	50	50
Enkeltillett kjøpt ombord barn/honnør	25	25
Enkeltillett betalt med Skyss-kort/mobilkonto	29,1	30,8
Periodebillett 30 dg vaksen	745	780
Periodebillett 30 dg barn	350	365
Periodebillett 30 dg honnør	375	390
Periodebillett 30 dg student	445	465
Ungdomsbillett 30 dg	350	365
24 timarsbillett vaksen	90	95
24 timarsbillett barn/honnør	45	50
Nattbillett	80	80

fordelt på alle fylkeskommunane etter den samla kostnadsnøkkelen – også til fylkeskommunar som ikkje har gassbussdrift. Fylkesrådmannen finn dette opplegget i statsbudsjettet urimeleg.

Som nemnt framanfor er effekten av forslaget om momsauke rekna til 23 mill. kr. Medrekna kostnader som følgje av vegbruksavgift for gassbussar på 25 mill. kr er den samla verknaden av desse forslaga for Hordaland fylkeskommune nær 50 mill. kr. Den samla kompensasjonen til Hordaland for desse to tiltaka i statsbudsjettet er 23 mill. kr – knapt halvparten.

Belønningsmidlar og finansiering av tiltak

Det er inngått ny avtale om tilskott over belønningsordninga for perioden 2015–2018. Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune har fått tildelt 724 mill. kr for perioden fordelt som følgjer:

- 2015: 184 mill. kr
- 2016: 140 mill. kr
- 2017: 200 mill. kr
- 2018: 200 mill. kr

Avtalen inkluderer ei ekstra løyving for 2015 på 35 mill. kr som skal finansiere styrking av kollektivtilbodet i samband med innføring av tidsdifferensierte bompengesatsar i Bergen frå 01.01.2016. Dette kjem i tillegg til det «ordinære» tilskottet til utvikling og styrking av kollektivtilbodet i bergensområdet. Denne ekstraløyvinga er ikkje vidareført.

Ved fordelinga av belønningsmidlane for 2015 vart 90 mill. kr lagt til kollektivdrifta. Av dette vert 31 mill. kr nytta i 2015, og 59 mill. kr vert overført til 2016. I 2016 vil det såleis vere til disposisjon 199 mill. kr i belønningsmidlar. I budsjettet for 2016 er det lagt opp til å nytta 109 mill. kr av denne summen til kollektivdrifta. Summen på 109 mill. kr er fordelt slik:

- 35 mill. kr til den generelle drifta (vidareføring frå tidlegare år)
- 70 mill. kr til auka ruteproduksjon og oppstart bybana byggjetrinn 3
- 4 mill. kr til drift av biohybridbussane og stamline til Nordhordland.

Fordeling av belønningsmidlane på ulike tiltak for åra 2017 og 2018 er enno ikkje gjennomført, og fylkesrådmannen vil koma attende til dette i seinare budsjett.

Styrka kollektivtilbod

Effekten av tidsdifferensierte bompengar knytt til kor mange som vil velje kollektivtransport framfor privatbil er høgst usikker. Ein har tidlegare hatt overslag som viser at tidsdifferensiering kan gje mellom 4 000 og 7 000 nye daglege kollektivreiser og at 35 til 40 % av reisene vil skje innanfor rushtidsperiodane som er vedtatt for den nye bompengeordninga.

I tråd med fylkestingsvedtaket i juni 2015, er det planlagt tiltak både i og utanom rushtida innanfor ei ramme på 35 mill. kr. Følgjande faglege vurderingar er lagt til grunn i planlegginga:

- Tilbodet bør dimensjonast noko i overkant slik at ein kan gjere raske tilpassingar etter kvart som ein hentar erfaringar med den nye bompengeordninga. Auka kapasitet, og betre plass på bussane, vil i seg sjølv skape ein etterspurnadsgevinst.
- Tilbodet må vere attraktivt også ut over rushperioden for å kunne ha eit frekvent tilbod heile dagen. Ved å auke tilbodet heile dagen vil ein kunne trekke til seg fleire kollektivreisande. Erfaringar viser at ein skapar større etterspurnad ved å auke frekvensen ut over rush enn styrking kun i rushperiodane. I tillegg vil tiltak også ut over rushperioden gi betre utnytting av vognmateriell og sjåførkorps.
- Totalt er det planlagt nærare 300 nye daglege avgangar frå 01.01.2016, fordelt på hovudkorridorane sør, nord og vest. I tillegg til nye avgangar vert nokre linjer forlenga for å betre tilbodet for enkelte område og auke kapasitet på tunge strekningar.

- Tiltaka er vurdert ut frå kva linjer som har høgast belastning i dag, og strekningar der ein kan forvente størst overgang til kollektivtrafikk. Det er og sett på område som i dag har eit dårleg tilbod i høve passasjergrunnlaget, og som dermed har potensiale for nye kollektivreisande. I vurderingane har ein tatt omsyn til kva tiltak som er mogleg å gjennomføre allereie frå nyttår 2016, og som ikkje krev større omleggingar eller endringar i linjenettet.

Skuleskyss

Budsjettområdet dekkar skuleskyss for vidaregåande skuleelevar og individuell skyss i grunnskule og vidaregåande skule. Individuell skyss er skuleskyss for elevar som ikkje kan nytta ordinære bussruter på grunn av mellombels sjukdom eller funksjonshemming, og elevar som bur slik til at dei ikkje har eit rutetilbod. Dei største utfordringane på dette området er å finne kostnadseffektive transportløyvingar for elevar som får godkjent særskyss. Det er vekst i talet på grunnskuleelevar, og det er fleire elevar som har trong for individuell skyss som følgje av delt omsorg. Nedlegging av skular, ulik kalender for skuledagar og start-/sluttid på skuledagen og auka tal elevar som vel private skular framfor nærskulen er kostnadsdrivande element på dette budsjettområdet.

I 2016 vert det budsjettet med 160,4 mill. kr til skuleskyss. Av denne summen er 104,6 mill. kr særskyss og grunnskuleskyss og 55,6 mill. kr er skyss for elevar i vidaregåande skule.

Fylkesvegferjer

Rutepakke	Operatør	Kostnad mill. kr
Hardangerpakken	Norled AS	63,7
Sunnhordlandspakken	Norled AS	79,2
Nordhordlandspakken	Norled AS	58,2
Midthordlandspakken	Fosen Namsos Sjø AS	81,0
Hjellestad – Klokkekarvik	Gulen Skyssbåtservice AS	11,8
Masfjordnes – Duesund	Halsvik–Wergeland	7,7
CO2 avgift, Lærlingtilskot		13,8
Takstkompensasjonar		12,5
Sum TOTAL		327,9

Hordaland fylkeskommune har ansvar for 16 ferjesamband på fylkesvegnettet. Desse 16 sambanda er drifta med 20 hovudferjer, og er fordelt på 6 ruteområde/kontraktar.

Nordhordland

Ruteområdet inkluderer følgjande 3 samband; Fedje–Sævrøy, Leirvåg–Sløvåg og Langevåg–Buavåg, og har totalt

3 hovudferjer med Norled AS som operatør. Sambandet Leirvåg–Sløvåg har størst trafikkvekst.

Rutepakke	Passasjertal 2013	Pbe 2013	Passasjertal 2014	Pbe 2014
Nordhordland	563 554	431 590	590 400	462 920

Sunnhordland

Ruteområdet inkluderer følgjande 4 samband; Jektevik–Nordhuglo–Hodnanes, Skjersholmane–Ranavik, Skånevik–Matre–Utåker og Fjelbergsambandet. Totalt har ruteområdet 5 ferjer med Norled AS som operatør.

Både sambandet Skjersholmane–Ranavik og Jektevik–Nordhuglo–Hodnanes har hatt positiv trafikkutvikling. Bortfall av bompengar i «Trekantsambandet» mot Haugalandet er truleg med på å auka trafikkgrunnlaget på sambandet Skjersholmane–Ranavik.

Rutepakke	Passasjertal 2013	Pbe 2013	Passasjertal 2014	Pbe 2014
Sunnhordland	759 750	609 031	800 882	648 042

Hardanger

Ruteområdet har følgjande 3 ferjesamband; Kvanndal–Utne–Kinsarvik, Jondal–Tørvikbygd og Gjermundshamn–Varaldsøy–Årsnes, og totalt 5 ferjer med Norled AS som operatør. Dette er den einaste rutepakken som har nedgang i trafikken. Det er naturleg å knyta det til opninga av Hardangerbrua.

Med opninga av Jondalstunnelen og Hardangerbrua er eit nytt trafikkmønster i ferd med å etablera seg på sambanda som kryssar Hardangerfjorden. Det førte til at sambandet

Kvanndal–Utne–Kinsarvik vart omstrukturert i 2015.

Opning av Tyssetunnelen saman med bortfall av bompenggeinnkrevjing for Folgefonnstunnelen, vil venteleg gje auke i trafikken mellom Gjermundshamn og Årsnes. Sannsynlegvis vil tilhøve som køyretid, ferjetilbod, vegstandard og bompengar påverke nokre av dei reisande sine val mellom å nytta Jondal–Tørvikbygd eller Gjermundshamn–Årsnes (aust-vest trafikk).

Rutepakke	Passasjertal 2013	Pbe 2013	Passasjertal 2014	Pbe 2014
Hardanger	1 170 354	888 472	1 115 503	849 687

Midthordland/Austevoll

Ruteområdet har følgjande 4 samband; Hatvik–Venjanaset, Halhjem–Våge, Krokeide–Hufthamar og Husavik–Sandvik-

våg. Det er 5 ferjer i pakken og FosenNamsos Sjø AS (FNS) er operatør. Det er generelt auka trafikk i alle sambanda.

Rutepakke	Passasjertal 2013	Pbe 2013	Passasjertal 2014	Pbe 2014
Midthordland/Austevoll	1 758 747	1 170 972	1 868 346	1 219 931

Klokkarvik–Lerøy–Bjelkarøy–Hjellestad

I denne kontrakten er det berre 1 ferjesamband, med ferja M/F «Sundferja». På grunn av skifte av operatør og problem med rapporteringa er det tal berre for 2014.

Frå 01.10.14 er Operatør er Gulen Skyssbåtservice AS operatør på sambandet.

Rutepakke	Passasjertal 2013	Pbe 2013	Passasjertal 2014	Pbe 2014
Klokkarvik–Hjellest.			39 190	23 269

Masfjordnes–Duesund

I denne kontrakten trafikerar kabelferja «Fjon-M». Operatøren er Wergeland AS. Trafikkgrunnlaget er stabilt.

Rutepakke	Passasjertal 2013	Pbe 2013	Passasjertal 2014	Pbe 2014
Masfjordnes–Duesund	85 159	62 415	88 606	64 433

Elbil på ferje

Det har vore ein stor auke i talet på elbilar på ferjene dei siste åra. Det har ført til fylkeskommunen i 2015 har kompensert ein av operatørane for inntektsbortfall som fylgje

av dette. Fylkesrådmannen konstaterer at delen av elbilar på ferjene held fram med å auke, og foreslår difor å innføre ordning med halv pris for elbilar på ferjene frå 01.01.2016.

Andre kostnader

Kompensasjon til operatørane for CO2 avgift er budsjettert med 6 mill. kr i 2016. Dette følgjer av punkt i kontrakten om vesentlege meirkostnader for operatør, med verknad frå 2014.

Kostnader knytt til avtale om lærlingtilskott og førebuing til nye ferjeandbod er om lag uendra i høve budsjett 2015.

Skyss starta opp arbeidet med nye ferjeandbod i 2014 og det trengst auka ressursar med maritim kompetanse i ein av-

grensa periode. I 2016 vert det budsjettert med 2 mill. kr til dette arbeidet. Fylkesrådmannen vil vurdere samarbeid med andre fylkeskommunar som også arbeidar med ferjeandbod.

Det vert lagt opp til at ferjedrifta held fram med å fylgje riksregulativet for ferjetakstar. I statsbudsjettet er denne sett til 2,9%. Som følgje av auka momssats frå 8% til 10%, budsjetterer fylkesrådmannen med kompensasjon til operatørane innanfor summen på 12,5 mill. kr til takstkompensasjonar.

Båtruter

Rutepakke	Operatør	Kontraksform	Brutto kostnader. mill. kr
Sunnhordland og Austevoll	Norled AS	Brutto	98,6
Espevær og Hernar	Gulen Skyssbåtservice AS	Netto	15,9
Rosendal-Bergen og Reksteren-Våge-Os	L. Rødne & Sønner AS	Netto	16,0
Nordhordland	Norled AS	Brutto	10,6
Turistrute Hardanger	Norled AS	Netto	6,3
Kleppestø-Strandkaien	Norled AS	Brutto	21,7
Lokalbåt Osterfjorden	Johannes Padøy	Netto	1,3
Mindre båtruter/bonus			3,9
Takstkompensasjon (Ungdomsbillett)			0,6
Terminalar snøggbåt			2,0
Sum TOTAL			177,0

Oversikt over trafikkutvikling

Rute	2011	2012	2013	2014
Sunnhordlandsruta	326 077	311 153	254 360	364 435
Austevoll	11 881	12 808	13 276	16 105
Turistrute Hardanger	14 928	14 832	16 925	19 371

Rute	2011	2012	2013	2014
Nordhordlandsruta	-	-	-	84 499
Rosendal–Bergen	44 312	44 880	44 427	44 923
Rekstern–Våge–Os	8 501	5 958	10 399	7 361
Kleppestø–Bergen	279 578	302 593	300 891	334 235
Espevær–Eidesvik	36 022	36 093	32 759	33 286
Hellesøy–Hernar	8 501	5 958	7 258	7 459

Kostnader og inntekter

Anbudskontraktane på båtrutene er både bruttokontraktar, som eksponerer fylkeskommunen for ein inntektsrisiko og nettokontraktar der operatørane har inntektsansvaret. Etter at dei nye kontraktane tok til å gjelde frå 2014, er snøggbåt-drifta no inne i ein stabil fase.

Generelt viser tidlegare erfaringar at overgang frå netto- til bruttokontraktar gjev usikre inntektstal i fleire år. Ein er likevel noko tryggare på inntektstala for 2016, basert på inntektsutviklinga i 2015. Trafikkinntektene har vore svakt

aukande frå 2014. Totale sals- og refusjonsinntekter for båtrutene er på 42,5 mill. kr. Dette er ein nedgang i inntektssummen i forhold til budsjett 2015 fordi ein ikkje lenger mottek tilskot frå Rogaland fylkeskommune for anløp i Ølen og Utbjoa på Sunnhordlandsruta. Som følgje av bortfall av tilskott frå Rogaland, vil det i 2016 bli gjort endringar i ruteopplegget. Ein tek sikte på å kompensere inntektsbortfallet med redusert ruteproduksjon. Det vert lagt opp til ein gjennomsnittleg takstauke for båtrutene på 5 %. Takstauken på båtrutene som er foreslått, er marginalt høgare enn på bilrutene for å tilpasse takstnivået på strekningar der det er tilbod om både snøggbåt og bussruter.

Bybanen

Kostnadsstad	Brutto kostnader budsjett 2016 mill. kr
Bybanen	187,3

Oppgåvene knytt til drifta er delt mellom Skyss og Bybanen AS. Skyss har ansvar for rutedrifta gjennom kontrakt med Keolis Norge AS, medan Bybanen AS har ansvaret for å drifte og vedlikehalde infrastrukturen. Bybanen AS er heileigd av og vert finansiert av fylkeskommunen. Styret i Bybanen AS vedtek det årlege budsjettet. Dette legg føringar for kostnadane på dette budsjettkapittelet.

Hausten 2016 vert byggjetrinn 3 mellom Lagunen og Flesland ferdigstilt og sett i drift. Bybana vil ikkje gå fram til Flesland før den nye terminalen er ferdigstilt i 2017 og vil difor mellombels få endehaldeplass i Birkelandsskiftet/Kokstad. I overgangsperioden vert det lagt opp til mellombels løysingar for passasjerane som skal heilt til flyplassen. Produksjonsauken for bybana i 2016 er stipulert til 15 000 timar. Auken i driftskostnadar knytt til opning av det nye byggetrinnet i tillegg til tilrettelegging av midlertidige løysingar gir budsjettmessige utfordringar både i 2016 og i åra framover. For 2016 vert det budsjettert med 30 mill. kr meir til drifta enn i 2015.

Den totale budsjettsummen på 187,3 mill. kr er sett saman av fylgjande hovudpostar:

Kostnadsstad	Brutto kostnader budsjett 2016 mill. kr
Bybanen AS Administrasjon	37,5
Vogn- og kontraktskostnader	120,2
Ekstraproduksjon	1,4
Bonus	6,5
Infrastruktur	20,2
Husleige Kronstad	0,6
Vakthald	0,9
Sum TOTAL	187,3

Andre kostnader

Kostnadstad	Kostnad mill. kr
Andre kostnader	223,0

Posten andre kostnader inneheld ei rekkje kostnader knytt til drifta i Skyss og på samferdselsavdelinga samt den administrative drifta og er nærare kommenterte nedanfor.

Kostnadstad	Kostnad mill. kr
Generell drift	76,9

Generell drift omfattar i hovudsak kostnader bundne opp i faste aktivitetar, som drift kundesenteret, drift- og vedlikehald av IKT-system, teknisk vedlikehald, marknadsføring, rutehefter, inntektssikring, marknadsinformasjonssystem (IMIS) og utgifter knytt til dei nye salskanalane komisjonær-sal og mobilbillett.

Kollektivstrategi for Hordaland legg eit høgt ambisjonsnivå for Skyss i åra framover. Aktiviteten er høg med omfattande utviklingsoppgåver og til dels komplekse driftsoppgåver.

Ein stadig større del av kundane kjøper billett via mobiltelefon, og i budsjettet er det lagt opp til ein auke på 10 prosent i talet på brukarar samanlikna med 2015.

Kostnadsstad	Kostnad mill. kr
Transportordninga for funksjonshemma	48,7

Transportordninga for funksjonshemma har omlag 13 600 brukarar, som er fordelt på tunge brukarar (blinde og rullestolbrukarar) og ordinære brukarar. Kvar brukar får tildelt ein kvote som kan nyttast til fritidsreiser. Reisene skjer ved bruk av drosje. Brukartalet er stabilt og nye søkarar vert teke inn i transportordninga etter kvart som dei vert godkjente av legenemnda. Det er ikkje budsjettert med auka brukarkvotar i 2016.

Budsjettområdet dekkjer og arbeidskøyning for funksjonshemma som har arbeid i verna verksemdar (VTA verksemdar). Det er omlag 200 brukarar i denne ordninga, og omlag 11 mill. kr av budsjettet går med til dette. Dette gjeld brukarar som ikkje kan nytta kollektive transportmidlar. Det vert betalt ein mindre eigendel av transporten.

Kostnadstad	Kostnad mill. kr
Diverse kostnader	36,7

Plan og tiltaksmidlar

Det vert som tidlegare år sett av ein post til diverse kostnader som fylkesdirektør samferdsel disponerer. Dette skal dekkja kostnader til ymse kontingentar til interesseorganisasjonar som fylkeskommunen er med i, samt midlar til konsulenthjelp i større prosjekt som t.d. regionale planar.

Innanfor denne posten er det sett av 0,5 mill. kr til Kontaktutvalet for E39 som fylkesutvalet har etablert. Kontaktutvalet sitt arbeid er knytt til plan-, prosjektering- og byggeprosessen for parsellane på E39 mellom Bergen og Akdsdal. Det vert budsjettert med 3,7 mill. kr på denne posten.

Kostnader til leige av innfartsparkeringsplassar

Til leige av innfartsparkeringsplassar er det sett av ein eigen budsjettpost på 1,5 mill. kr. Dette gjeld innfartsplassane på Os, Straume, Flesland kai og Åsane.

Til rådvelde for samferdselsutvalet

Det vert budsjettert med 1,0 mill. kr til rådvelde for samferdselsutvalet. I budsjettet for 2015 var det sett av 2,0 mill.kr

Prosjekt Innfartsparkering

For 2016 vil arbeidet fram med å få på plass nye innfartsparkeringsplassar halda fram. Fylkesrådmannen budsjetterer med 5,0 mill. kr til dette føremålet i 2016, same sum som i 2015

Vidaregåande skuleskyss

Denne budsjettposten dekkjer billettkostnadane til vidaregåande skuleskyss. Posten vert inntektsført i Skyss sin rekneskap og er såleis kun ein rekneskapsmessig disposisjon. Det vert budsjettert med 25,5 mill kr.

Kostnadsstad	Kostnad mill. kr
Samferdselsavdelinga	18,8

Samferdselsavdelinga er inndelt i tre seksjonar; Vegseksjonen, Transportplanseksjonen og Forvaltningseksjonen. I tillegg kjem Skyss som er direkte underlagt fylkesdirektør samferdsel.

Hovudarbeidsområda til avdelinga er planlegging innanfor samferdselsområdet. Vidare forvaltning av fylkesvegane som vegeigar og oppfølging av Statens vegvesen som har det operative ansvaret for drift, vedlikehald og tilsyn. I tillegg har avdelinga ansvar for løyveforvaltninga og Transportordninga for funksjonshemma.

Det vert budsjettert med 24 stillingar i 2015. Ein stilling vart overført til Skyss i 2015.

Kostnadstad	Kostnad mill. kr
Administrasjon Skyss	50,5

Administrasjonskostnader omfattar i hovudsak lønskostnader. Kostnadane er redusert med nesten 6 mill. kr i høve til 2015, gjennom reduksjon i talet på tilsette, pluss redusert bruk av innleigd kompetanse. Denne innsparinga vil føre til

redusert kapasitet på nokre område, og ein vil måtte planlegge med eit nøkternt aktivitetsnivå i 2016.

Auka krav til rapportering og dataforvaltning gjer at Skyss ser behovet for å styrke ressursane til dataforvaltning, analyse og utviklingsarbeid. Ein har også behov for nye, faste ressursar knytt til å kvalitetssikre bestillingsgrunnlaget for individuelt tilrettelagt skoleskyss i distrikta.

Mål og tiltak

Tabellen under viser avdelinga sine resultatmål for perioden 2016–2019.

Mål	Tiltak 2016	Målepunkt	Mål			
			2016	2017	2018	2019
Nullvekstmålet om at persontrafikken skal takast med miljøvenlege transportformer, skal vere nådd i 2030. Nullvekstmålet inneber ein berekna årleg vekst i antall kollektivreiser	<ul style="list-style-type: none"> – Auka ruteproduksjon i Bergen. – Opning av byggjetrinn 3 på bybana 	Talet på kollektivreiser	+2 %	+5 %	+8 %	+10 %
Prioritere arbeid med å redusere dei alvorlegaste ulukkene. Satsingsområde for Hordaland i denne planperioden: <ul style="list-style-type: none"> • Møteulukker utanfor tettbygde strøk • Mjuke trafikantar i byområde 	<ul style="list-style-type: none"> – Forsterka midtoppmerking, strekningsvis ATK, opplysningsarbeid og kampanjar – Utbygging av gong- og sykkelveggar – Utbetring av ulukkespunkt – Rassikringstiltak og utbetring av tunnelar 	Uluksesbarometeret som viser utviklinga over fleire år på ei rekkje målepunkt over drepne og hardt skadde i trafikken i fylket	71	68	64	60
Oppretta «Trafikksikre kommunar»	Mål om å sertifisere minimum 12 kommunar som «Trafikksikker kommune» i planperioden	Talet på kommunar som er godkjente som «Trafikksikre kommunar»	4	8	10	12
Oppretthalda vegkapitalen	Arbeida for at det i fylkesvegbudsjetta vert innarbeida tiltak som er avdekkja og prioriterte i dei strekningsvise utgreiingane	Leggja fram Strekningsvise utgreiingar av fylkesvegnettet, og innarbeida prioriteringar i RTP				
Auka fokus og kontroll på store vegprosjekt og bompengepakkar	Setja inn auka ressursar med rett kompetanse og fylgja opp prosjektet Samhandling innan vegområdet	Overskriddingar i kroner og tid i forhold til prosjektplan ved anleggsstart				

God tannhelse styrker folkehelsa

Tannhelse til barn og unge i Hordaland vert stadig betre. Tannhelsetenesta leverer tenester basert på høg fagleg kompetanse, god kvalitet og effektiv drift. Satsinga på spesialistutdanning og forskning i regi av kompetansesenteret TkVest/Hordaland vert vidareført og styrka i 2016.



Tabellen viser tannhelse sitt budsjett for ulike distrikt.

Heile tusen


		Budsjett 2015	Budsjett 2016	Endring %
Fellesfunksjonar	Brutto driftsutgifter	19 372	19 760	2,0 %
	Driftsinntekter	-4 760	-4 855	2,0 %
	Netto driftsutgifter	14 612	14 905	2,0 %
Aust tannhelsedistrikt	Brutto driftsutgifter	24 520	25 378	3,5 %
	Driftsinntekter	-9 685	-10 021	3,4 %
	Netto driftsutgifter	14 835	15 357	3,5 %
Sør tannhelsedistrikt	Brutto driftsutgifter	29 782	30 980	4,0 %
	Driftsinntekter	-8 497	-8 793	3,5 %
	Netto driftsutgifter	21 285	22 187	4,2 %
Vest tannhelsedistrikt	Brutto driftsutgifter	55 476	58 203	4,9 %
	Driftsinntekter	-17 054	-17 635	3,4 %
	Netto driftsutgifter	38 422	40 568	5,5 %
Nord tannhelsedistrikt	Brutto driftsutgifter	49 567	51 744	4,4 %
	Driftsinntekter	-17 822	-18 435	3,4 %
	Netto driftsutgifter	31 745	33 309	4,9 %
Sentrum tannhelse- distrikt	Brutto driftsutgifter	70 775	75 109	6,1 %
	Driftsinntekter	-18 741	-19 352	3,2 %
	Netto driftsutgifter	52 034	55 757	7,1 %
TkVest-Hordaland	Brutto driftsutgifter	33 184	35 009	5,5 %
	Driftsinntekter	-31 484	-32 389	2,8 %
	Netto driftsutgifter	1 700	2 620	54,1 %
	Sum brutto driftsut- gifter	282 676	296 183	4,7 %
	Sum driftsinntekter	-108 043	-111 480	3,2 %
	Sum netto driftsut- gifter	174 633	184 703	5,7 %
Tannhelseavdelinga	Brutto driftsutgifter	7 135	7 344	2,9 %
	Driftsinntekter	-339	-346	2,0 %
	Netto driftsutgifter	6 796	6 998	2,9 %
Tannhelsetjenesta samla	Brutto driftsutgifter	289 811	303 527	4,7 %
	Driftsinntekter	-108 382	-111 826	3,1 %
	Netto driftsutgifter	181 429	191 701	5,6 %

Organisering

Tannhelsetenesta er organisert i 6 tannhelsedistrikt med ein overtannlege som leiar i kvart distrikt. Kvart tannhelsedistrikt er delt inn i eit ulikt tal klinikkområde. Den geografiske distriktsinndelinga er vist i Hordalandskartet under:

Tannhelsetenesta i Hordaland har og ansvar for Tannlegevakta i Bergen, tannbehandling i narkose på Haukeland universitetssjukehus og Stord sjukehus samt drift av tannhelsetenesta kompetansesenter (Tk)Vest/Hordaland. TkVest/Hordaland skal gje tilbod om spesialistbehandling, driva med

fagleg rådgjeving til offentleg og privat tannhelseteneste, ha ansvar for klinisk-odontologisk forskning samt bidra i spesialistutdanninga. I tillegg gir TkVest-Hordaland behandling til pasientar med angst for tannbehandling (odontofobi) samt inneliggjande sjukehuspasientar på Haukeland universitetssjukehus. Leppe-, kjeve-, ganeteamet (LKG) har eit utvida regionalt ansvar for å gje tilbod til born født med leppe-, kjeve-, ganespalte i området frå Finnmark i nord til og med Rogaland i sør.



Oppgaver

Tannhelsetenesta i Hordaland utfører oppgaver i samsvar med lov om tannhelsetenester. Fylkeskommunen skal sørge for at tannhelsetenester, også spesialisttenester, i rimeleg grad er tilgjengelege for alle som bur eller mellombels oppheld seg i fylket. Tannhelsetilbodet skal vere regelmessig og oppsøkjande, og førebygging skal prioriterast framfor behandling.

Lov om tannhelsetenester § 1-3 definerer dei prioriterte gruppene som barn og unge 0–20 år, psykisk utviklingshemma i og utanfor institusjon samt eldre, langtidssjuka og uføre i institusjon eller i heimesjukepleie. Hordaland fylkeskommune har vedteke at innsette i fengsel og personar innan rusomsorg også skal få tilbod om gratis tannbehandling. I tillegg får vaksne, betalande pasientar tilbod om behandling der det er kapasitet og behov.

Tannhelsetenesta i Hordaland hadde i 2014 ansvar for 117 000 barn og unge frå 1 til 20 år. Det vart i 2014 gitt eit tannhelsetilbod til 1 865 personar med diagnosen psykisk utviklingshemming, og til 16 400 eldre uføre og langtidssjuka i institusjon og heimesjukepleie. Det blir og gitt eit tilbod til rusavhengige personar i kommunal omsorg og innsette i fengsel, og i 2014 var det 1903 pasientar i desse gruppene som fekk eit tannhelsetilbod.

I underkant av 20 000 vaksne personar får si tannbehandling i den offentlege tannhelsetenesta.

Tabellen under viser relativ del prioritert klientell som er under tilsyn av tannhelsetenesta i Hordaland og Noreg (unntatt Oslo) i 2012, 2013 og 2014 (Kostra –tal).

	Hordaland			Noreg		
	2012	2013	2014	2012	2013	2014
Gr a, barn og ungdom 1–18 år	95,7	100,3	99,7	95,7	96,9	97,9
Gr b, psykisk utvik.hemma	95,2	94,0	96,3	93,2	94,1	93,4
Gr c1,eldre i institusjon	70,2	72,2	74,4	80,1	75,5	77,7
Gr c2, eldre i heimesjukepleie	38,0	40,8	41,6	30,9	31,9	31,0
Gr d, ungdom 19–20 år	69,2	71,2	70,7	75,6	75,4	76,5
Alle prioriterte grupper	87,7	91,4	92,9	88,7	88,0	88,9

Netto driftsutgifter for tannhelsetenesta per innbyggjar – og netto driftsutgifter per prioritert klientell under tilsyn i Hordaland og i Noreg (unntatt Oslo) i 2011, 2012 og 2013.

År	Hordaland			Noreg		
	2012	2013	2014	2012	2013	2014
Netto driftsutgifter per innbyggjar i kroner	391	419	425	449	435	458
Netto driftsutgifter. pr prioritert klientell under tilsyn i kr.	1506	1559	1576	1709	1699	1794

Styrking av det førebyggjande helsearbeidet (folkehelsearbeid)

Regjeringa har signalisert auka satsing på helsefremmande og førebyggjande tannhelsearbeid, og ei betre integrering av tannhelsetenesta i det generelle folkehelsearbeidet. Fylkeskommunen har også fått eit lovfesta ansvar for folkehelsearbeidet. Tverrfagleg samarbeid er eit nøkkelord i dette arbeidet.

Som det går fram av tabellen under er tannhelsa til barn og ungdom i Hordaland på nivå med resten av landet unntatt for 18-åringar. Tannhelsa til 18-åringane i Hordaland ligg framleis under gjennomsnittet i Noreg.

Prosentvis del 5-åringar utan tannråte eller fylling – og gjennomsnittleg tal tenner med tannråte eller fylling hos 12- og 18-åringane i Hordaland og i Noreg(unntatt Oslo).

Årskull		Hordaland			Noreg		
		2012	2013	2014	2012	2013	2014
5-åringar	% utan tannråte	81,1	83,3	81,6	82,2	82,9	82,0
12-åringar	Gj.snitt tenner med karies eller fylling	1,2	1,2	1,0	1,1	1,0	1,0
18-åringar	Gj.snitt tenner med karies eller fylling	4,8	4,7	4,4	4,4	4,2	4,0

Tannhelsetenesta i Hordaland har utarbeidd ein strategi for folkehelsearbeidet, og vil setje i verk tiltak for å betre tannhelsa til dei prioriterte gruppene i fylket. For å få dette til må talet på tannpleiarar i den offentlege tannhelsetenesta aukast.

Klinikkstruktur

Tannhelsetenesta i Hordaland har pr. september 2015 55 tannklinikkar med til saman 204 behandlingsrom. Alle

Distrikt	Behandlingsrom	Ikkje i bruk	Delvis i bruk	Behov 2030
AUST	25	5	2	18
NORD	44	2	3	42
SENTRUM	59	3	3	60
SØR	31	9	3	26
VEST	45	-	2	41
TOTAL TAL	204	19	13	187

Det er utarbeidd høyringsutkast til klinikkstrukturplan for Hordaland. Planen har vore på høyring til kommunar og aktuelle organisasjonar. Planen er enno ikkje handsama politisk. Planen legg opp til å etablere færre og større tannklinikkar. På den måten vil tannhelsetenesta gje eit tilbod til pasientane som er fagleg betre samstundes som tilbodet vil vere meir stabilt.

Fylkestannlegen har berekna at det i 2030 er behov for 187 behandlingsrom, jf. tabellen ovanfor – 17 færre enn i dag. Sjølv med ein reduksjon i tal behandlingsrom, skal tannhelsetenesta i Hordaland kunne gi eit godt tannhelsetilbod til alle dei prioriterte pasientgruppene. Dette inkluderer og ei venta auke i desse gruppene med om lag 30 000 personar i tidsrommet fram til 2030.

I Meld. St. 14(2014–2015) – Kommunereformen – nye oppgaver til større kommuner, foreslår regjeringa å overføre tannhelsetenesta til kommunane. Det skal utgreiast nærare korleis og når dette skal skje. Fylkesrådmannen vil vurdere det vidare arbeidet med klinikkstrukturplanen, og vil kome attende til denne. I budsjettet for 2016 er det forslag om å endra tannhelsetilbodet ved tre sjukeheimar i Bergen kommune.

behandlingsromma er fullt utstyrte. Av desse er det meir enn 30 behandlingsrom som anten ikkje i er bruk eller berre delvis er i bruk.

Tabellen nedanfor viser fordelinga på tannklinikkar i dei ulike distrikta. Det er også teke med ei kolonne der ein har sett på klinikkbehovet fram i tid, med overslag for 2030.

Større tannklinikkar med godt fagleg og sosialt miljø er viktig for å rekruttere gode tannlegar og tannpleiarar. Tilsvarende erfaring er gjort i all helseteneste. Større tannklinikkar kan i tillegg haldast opne både i feriar og ved sjukdom og permisjonar.

Klima- og miljøtiltak

Alle tannklinikane i Hordaland fylkeskommune er sertifiserte som miljøfyrtårn. Tannhelsetenesta har i 2015 sett i verk ulike klimatiltak som vil bli vidareført i 2016 og i åra framover:

- LED-operasjonslamper
Alle operasjonslamper på tannklinikane er bytta ut til LED-belysning. Dette er både fagleg og energiøkonomisk gunstig.
- LED-belysning
Under prosjektering og bygging av Solheimsviken tannklinik er all rombelysning planlagt med LED-lys. Dette er energiøkonomisk gunstig. LED-belysning vil også bli brukt ved komande byggeprosjekt.
- EL-sykkel – Årstad tannklinik
Tannhelsepersonell på Årstad tannklinik har ansvaret for å gje tannhelsetilbod til pasientar på alle

sjukeheimane i området – totalt 18 sjukeheimar. Tannpleiar reiser rundt på sjukeheimane for å ta den første undersøkinga av pasientane. For at tannpleiarar og andre tilsette enkelt skal ta seg fram på ein miljøvenleg måte, er det kjøpt inn EL-sykkel til dette bruket.

Spesialistutdanning og forskning

Fire tannlegar tilsett i tannhelsetenesta er for tida under ei 3-årig spesialistutdanning. Alle har løn eller stipend frå Hordaland fylkeskommune. To tannlegar er under spesialistutdanning i pedodonti (barnetannpleie), ein i endodonti (rotfylling) og ein i periodonti (tannkjøtssjukdom). Dette blir

gjort for å auke kompetansen, samt å letta rekruttering til spesialisttilbodet på TkVest/Hordaland.

Tre tilsette i tannhelsetenesta gjennomfører forskingsprosjekt som skal leie fram til doktorgrad. Tema for dei tre forskingsprosjekta er:

- Samarbeid og samhandling mellom tannhelsetenesta og barnevernet
- Angst/fobi for sprøyter
- Østrogenhemmande stoff i kvite plastfyllingar

Driftsbudsjett 2016

Forslag til driftsbudsjett 2016 for tannhelsetenesta i Hordaland har ei brutto ramme på 303,5 mill. kr. Inntektene i 2016 er berekna til 111,8 mill. kr. Netto driftsbudsjett for tannhelsetenesta er budsjettet til 191,7 mill. kr. I forslaget til driftsbudsjettet er det berekna ein reduksjon i driftsbudsjettet på 4 mill. kr i 2016.

Moment innarbeidd i budsjettforslaget 2016:

• Askøy tannklinikk

Hordaland fylkeskommune har skrivne leigeavtale med Askøy kommune om leige av areal i Kleppstø senter til ny tannklinikk. Nye Askøy tannklinikk skal erstatte Kleppstø tannklinikk og Florvåg tannklinikk, og vil bli teken i bruk sommaren 2016.

Ekstra leigekostnader i 2016 – Askøy tannklinikk 0,5 mill. kr

• Solheimsviken tannklinikk/Tannlegevakten i Bergen

Solheimsviken tannklinikk vart teken i bruk sommaren 2015. Den erstattar Engen tannklinikk. I tillegg er tannlegevakta i Bergen lokalisert til Solheimsviken tannklinikk. Utstyr og lokale blir såleis godt nytta – til vanleg tannhelseteneste på dagtid og til tannlegevakt på ettermiddag- og kveldstid.

Ekstra leigekostnader i 2016 – Solheimsviken tannklinikk 1,5 mill. kr

Effektiviseringsgevinst ved samanslåing av 2 tannliknikar - 0,5 mill. kr

Ekstra kostnad 1,0 mill. kr

• Tannbehandling i narkose

Tannhelsetenesta i Hordaland gir tilbod om tannbehandling i narkose på Haukeland universitetssjukehus og på Stord sjukehus. Slik behandling skjer i eit samarbeid mellom spesialisthelsetenesta (anestesipersonell) og tannhelsetenesta (tannhelsepersonell), og årleg får totalt om lag 200 pasientar i Hordaland tannbehandling i narkose.

Pågangen for å få utført tannbehandling i narkose er aukan- de. Pr september 2015 er det 70 pasientar på venteliste, og ventetida er 6 månader. I tillegg har Haukeland universi- tetssjukehus varsla at det i framtida berre er pasientar som av medisinske grunnar treng innlegging på sjukehus som kan få utført tannbehandling i narkose der. Fylkeskommunen må difor i 2016 kjøpa privat anestesipersonell for å auka be- handlingskapasiteten. Tannbehandling i narkose vil bli utført på Solheimsviken tannklinikk.

Kjøp av anestesitener i 2016 - 1,0 mill. kr
Reduksjon i behandling/utgifter til Haukeland sjukehus - 0,5 mill. kr
Ekstra kostnad - 0,5 mill. kr

• Samarbeidsavtale med det medisinsk-odontolo- giske fakultet

Tannhelsetenesta har sidan august 2013 hatt en sam- arbeidsavtale med det medisinsk-odontologiske fakultet, ved Universitetet i Bergen. Denne avtalen er revidert hausten 2015 og vil gje auka utgifter til tannhelsetenesta i 2016.

Ekstra utgifter i 2016 knytt til samarbeidsavtale - 0,75 mill. kr

• Reduserte straumutgifter

Grunna reduserte straumprisar er det berekna reduksjon i straumutgiftene.

Reduksjon i straumutgifter 2016 - 0,5 mill. kr

• Porto

Tannhelsetenesta vil frå og med 2016 som hovudregel sende alle innkallingar om time hos tannlege og tannpleiar som ei SMS-varsling. Pasientar som ikkje kan ta imot slikt varsel, vil framleis få innkalling i posten.

Reduksjon i portoutgiftene 2016 - 1 mill. kr

• Leige og vask av arbeidstøy

Tannhelsetenesta endrar rutinane for vask av arbeidstøy frå og med 2016. Det blir gjennomført anbudsrunde der vaskeri blir bedne om å leige ut arbeidstøy samt vaske tøyet.

Reduksjon i utgifter til vask av arbeidstøy i 2016 - 0,5 mill. kr

• Pasientfaktura

Tannhelsetenesta arbeider med å innføre eit elektronisk faktureringssystem. Dette vil kunne redusere tal administrative stillingar.

Reduserte lønsutgifter - 1,5 mill. kr

• Reduksjon i administrative årsverk – tannhelseavdelinga

Tal årsverk i tannhelsetenesta sin sentraladministrasjon er frå haust 2015 redusert med 1,5 årsverk.

Reduserte lønsutgifter på tannhelseavdelinga - 1,25 mill. kr

• Klinikkar i Bergen kommune

Fylkesrådmannen foreslår å leggja ned tre klinikkar ved tre sjukeheimar i Bergen. Det er kun pasientar ved sjukeheimane som får tannhelsetilbod ved desse klinikkane. Dei tre klinikkane er lite eigna som tannklinikkar både med omsyn til utrusting, areal og plassering i bygget. Næraste tannklinikkk som er i dagleg drift, ligg i alle tre tilfella ca. 5 min unna.

Reduserte kostnader/effektiviseringsgevinst ved nedlegging av tannklinikkar

Midtbygda sjukeheim - 0,25 mill. kr

Løvåsen sjukeheim - 0,25 mill. kr

Betanien sjukeheim - 0,25 mill. kr

Totalt - 0,75 mill. kr

• Honorartakst

Auke i honorartakst for tannhelsetenesta frå og med 01.01.2016 på 3,5 % gir auke i pasientinntektene på 1,25 mill. kr – utover venta vekst i konsumprisindeksen.

Takstauken medfører at tannhelsetenesta i Hordaland framleis har eit honorarnivå som ligg på landsgjennomsnittet samanlikna med både offentleg og privat sektor.

Mål for tannhelsetenesta

Tannhelsetenesta i Hordaland har fastsett desse tre måla for det framtidige arbeidet:

- Moderne tannklinikkar med gode fagmiljø lokalisert i regionsentra vil fremme nærleik og samarbeid med andre aktørar i helse og omsorgssektoren. Tannhelsetenesta sitt kompetansesenter skal initiere forskningsprosjekt i den utøvande tannhelsetenesta.
- Tannhelsetenesta skal ha fokus på førebyggjande arbeid og på den måten bidra til betre folkehelse i tråd med nasjonale planar og føringer slik dei er omtalt i Helse og Omsorg 21.
- Tannhelsetenesta skal gjennom samarbeidsavtaler med kommunane i Hordaland samt private aktørar levere eit stabilt, effektivt og fagleg godt tannhelsetilbod til innbyggjarane i Hordaland.

Mål og tiltak

Tabellen under viser Tannhelsetenesta sine resultatmål for perioden 2016–2019.

Mål	Målepunkt	Tiltak 2016	Mål			
			2016	2017	2018	2019
Tannhelsesdata Det blir årleg utarbeidd oversikt over tannhelsesdata, og WHO har definert 5-, 12- og 18-åringar som nøkkelaarsskull.	% utan karieserfaring gjennomsnitt tal tenner med karies eller fylling» (DMFT-index).					
Tal ferdigbehandla i dei prioriterte gruppene Kvart tertial blir det rapportert kor mange pasientar som er ferdigbehandla i dei ulike gruppene.	Rapporteringa skjer på distriktsnivå - og i høve til oppsett behandlingsplan.	Betre informasjon om rettar og tilbod ut til brukarane Prosjekt leia av «Utviklingscenter for sykehjem og hjemmetjenester» om ny organisering av tilbodet til eldre, langtidssjuka og uføre				
Budsjett/regnskap Kvart tertial blir det rapportert på regnskapstall – pr distrikt og totalt for tannhelsetenesta.	Rekneskap sett i høve til budsjett	Rekneskap i balanse				
Tid brukt til folkehelsearbeid/førebyggende tiltak Kvart tertial blir det rapportert tidsbruk brukt til førebyggjande arbeid for dei ulike yrkesgruppene – pr distrikt og totalt for tannhelsetjenesta.	Tal timar som dei ulike yrkesgruppene har brukt på førebyggjande arbeid	Auka fokus på folkehelse generelt og tannhelse spesielt. Samarbeid med barnehager, grunnskuler og vgs om betre og sunnare kosthold				
Nærvær Kvart tertial blir det rapportert for nærvær for tilsette i tannhelsetenesta - pr distrikt og totalt for tannhelsetjenesta.	% nærvær	Implementering av IA-plan for tannhelsetenesta	94%			

Stimulerer til nyskaping, vekst og sysselsetting

Regionalavdelinga har som mål å vere ein pådrivar og støttespelar for kommunar og næringsliv, drive samfunnsutvikling og leggje til rette for ei berekraftig forvaltning av naturressursane. Dette fordrar auka merksemd på koordinering og samordning, for å sikre at aktuelle tiltak og aktivitetar drar i same retning. Ein ny regional planstrategi vert sentralt i dette arbeidet.



Nøkkeltal

		Budsjett 2015	Budsjett 2016	Endring i %
Næring og lokalsamfunnsutvikling	Brutto driftsutgifter	130 036	126 011	-3 %
	Driftsinntekter	-92 384	-87 200	-6 %
	Netto driftsutgifter	37 652	38 967	3 %
Plan og folkehelse	Brutto driftsutgifter	15 263	16 682	9 %
	Driftsinntekter	-831	-200	-76 %
	Netto driftsutgifter	14 432	16 482	14 %
Klima og naturressursar	Brutto driftsutgifter	15 044	15 308	2 %
	Driftsinntekter	-1 670	-2 190	31 %
	Netto driftsutgifter	13 374	13 118	-2 %
Forskning, internasjonalisering og analyse	Brutto driftsutgifter	39 909	57 096	43 %
	Driftsinntekter	-32 220	-47 139	46 %
	Netto driftsutgifter	7 689	9 957	29 %
Administrasjon	Brutto driftsutgifter	11 893	7 689	-35 %
	Driftsinntekter	-	0	
	Netto driftsutgifter	11 893	7 689	-35 %
	Sum brutto driftsutgifter	212 145	222 786	5 %
	Sum driftsinntekter	-127 105	-136 729	8 %
	Sum netto driftsutgifter	85 040	86 057	1 %

Ein del av endringane i tabellen over er knytt til endringar i organiseringa av Regionalavdelinga med verknad frå 1.11.2015: Utgifter knytt til analyse, utgreiing og dokumentasjon var tidlegare lagt i stab og var ført som administrasjon, medan denne funksjonen no vert nærmare knytt til forskning og internasjonalisering. Folkehelse er lagt saman med planarbeid.

Kommentarar til nøkkeltala

Fylkesrådmannen legg fram eit driftsbudsjett for Regionalavdelinga der bruttoutgiftene er auka med om lag 10 mill. kr samanlikna med budsjett for 2015. Driftsinntekter er auka med om lag 9 mill. kr. Auke i netto driftsutgifter har i første rekkje samanheng med lønsutviklinga, der kvart område inkluderer eit lønsbudsjett som er justert for lønssstigning i 2015 og forventet auke i 2016.

Personalkostnader er fordelt på tenesteområda. Det er budsjettert med 60 fast tilsette (57,6 årsverk) og 1,5 engasjement, totalt 59,1 årsverk. Samla budsjett til løn og sosiale utgifter på avdelinga er 45,4 mill. kr. 5 års-verk har ekstern finansiering: Regionalt forskingsfond (1,5 årsverk); VRI (1 årsverk); næringsretta utviklingstiltak (1 årsverk) og

Nordsjøkommissjonen (1,5 årsverk). I tillegg er det budsjettert med at 1,2 mill. kr av næringsseksjonen sitt lønsbudsjett vert finansiert av HNH-midlar. Netto personalkostnader vert 42,8 mill. kr.

Ei regionalavdeling førebudd på framtida

Som del av programmet Førebudd på framtida har vi gått gjennom dei fagområda som Hordaland fylkeskommune internt og eksternt har behov for. Alle oppgåver avdelinga gjer har vore analysert med omsyn til mellom anna tidsbruk, kostnad, nytte og potensial for effektivisering. Denne oppgåvegjenomgangen er lagt til grunn for budsjettarbeidet. Som eit konkret resultat av oppgåvegjenomgangen endrar

vi også organiseringa for å gjere oss bedre rusta for å møte utfordringane samfunnet står ovanfor. Regionalavdelinga arbeider kunnskapsbasert og utviklar samhandling på tvers av seksjonane for å arbeide effektivt og saumlaust. Frå november 2015 har vi fire fagseksjonar; næring- og lokalsamfunnsseksjonen, klima- og naturressursseksjonen, plan- og folkehelseseksjonen og seksjon for forskning, internasjonali- sering og analyse.

Ei meir målretta satsing inneber å fjerne mindre postar, som reduserer utgifter til drift og administrasjon samstundes som ein kan betre kvaliteten på dei tenestene som gir størst effekt med reduksjon på 1,7 årsverk samanlikna med 2015 som resultat. Andre utgifter til drift og administrasjon er ikkje regulert for prisvekst og vidare redusert med om lag kr 700 000. Fylkesrådmannen legg vidare opp til å spare inn 900 000 kr ved å fjerne mindre postar (Næringsbarometret og Drift innovasjonstiltak) og forenkle administrasjonen knytt til planarbeid.

Handlingsretta planar som bidrar til ei heilskapleg og berekraftig utvikling


I 2016 skal Fylkestinget vedta ny regional planstrategi. Regional planstrategi er ein styrka overordna plan for arbeidet med regional utvikling. Planstrategien er med å knyte saman dei ulike delplanane og strategiane til ein heilskapleg og berekraftig ramme for utviklinga av Hordaland. Planane skal vere praktiske og forpliktande verkøy for ei berekraftig samfunnsutvikling.

Planarbeidet er tufta på ny og relevant kunnskap og skal gi mål og retning for eit heilskapleg og berekraftig utviklingsarbeid. Dialogen med aktørar i Hordaland vil gi viktige innspel til arbeidet med planar. Arbeidet skjer i tråd med dei tre verdiane til Hordaland fylkeskommune kompetent, offensiv og i dialog, med rammetilhøva for denne industrien, og ved å stimulere og støtte konkrete tiltak og prosjekt. Situasjonen i marknaden og i næringslivet i Hordaland gjer at fylkeskommunen har styrka arbeidet med kortsiktige og langsiktige tiltak for

å gjere det lettare for samfunnet og næringslivet å omstille seg i tråd med marknaden. I Hordaland har vi sterke klynger som er med på å forme næringslivet i fylket. Desse klyngene spelar ei viktig rolle for ei framtidretta regional utvikling. Også samarbeid mellom klyngene og mellom FOU-miljøa og næringslivet er viktig for ei framtidretta utvikling.

For å møte desse utfordringane etablerte fylkesutvalet i 2015 eit eige omstillingsutval med representantar frå det offentlege, verkemiddelapparatet og næringslivet. Fylkesutvalet sette av 5 mill. kr til omstillingsarbeidet i 2015. Kommunal- og moderniseringsdepartementet har bedt Hordaland fylkeskommune skalere opp dette arbeidet til å omfatte kystfylka frå Aust-Agder til og med Møre og Romsdal. I Regjeringa sitt forslag til statsbudsjett for 2016 er det sett av 20 mill. kr til dette arbeidet. Gjennom dette fylkesoverskridande omstillingsarbeidet, leia av Hordaland fylkeskommune, skal det arbeidast fram tiltak som vil gi god effekt så raskt som mogeleg for å dempe konsekvensane av nedgangen i denne industrien og for å utnytte mogelegheitsvindauget denne endringa gir. Eit særskilt fokusområde vil vere fylkesoverskridande tiltak knytt til etter- og vidareutdanning.

Samanheng mellom styringsdokument



Eit robust og framtidsretta næringsliv

Hordaland har lenge hatt høg aktivitet knytt til olje- og gassverksemda på norsk sokkel. Det har gjeve positive ringverknader for leverandørar av varer og tenester til denne aktiviteten. I 2015 har dette snudd og det er store omleggingar som får konsekvensar for mange verksemdar i Hordaland. Mange er permitterte og oppsagte, noko som har ført til auke i arbeidsløysa. Det er behov for ei ekstra satsing på omstilling av verksemdar og arbeidstakarar for å sikre eit robust og framtidsretta næringsliv. Kompetansen må mellom anna nyttast til å satse på grøn omstilling og fornybar energi.

Hordaland fylkeskommune har i fleire år varsla om at denne sektoren er prega av strukturelle problem med eit kostnadsnivå som ikkje er berekraftig på lang sikt. Fallet i oljeprisen hausten 2014 har forsterka desse problema. Omstilling, innovasjon og nyskaping er naudsynt. Leverandørindustrien er verdsløiande på mange felt, og kan ha ei god framtid om den posisjonerer seg og utviklar vidare Hordaland sine store fortrinn innanfor marin og maritim sektor og fornybar energi. Ein må nytte høvet til å satse på det grønne skiftet. Ansvar for dette ligg primært hos næringsutøvarane, men myndigheiter nasjonalt og regionalt kan medverke ved å gjere noko med rammetilhøva for denne industrien, og ved å stimulere og støtte konkrete tiltak og prosjekt. Situasjonen i marknaden og i næringslivet i Hordaland gjer at fylkeskommunen har styrka arbeidet med kortsiktige og langsiktige tiltak for å gjere det lettare for samfunnet og næringslivet å omstille seg i tråd med marknaden. I Hordaland har vi sterke klynger som er med på å forme næringslivet i fylket. Desse klyngene spelar ei viktig rolle for ei framtidsretta regional utvikling. Også samarbeid mellom klyngene og mellom FOU-miljøa og næringslivet er viktig for ei framtidsretta utvikling.

Utvikling mot auka berekraft

Ei berekraftig utvikling er eit ansvar for alle samfunnssektorar og skal sikre livskvalitet og livsgrunnlag både i dag og i framtida. Det femner om økonomisk, sosial og miljømessig utvikling. Hordaland har ein open økonomi og samfunnsutviklinga er påverka av kva som skjer globalt.

Arbeidet må vere langsiktig, systematisk og konsistent. Klimaplanen med visjonen Hordaland på veg mot lågutslippssamfunnet skal ligge til grunn for all planlegging i fylkeskommunen. Regionalavdelinga sitt arbeid og bruken av dei ulike verkemidlane må styrke ei berekraftig utvikling og stø opp om måla og strategiane i klimaplanen. Tema i planen er samarbeid, energiproduksjon, bygningar, arealbruk og transport, næringsliv og teknologi og tilpassing til klimaendringar.

Klimaplanens hovudmål

Mål for klimagassutslepp

Utslepp av klimagassar i Hordaland skal reduserast med 22 % innan 2020 i høve til 1991 og 40 % innan 2030 i høve til 1991. Det vil seie ein årleg reduksjon på 3,9 % fram til 2020,

og deretter årleg reduksjon på 2,6 % fram til 2030.

Mål for energi

Energibruken i Hordaland skal reduserast med 20 % innan 2020 og 30 % innan 2030 i høve til 2007. Dette vil seie ein årleg reduksjon på 2,2 % fram til 2020, og deretter 1,3 % årleg reduksjon fram til 2030. Energibehovet til alle føremål skal i størst mogleg grad dekkjast av fornybare energikjelder utan tap av naturmangfald.

Mål for tilpassing til klimaendringar

Tilpassing til klimaendringar skal baserast på føre-var-prinsippet, stadig meir presise grunnlagsdata og kunnskap om lokale tilhøve.

Berekraftig forvaltning av naturressursane er sentralt i arbeidet. Økosystema leverer fornybare og ikkje-fornybare naturressursar og gir grunnlag for stor økonomisk aktivitet og verdiskaping i fylket vårt. Naturmangfaldet er mange stader under press. Forvaltinga må integrere omsynet til økosystem og miljøverdiar med dei politiske og økonomiske avgjerdsprosessane. Auka utvikling og bruk av kunnskap og kompetanse er nødvendig for å oppnå berekraftmåla.

Kunnskapsproduksjon som tener hordalandssamfunnet

For å møte utfordringane vi står ovanfor, både når det gjeld omstillingsbehov i næringslivet og med omsyn til klima og miljø, ser vi det som sentralt å styrke kunnskapsproduksjon som bidrar til innovasjon og nytenking både i privat og offentlig sektor.

Hordalandssamfunnet sine utfordringar er mykje dei same som det andre regionar i Europa har. Ved å få innsikt i korleis desse blir møtt i andre regionar og analysere likskaper og ulikskaper, kan vi få større forståing for korleis vi kan møte dei same utfordringane og korleis vi i fellesskap kan utvikle nye løysingar.

Regionale forskingsfond og EU-program som Horisont 2020, Interreg og Erasmus+ er viktige verktøy i dette arbeidet. Regjeringa foreslår å auke løyvinga til Regionalt forskingsfond Vestlandet med 13 mill. kr i 2016. Auken skal medverke til omstilling i nærings- og arbeidslivet i dei tre fylka som fondet dekker. Dette gjer oss betre rusta til å få fram forskingsbasert kunnskap som kan spele ei avgjerande rolle i den omstillingsprosessen vi står ovanfor.

Mange innovasjonsbehov går på tvers av sektorar. Dette gjeld og for Hordaland fylkeskommune som organisasjon og tenesteytar. Hordaland fylkeskommune må bidra til at forskingssystemet utviklar kunnskap saman med offentlig sektor.

Folkehelse

Det overordna målet med folkehelsearbeid i Hordaland er å bidra til eit langsiktig og systematisk arbeid som gir fleire

gode leveår for befolkninga, og som utjamnar sosiale helseforskjellar.

Fylkeskommunen er ein viktig pådrivar for folkehelsearbeidet i fylket og skal understøtte folkehelsearbeidet i kommunane. I dette ligg mellom anna å betre forholda for befolkninga gjennom å skape vekstkraftige regionar. Som samfunnsutviklar har fylkeskommunen ei rolle i å få til eit heilskapsgrep på folkehelseutviklinga i fylket. Dette inneber ei pådrivarrolle også overfor andre regionale aktørar, som frivillig sektor, næringslivet, forskings- og undervisningsmiljø og andre.

Ekstern finansiering i Regionalavdelinga

I budsjettet for 2016 er det ført opp kva ein ventar å få av øyremerka statlege midlar og andre eksterne finansieringskjelder. Fylkesrådmannen tek innleiingsvis med ei samleoppstilling over statstilskota. Dei ulike tilskotsordningane er kommenterte nærare under kvar enkelt budsjettpost.

Øyremerka statlege midlar	
HNH/Regionalt utviklingsprogram	-47 300
Regionalt forskingsfond	-45 919
Omstillingsmidlar	-20 000
Næringsretta utviklingstiltak	-17 000
VRI	-1 700
Landbruk	-1 200
Vassregion	-1 590
Tilskotsmidlar jakt og fiske	-500
Fiskesprell (folkehelse)	-200

I tillegg er det budsjettert med midlar frå europeiske program:

Midlar frå europeiske program	
Erasmus	-600
Aktiv ungdom	-250
Nordsjøkommisjonen	-250
Nordsjøprogrammet	-120

Andre inntekter	
Skjelsandkonsesjonar	-100

- Fylkesrådmannen fører opp 3,5 mill. kr til klima planen. Det inneber mellom anna at satsinga på utbygging av infrastruktur for ladbare bilar held fram i 2016. Sykling er berekraftig mobilitet og får endå større merksemd i klimaarbeidet.
- Hordaland er det klart største fylket når det gjeld deltakarar i klyngeprogramma NCE (Norwegian Centre of Expertise) og GCE (Global Centre of Expertise). Hordaland fylkeskommune har i mange år støtta utviklinga av nye klyngeinitiativ for å styrkje dei i konkurransen om å kome med i dei nasjonale programma. Vi er også ein mindre bidragsyter til drift av klyngene. På bakgrunn av resultatata er dette ein strategi vi vil fortsette med i 2016.

Nærings- og lokal samfunnsutvikling

Styringsdokumenta våre er gode reiskaper til å arbeide med samfunnsutvikling, gjennom strategiane entreprenørskap og innovasjon, næringsretta kompetanse og ein velfungerande Bergensregion og attraktive regionale senter. Særskilt merk-

sem vert retta mot omstilling i næringslivet og tilrettelegging for det grønne skiftet, gjennom auka kunnskapsproduksjon og innovasjon i dialog med næringslivsaktørar.

	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Endring %
HNH - statlege overføringar	56 784	47 000	-17 %
HNH - fylkesmidlar	3 321	3 387	2 %
Landbruk	1 200	1 200	0 %
Næringsretta utviklingstiltak	32 700	17 000	-48 %
Drift innovasjonstiltak	432	-	-100 %
Prosjekt med førebels driftsti	15 733	15 733	0 %
Lokalsamfunnsutvikling og LivO	528	100	-81 %
Næringsbarometeret	371	-	-100 %
VRI	1 700	1 700	0 %
Vestlandsrådet	500	500	0 %
Regionale utviklingsprosjekt	9 268	9 250	0 %
Omstillingsmidlar		20 000	
Drift næringsseksjonen	7 499	9 841	31 %
Sum brutto driftsutgifter	130 036	125 711	-3 %
Sum driftsinntekter	-92 384	-86 900	-6 %
Sum netto driftsutgifter	37 652	38 967	3 %

Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland

Budsjettposten omfattar øyremarka midlar både frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) til regional næringsutvikling og fylkeskommunale midlar til prosjektutvikling knytt til satsingane i HNH. I 2015 fekk Hordaland fylkeskommune tildelt 56,784 mill. kr på denne posten frå KMD, ein nedgang på omlag 3,9 mill. kr frå året før. I tillegg vart det løyvd 3,071 mill. kr over fylkeskommunen sitt budsjett. Renter på unytta midlar ved utgangen av 2014 på kr 2,431 mill. kr vart lagt til slik at den totale ramma var på 62,286 mill. kr i 2015.

Dei fylkeskommunale midlane til satsingane i HNH kan nyttast friare enn dei statlege midlane, som må nyttast i samsvar med eit stramt regelverk. Denne løyvinga er såleis

eit svært viktig supplement i arbeidet med næringsutvikling i fylket. For 2016 fører fylkesrådmannen opp 3,3 mill. kr i tillegg til dei statlege midlane til HNH 2016. I sitt orienteringsbrev (av 07.10.2016) til fylkeskommunane i samband med Statsbudsjettet for 2016 orienterer KMD om førebels rammer for 2016. Her går det fram at Hordaland sin del av midlane går ned til 47,3 mill. kr i 2016. Nedgangen skuldast delvis at vårt fylke ikkje får egne omstillingsmidlar i 2016 utover dei midlane som går inn den felles omstillingssatsinga med 5 andre fylkeskommunar omtalt i eige avsnitt og dels at det distriktpolitiske området har blitt endra. Samla sum (statlege og fylkeskommunale midlar) vert då 50,6 mill. kr til HNH 2016. I tillegg kjem renter på unytta midlar pr. 31.12.2015.

Det vert lagt til grunn at ein tidleg i 2016 fordeler desse midlane i eiga sak til fylkesutvalet om revisjon av HNH for 2016. På bakgrunn av dei reduserte rammene for dei stat-

lege overføringane vil vidareføring av dei ulike satsingane då bli nærare vurdert. Inkludert i denne vurderinga vil vere vidareføring av øyremerking av 2 mill. kr av desse midlane til klimarettatiltak.

Omstillingsmidlar for å møte utfordringane i petroleumsnæringa

På bakgrunn av endringane i petroleumsindustrien og leverandørindustrien sette fylkesutvalet i juni 2015 ned eit eige omstillingsutval for Hordaland for å møte desse utfordringane. Det vart sett av 5 mill. kr til å finansiere arbeidet. Dette utvalet skal utarbeida tiltak for å motverke konsekvensane med omsyn til arbeidsløyse, tap av kompetanse og hjørnesteinsbedrifter, behov for omstillingsmidlar og undervisning og etterutdanning.

Departementet fant initiativet og arbeidet som Hordaland sette i verk på dette området så interessant at dei ba om å utforma ei skisse til korleis eit slikt omstillingsarbeid kunne utvidast til fleire fylke som er ramma av dei same utfordringane.

Med bakgrunn i dette arbeidet er det sett av 20 mill. kr i Statsbudsjettet for 2016 til ei felles satsing for fylka Aust Agder, Vest Agder, Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Hordaland fylkeskommune skal forvalte midlane og leie arbeidet. Midlane skal nyttast på tvers av fylkeskommunane. Det skal arbeidast fram tiltak som vil gi god effekt så raskt som mogeleg for å dempe konsekvensane av nedgangen i denne industrien og for å utnytte mogelegheitsvindauget denne endringa gir. Eit særskilt tema vil vere fylkesoverskridande tiltak knytt til etter- og vidareutdanning.

Næringsretta partnerskapsmidlar

Føremålet med løyvingane på denne posten er å stø opp om regionale næringsretta utviklingsaktørar, som blir vurdert som viktige for å gjennomføre næringsutviklingsarbeidet i tråd med Regional næringsplan for Hordaland og det tilhøyrande handlingsprogrammet.

Fylkesutvalet fastsette i 2013 nye prioriteringskriteria og forvaltingsregime for slike samarbeidsavtaler med regionale næringsretta utviklingsaktørar. Midlane blir ikkje fordelt på dei ulike samarbeidspartnarane i budsjettet, men gjennom ein eigen sak til fylkesutvalet kvart år. I same sak vedtar fylkesutvalet også kor mykje av HNH-budsjettet som skal nyttast til slik støtte.

I budsjettet for 2015 vart det sett av 15,733 mill. kr til formålet, utan fordeling på einskildaktørar. I tillegg gjorde fylkestinget vedtak om å løyve kr 250 000 til Nordiske Mediedager som blei lagt til denne ramma. I januar 2015 vedtok fylkesutvalet å fordele desse midlane på til saman 21 utviklingsaktørar. Samstundes vart det vedtatt å nytte 8,18 mill. kr av HNH budsjettet som støtte til totalt 17 aktørar.

Fylkesrådmannen legg til grunn at støtta til Nordiske mediedagar blir vidareført for 2016 og fører opp 15,983 mill.

kr på denne budsjettposten for 2016. I tråd med vedtekte retningslinjer vil fylkesrådmannen fremje sak for fylkesutvalet i januar 2016 om fordeling av midlar på dei ulike regionale utviklingsaktørane.

Næringsretta utviklingstiltak

Denne posten omfattar ordninga med kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift med overføring av øymerke statlege midlar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Nytt regelverk for differensiert arbeidsgjevaravgift vart innført frå 1. juli 2014 og skal gjelde til ut 2020. I det nye regelverket har kommunane Kvinnherad, Tysnes og Jondal fått gjeninnført differensiert arbeidsgjevaravgift og dei gjekk såleis ut av kompensasjonsordninga. Det inneber at dei kommunane som framleis er omfatta av ordninga er Etne, Bømlo, Kvam og Modalen.

Kompensasjonsmidlane har blitt disponert gjennom ein eigen årleg Plan for bruk av kompensasjonsmidlane som vert vedteken av fylkesutvalet etter forslag frå ei eiga styringsgruppe. Hovudsatsingar og forvaltning av midlane vil bli revurdert hausten 2015 i samband med disponeringa av midlane for 2015.

Av orienteringsbrevet frå KMD går det fram at budsjettposten Næringsretta midlar til regional forvaltning, kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift er redusert frå 360,7 mill. kr i 2015 til 205,3 mill. kr i 2016. Departementet vil komme attende med den fylkesvise fordelinga av midlane i 1. kvartal 2016. Samstundes skriv KMD at denne ordninga blir foreslått avvika etter 2018. Med ei avviking etter 2018 har næringslivet vore indirekte kompensert over en periode på 15 år.

Sidan det ikkje ligg føre noko fylkesvis fordeling av desse midlane for 2016, budsjetterer fylkesrådmannen førebels med at Hordaland får same del av midlane som i 2015 (ca 8 %). Dette vil utgjøre 17 mill. kr. Fylkesrådmannen kjem attende til fylkesutvalet med sak om fordeling av desse midlane når den fylkesvise fordelinga er kjent.

Næringsbarometeret

Det vart sett av kr 371 000 til Næringsbarometeret i 2015. Fylkesutvalet gjorde slikt vedtak 18.06.2015: «Fylkesutvalet er positivt til å gjennomføre Næringsbarometeret 2015 i fylkeskommunal regi. Fylkesutvalet vil ta endeleg avgjerd om vidareføring i samband med budsjettframlegget for 2016.»

Med bakgrunn i budsjettinnsparingar foreslår fylkesrådmannen å ta ut budsjettsummen til Næringsbarometeret frå 2016. Det vert arbeidd med å finne annan finansiering for å arbeide fram vidare kunnskapsgrunnlag for mellom anna omstillingsarbeid. Siste utgåve av Næringsbarometeret vil vere klart for lansering på fylkesordføraren sitt nyårsmøte i januar 2016.

Drift innovasjonstiltak

Oppfinnarprisen

Prisen er med å stimulera auka kreativitet og innovasjon i fylket og blir delt ut på fylkestinget i desember kvart år. Samanlikna med andre prosjekt finn fylkesrådmannen dette å vere relativt ressurskrevjande og foreslår difor at utdelinga i 2015 vert den siste.

Nyskaping og entreprenørskap ved Høgskulen i Bergen

I 2012 inngjekk fylkeskommunen avtale med Høgskulen i Bergen om tilskot til ei stipendiatstilling knytt til eit forskingsprogram innan rural innovasjon. Avtalen gjeld for fire år, med årleg tilskot på kr 300 000. 2015 er siste år med tilskot, det er ikkje inngått vidare avtale.

Lokal samfunnsutvikling

LivOGLyst er under avvikling i samsvar med budsjettvedtak 2015. For 2016 fører fylkesrådmannen opp kr 100 000.

Regionale utviklingsprosjekt

Midlane skal gå til regionale prosjekt der målet er å skape noko unikt for heile eller delar av fylket, eller til prosjekt som verkar til å skape attraktive og konkurransedyktige regionar. Midlane blir lyst ut til kommunane og går primært til investeringsføremål. I 2012 vart det løyvd 4 mill. kr årleg i ti år frå denne posten til turistvegprosjektet for "Fossar i Hardanger". Fylkesrådmannen legg til grunn uendra ramme for midlane, slik at det er sett av 9,268 mill. kr for 2016. Midlane vart utlyst i juli 2015, då også med midlar for 2016.

VRI

Noregs Forskingsråd sitt tiårige program Verkemidlar for regional FoU og innovasjon (VRI) går ut etter 2016. Hordaland fylkeskommune har delteke i alle åra og har hatt merksemd på å betre samhandlinga mellom forskingsinstitusjonane og bedriftene i regionen. Finansieringa av programmet er delt med 50 prosent frå Noregs Forskingsråd, minst 25 prosent frå Hordaland fylkeskommune og resterande frå bedrifter og forskingsmiljø. For 2016 fører fylkesrådmannen opp 1,7 mill. kr – same sum som i 2015. VRI vil i 2017 etter alt å dømme verte erstatta av eit nytt program knytt til mobilisering til forskingsbasert innovasjon i bedrifter. Her er det venta at fylkeskommunane får ei aktiv rolle og deltek økonomisk.

Landbruk

Hordaland fylkeskommune har oppgaver knytt til landbruket i regionen. Dei viktigaste oppgåvene er knytt til kompetanseoppbygging, rekruttering og likestilling. Hordaland fekk tilført 1,2 mill. kr frå Landbruks- og matdepartementet i 2015. Midlane går til ulike prosjekt, kurs og tiltak etter søknad. "RULL, - Strategi for forvaltning av midlar til rekruttering, utdanning og likestilling i landbruket i Hordaland for 2011–2015" legg føringar på korleis midlane blir disponert. Det er venta at den statlege løyvinga vert vidareført i 2016.

Vestlandsrådet

Løyvinga går til kontingent til Vestlandsrådet (kr 500 000). Møteverksemd vert dekkja av deltakarane.

Drift

Næringsseksjonen har 16 tilsette i 2016, det same som i 2015. Auke i driftspost utover lønsvekst har bakgrunn i at eit vikariat var vakant i 2015, samt at 1,5 årsverk som tidlegare har vore finansiert over lokalsamfunnsutvikling og LivOGLyst er overført på driftsposten.

Regional planlegging og folkehelse

Seksjon for plan og folkehelse har hovudansvaret for regional planlegging i fylket, for arealretta regionale planar og regional planstrategi. Seksjonen koordinerer fylkeskommunens arbeid med kommunale planar og samarbeidet med kommunane om slik planlegging. Seksjonen leier arbeidet i

Regionalt planforum og tilbyr kommunane ei rekkje kompetansetiltak i kommunal planlegging. Tettstad- og sentrum-utvikling er eit prioritert arbeidsfelt. Hordaland fylkeskommune sine planoppgåver er forankra i plan- og bygningslova og i planar med heimel i denne.

Plan og folkehelse	Budsjett 15	Budsjett 16	Endring %
Kommunal og regional planlegging	3 053	2 965	-3 %
Folkehelsearbeid	4 549	4 200	-8 %
Drift planseksjonen	6 830	9 317	36 %
Sum brutto driftsutgifter	15 263	16 682	9 %
Sum driftsinntekter	-831	-200	-76 %
Sum netto driftsutgifter	14 432	16 482	14 %

Regional planlegging

I 2016 vil arbeidet med ny Regional planstrategi vere ressurskrevjande. Arbeidet vil foregå heile året fram til vedtak i fylkestinget i desember. Areal- og transportplan for Bergensområdet vil venteleg bli vedtatt og krev tett oppfølging for iverksetjing. Det same gjeld regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. Arbeidet med iverksetjing av handlingsprogrammet i regional plan for attraktive senter vil krevje stor merksemd. Planane for høg fjellsonråda med villreininteresser er vedtatt og krev noko merksemd. Det vil bli arbeid med å utvikle betre system for kopling mellom regional planlegging og verksemdplanlegging. Midlar vil bli nytta til planlegging i samsvar med regional planstrategi og til oppfølging av planar under Planseksjonens ansvar.

Senter- og tettstadutvikling

Oppfølging av regional plan for attraktive senter vil vere prioritert. Det gjeld i særleg grad regionsenterfunksjonar, attraktive sentrumsområde og tilhøvet til handelsetableringar. Tilskot til samarbeidsprosjekt i ulike senter vil halde fram, og handlingsprogrammet til senterplanen vil krevje prosjektmidlar.

Kommunal planlegging

2016 vil bli eit år der kommunane vil ha fokus på kommunal planstrategi. Rettleiing og samarbeid om kommunale planstrategiar vil gå parallelt med regional planstrategi. Statistikk og analysar vil vera relevant for begge plannivå. Aktiviteten når det gjeld anna kommunal planlegging kan flata ut i vente på strategi. Det er trong for utvikling av dei

interne prosessane i fylkeskommunen med sikte på einskap og effektivitet.

Regionalt planforum

Regionalt planforum er ein møteplass for kommunar og regionalt nivå, der planar blir drøfta på eit tidleg stadium. I nasjonale forventningar er det lagt auka vekt på dette organet som blir leia av fylkeskommunen. Aktiviteten vil vere stabil med rundt 12 møtedagar i året. Det kan vere aktuelt med desentraliserte møte og ulike tiltak for å utvikle planforumet som vert finansiert av planseksjonen sitt driftsbudsjett.

Plankompetanse

Fylkeskommunen skal tilby kommunane kompetanse i kommunal planlegging. Dette vert gjennomført i form av fagdagar, konferansar og vidareutdanningstilbod. I 2016 vil det vere fokus på nyvalde planutval i kommunane. Dessutan vil kompetanseutviklingstiltak gjennom FOU-prosjekt knytt opp til kommunal planlegging og samverknad med regional planlegging vera særleg relevant. Samarbeid med Høgskolen i Bergen og Universitetet i Bergen om planutdanning halde fram. Mindre støttebeløp vil bli gitt til særleg relevante forskings- og utviklingsprosjekt for kommunal og regional planlegging i Hordaland.

Folkehelse og universell utforming

Folkehelselova gir fylkeskommunar ansvar for å ivareta folkehelsearbeid i eiga tenesteyting, forvaltning, planlegging og innan regional utvikling. Lova legg vekt på fylkeskommu-

nen si rolle i å understøtte kommunane sitt folkehelsearbeid. Arbeidet er i ein utviklingsfase. Føringer for dette arbeidet i fylket er lagt i Regional plan for folkehelsearbeidet i Hordaland. Til folkehelsearbeidet i Hordaland fylkeskommune fører fylkesrådmannen samla opp kr 4 400 000. Det er budsjettert med kr 200 000 i statlege midlar. Hordaland fylkeskommune har eit ansvar for å sikre koordinert utviklingsarbeid i kommunane og i fylkeskommunen knytt til universell utforming, og delta i statleg samarbeid på dette området.

Mesteparten av budsjettmidlane vert sett av som tilskotsmidlar til kommunane i Hordaland for å fremje utvikling av folkehelsearbeidet (partnarskapsarbeidet) i perioden 2014–17. Dette skal vere basert på avtalar med sikte på å setje i verk eit systematisk og tverrsektorielt folkehelsearbeid i kommunane. Det vert sett av kr 3 250 000 i tilskot til kommunane i Hordaland.

Det skal gjennomførast ei samling i 2016 knytt til praktisk folkehelsearbeid i kommunane, og oppfølging av oversiktsar-

beidet som vart gjort i 2015. Samarbeid mellom kommunar og frivillige organisasjonar som har aktivitetar på tvers av fleire kommunar om folkehelseiltak vil kunne få støtte.

Det vert satsa på kompetanseheving knytt til folkehelsearbeid i Hordaland fylkeskommune i samsvar med nasjonale forventningar for 2016. Det vert også sett av midlar til oppfølging av oversiktsarbeidet, mellom anna gjennomføring av fleire undersøkingar og tiltak der det er påvist manglar.

Drift plan- og folkehelseseksjonen

Auke i denne budsjettposten utover venta lønsvekst, er knytt til at folkehelsearbeid er lagt saman med plan, og inneberer ikkje auke i bemanning totalt sett i fylkesadministrasjonen. Planseksjonen har 12 tilsette i 2016.

Forskning, internasjonalisering og analyse

Samanslåinga av Analyse, utgreiing og dokumentasjon med Forsking og internasjonale tenester til éin seksjon er med på å gje kunnskapsproduksjon større tyngde og auka merksemd både internt og eksternt.

Seksjonen skal ha i oppgåve å setje søkelys på kva kunnskap som trengst for å kunne løyse dei samfunnsutfordringane

hordalandssamfunnet står overfor både i privat og offentleg sektor og kva kunnskap Hordaland fylkeskommune treng for å kunne drive innovasjon i eiga verksemd. Seksjonen skal bidra til at dette behovet blir dekkja ved hjelp av dei verkemidlane vi har tilgjengeleg og i samarbeid med kommunane og andre regionale aktørar.

Forskning, internasjonalisering og analyse	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Endring %
Nordsjøkommissjonen	1525	1059	-31 %
Internasjonale tenester-prosjekt	474	350	-26 %
Erasmus	600	600	0 %
Aktiv ungdom	250	250	0 %
Nordsjøprogrammet	120	120	0 %
Regionalt forskingsfond	30 750	45 919	49 %
Driftseksjon	6 190	8 798	42 %
Brutto driftsutgifter	39 909	57 096	43 %
Driftsinntekter	-32 220	-47 139	46 %
Netto driftsutgifter	7 689	9 957	29 %

Regionalt forskingsfond

Regionale forskingsfond skal mobilisere til auka forskingsinnsats og styrke forskning for regional innovasjon og utvikling, innan regionalt prioriterte tema. Ordninga er fullfinansiert gjennom ei statleg fondsavsetning. RFF Vestlandet er eit samarbeid mellom Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland. Hordaland er vertsfylkeskommune med ansvar for administrasjon og økonomi. Fondet har eige styre oppnemnt av fylkestinga i dei tre deltakarfylka. Fondet har dei fem første åra fokusert på tema som Berekraftig matproduksjon, Energi, Reiseliv og Innovasjon i offentleg sektor. Det er løyvt midlar til 1–3 årlege hovudprosjekt med ei øvre ramme på 3 mill. kr for kvart prosjekt og mindre kvalifiseringsprosjekt med ei øvre ramme på kr 300 000. Fylkestinga i fondsregionen skal vedta ny regional bestilling til fondsstyret med verknad frå 2016. Bestillinga vil avklare tematisk innretting og profil på fondsarbeidet. Det vert lagt opp til ei eiga sak til fylkestinget i desember 2015.

Frå 2015 er den opphavlege fondsavsettinga trekt inn, og regionale forskingsfond vert no finansiert som ein ordinær post på Kunnskapsdepartementet sitt budsjett. Løyvinga vart i samband med dette justert opp i tråd med prisstigning. Regionalt forskingsfond Vestlandet fekk i 2015 kr 31 965 000 i ordinær løyving over Statsbudsjettet. I tillegg fekk fondet kr 3 500 000 som del av den særlege posten for samarbeid mellom fondsregionane og kr 3 003 024 i renter frå bundne, men ikkje nytta midlar i fondet. Kunnskapsdepartementet har fastsett at om lag 7 % av overførte midlar kan nyttast til administrasjon av fondet. Samla økonomisk ramme for Regionalt forskingsfond Vestlandet i 2016 vert etter forslaget i Statsbudsjettet kr 45 919 000, som er ei auke på heile 43,7 % frå 2015. Ein skal merke seg at dette er ei særleg løyving for 2016 som del av Regjeringa si omstillingspakke.

Internasjonale tenester – prosjekt

Fylkesrådmannen budsjetterer med kr 350 000 til internasjonale samarbeidsaktivitetar i 2015. Desse budsjettmidlane skal brukast i tråd med internasjonal strategi og prioriterte satsingsområde, herunder:

- Aktivitetar i samarbeidsregionar og delegasjonsvitjingar
- Medlemskap i internasjonale organisasjonar/
Vest-Norges Brusselkontor
- Nettverk- og partnerskapsutvikling
- Informasjon og marknadsføring
- Programarbeid og prosjektutvikling

Erasmus

Hordaland fylkeskommune har også for 2016 søkt midlar frå EU-programmet Erasmus+ for å heve den faglege og internasjonale kompetansen hjå elevar/lærlingar og tilsette i fylkeskommunen og kommunane. Desse midlane blir utbetalt som opplæringsstipend til høvesvis elevar/lærlingar og tilsette. Stipend til elevar og lærlingar blir lagt inn i Opplæringsbudsjettet, medan stipend til tilsette blir lagt inn under Regional utvikling. Det er budsjettert med ein nedgang på kr 100 000 (17 %) på stipend til tilsette. Dette skuldast at det vart tildelt eit stort tal reststipend på slutten av førre programperiode som blei nytta fram til og med 2015.

Aktiv Ungdom

For Erasmus+ Aktiv Ungdom er det budsjettert med kr 250 000 i 2016. Desse midlane går til prosjekt retta mot ungdom og blir gjennomført i samarbeid med kommunar og frivillige organisasjonar i Hordaland. Hordaland fylkeskommune vil i 2016 vidareføre satsinga på elevar med spesielle utfordringar ved å formidle praksisopphald knytt til frivillig arbeid i Europa. Føremålet med dette er auka læring, meistring og gjennom det stimulere dei til å fullføre vidaregåande utdanning.

Nordsjøprogrammet

Hordaland fylkeskommune er gjennom Vestlandsrådet, tildelt oppgåva som nasjonalt kontaktpunkt for Nordsjøprogrammet. For 2016 er det budsjettert med eit tilskot på kr 120 000 frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet til denne funksjonen.

Drift ny seksjon

Seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse består av 12 medarbeidarar. Tala for budsjett 2015 på dette punktet er ikkje samanliknbare med budsjett 2016 grunna endringane i organiseringa av Regionalavdelinga, og må sjåast i samanheng med reduksjon i andre driftspostar.

Klima og naturressursar

Klimaplan for Hordaland 2014–2030 gir politiske mål for klimaarbeidet i fylket. Fylkestinget har vedteke at den skal leggjast til grunn for andre regionale planar i Hordaland.

Klimabudsjettet dekkjer ein liten del av fylkeskommunen si regionale klimasatsing. Dei store satsingane skjer på samferdsel, men også verkemidlane på næringssektoren er viktige.

Vi har størst styring med klimatiltak i eigen organisasjon, og dei kan oftare vere konkrete. Det er trong for enno meir heilskapleg tenking kring klima og miljø når det gjeld nybygga til fylkeskommunen. Satsinga på energi-effektivisering av eigne, eksisterande bygg er i rute. På samferdselsida skjer det spanande ting med klimavenleg framdrift for kollektivtransporten, t.d. skal biogasshybridbussar prøvast ut i Hordaland og miljøkriterier blir vurdert i høve til nye anbod på ferje- og snøggbåtruter.

Klima og miljø	2015	2016	Endring %
Klimaplan for Hordaland	3 880	3500	-10 %
Miljø	761	750	-1 %
Tilskotsmidlar jakt og fiske	500	500	0 %
Vassregion	1 070	1590	49 %
Skjelsandkonsesjonar	100	100	0 %
Drift Klima- og naturressursseksjonen	8733	8868	2 %
Brutto driftsutgifter	15 044	15308	2 %
Driftsinntekter	-1670	-2 190	31 %
Netto driftsutgifter	13374	13118	-2 %

Klimaplan for Hordaland

Klimaplanens handlingsprogram 2016 kjem til politisk hand-saming i desember samstundes med budsjettet.

Som regional plan er Klimaplanen retningsgjevande for kom-munar og statlege verksemdar og gjeldande for fylkeskom-munens eiga verksemd. Tiltaka i årleg handlingsprogram vert dels finansiert over klimabudsjettet, dels over andre budsjettpostar t.d. samferdsel, og dels av andre aktørar, t.d. Enova. Eit beløp frå klimabudsjettet kan altså utløyse større midlar frå og aktivitet andre stader.

Klimaplanen har som mål å redusere utslepp av klimagas-sar og energibruk. Årlege miljørekneskap dokumenterer måloppnåing for fylkeskommunens aktivitet i eiga verksemd, som i stor grad er ordna i klimatiltaket Miljøstyring av Horda-

land fylkeskommune.

Miljøstyring utgjer driftsfasen av miljøsertifiseringsarbei-det. Det er administrativt og finansiert over klimabudsjettet med i snitt kr. 350 000 per år i 2012–2014. I tillegg kjem innsats på andre avdelingar (primært Eigedom, Organisasjon og Opplæring). Hordaland fylkeskommune har i gjenom-snitt spart kr. 0,8 mill. årleg som resultat av miljøstyringa, i hovudsak reduserte energiutgifter. Tala er dokumentert gjennom dei årlege miljørekneskapane. Frå 2013 til 2014 gjekk utsleppa frå fylkeskommunen si verksemd ned med 15,3 %, og energibruken ned med 20,2 %. Sjå <http://www.klimapartnerne.no/hordaland/publikasjoner/>

Klimapartner Hordaland er eit samarbeid mellom offentlege og private verksemdar for å målretta arbeide med å redusere klimagassutslepp og stimulere til grøn samfunns- og næringsutvikling. Utvikling av klimarekneskap står sentralt og Hordaland fylkeskommune har vore ein drivkraft i arbeidet. I klimaplanens handlingsprogram for 2016 vil ein halde fram med tiltak som gir reelle utsleppskutt. I medhald av strategien «Overgang til transportmidlar med lågare eller null utslepp» vil satsing på infrastruktur for låg- og nullutsleppskøyretøy, landstraum til hamn og tilrettelegging for sykkel halde fram.

Samarbeid med kommunane skjer m.a. i energistyringsprosjektet i Nordhordlandskommunane. Klimatilpassing er tema i HORDAKLIM, eit brukarstyrt FoU-prosjekt som skal gi ny kunnskap om klimasårbare område i fylket.

I 2015 var det løyvd kr 3 880 000 til klimaplanen, inklusiv til miljøsertifisering. For 2016 er det budsjettert med samla sum til klimatiltak og miljøsertifisering på kr 3 500 000. Fordeling på tiltak blir gjort i sak om rullering av handlingsprogrammet.

Miljø

Posten har to delar: Miljøprisen som vert utdelt på fylkestinget i mars, og Miljøtilskot som vert tildelt administrativt etter utlysing. Miljøprisen er på kr 50 000. Etter vedtak i Fylkesutvalet er kr 200 000 øyremerka til tilskot til miljøorganisasjonar med fylkeslag. Midlane blir nytta til konkrete miljøtiltak i lokalsamfunn i heile fylket. Budsjettposten var i 2015 på kr 761 000. For 2016 fører fylkesrådmannen opp kr 750 000.

Tilskotmidlar jakt og fiske

Fylkeskommunen skal fremje formålet med viltlova og gje styresmakter, organisasjonar, bedrifter og enkeltpersonar bistand, råd og rettleiing. Fylkeskommunen fordelar årleg statstilskot til ulike viltformål. Slike midlar kan ikkje gå til drift i fylkeskommunen eller kommunar. Fylkeskommunen arrangerer årleg viltmøte i fylket. Statlege tilskot var i 2015 på kr 400 000, og i tillegg ei øyremerka løyving på kr 100 000. Same beløp er budsjettert i 2016.

Vassregion

Hordaland fylkeskommune er vassregionstyresmakt og har ansvar for utarbeiding av Forvaltingsplan for vatn. Planen var på avgrensa 2. gongs høyring til 20.9.2015. Vedtak av planen er starten på eit langsiktig arbeid for betre vassmiljø, der betydeleg innsats står att med styrking av kunnskapsgrunnlaget og gjennomføring av miljøtiltak. Planen skal reviderast i 2021 og 2027. Arbeidet er permanent og krev høg og aukande innsats. Kompetansen som er bygd opp i vassforvaltinga regionalt og med lokale prosjektleiarar i kvar av dei 5 vassområda i Hordaland må sikrast i eit langsiktig perspektiv.

Storleiken på løyvinga til Statlige vannmiljøtiltak er redusert til kr 1 590 000 i statsbudsjett 2016, og fylkesrådmannen fører opp denne summen i budsjettet for 2016.

Skjelsandkonsesjonar

Fylkeskommunen tildeler skjelsandkonsesjonar og krev inn avgift på bakgrunn av rapportering av opptak. Midlane vert nytta til skjelsandrelevante føremål, som kartlegging av ressursane m.m. Forventa innbetalingar i 2016 er kr 100 000.

Drift klima- og naturressursseksjonen

Klima- og naturressursseksjonen består i 2016 av 12 stillingar, som i budsjett for 2015.

Administrasjon Regionalavdelinga

	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Endring %
Direktør og stab	9174	5 761	-37 %
Utviklingsmidlar	1632	1400	-14 %
Fellesutgifter	1087	950	-13 %
Sum brutto driftsutgifter	11893	8 111	-32 %
Sum driftsinntekter	0	0	0 %
Sum netto driftsutgifter	11893	8 111	-32 %

Den administrative staben i Regionalavdelinga består av 6 medarbeidarar. Reduksjonen i direktør og stab er dels knytt til at Analyse, utgreiing og dokumentasjon låg til denne budsjettposten i 2015, som omtala framnfor. Avdelinga reduserer vidare utgifter til administrasjon

Mål og tiltak

Tabellen under viser avdelinga sine resultat mål for perioden 2016–2019

Overordna mål	Tiltak 2016	Målepunkt	Mål			
			2016	2017	2018	2019
Regionalavdelinga skal sikre handlingsretta planer og bidra til ei heilskapleg og berekraftig utvikling.	Utarbeide ny regional planstrategi	Framdrift i planarbeid i hht planprogram	Vedtatt			
	Framdrift for Bergensområdeplanen i samsvar med vedtatt framdriftsplan		Vedtatt	Handlingsprogram	Tiltak i høve handlingsprogram	
	Framdrift for kystsonen i samsvar med vedtatt framdriftsplan		Vedtatt	Handlingsprogram	Tiltak i høve handlingsprogram	
	Framdrift for senterplanen i samsvar med vedtatt framdriftsplan	Grad av gjennomføring av plan og handlingsprogram	Handlingsprogram	Tiltak i høve handlingsprogram		
	Iverksette tiltak i klimaplanens handlingsprogram		Iverksett			
	Iverksette tiltak i handlingsprogram til folkehelseplanen		Iverksett			
Regionalavdelinga skal bidra til eit robust og framtidsetta næringsliv	Utarbeide handlingsprogram og legge fram for politisk handsaming	Andel påbegynte/ fullførte tiltak i hht vedtatt handlingsprogram til Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland (HNN)	Vedtatt			
	Iverksette årets handlingsprogram		Alle tiltak påbegynt			

Overordna mål	Tiltak 2016	Målepunkt	Mål			
			2016	2017	2018	2019
Regionalavdelinga skal sikre kunnskapsproduksjon og ei berekraftig ressursforvaltning som tener hordalandssamfunnet	Gjennomføre tiltak innanfor resultatområda	Resultatområda i regional forskingsstrategi				
	Regional plan for kompetanse og arbeidskraft	Framdrift i hht planprogram	Høyring	Vedtatt	Handlingsplan	Iverksette tiltak
	Tiltak for å gjennomføre strategien	Internasjonal strategi	Iverksatt			
	Deltaking i EU-program					

Rom for eit rikt og mangfaldig kulturliv

Gjennom ein meir spissa og nyskapande profil søker Kultur- og idrettsavdelinga å skape rom for eit rikt og mangfaldig kulturliv i Hordaland. Tilskotsordningar vert justert og nye foreslått. Desse støttar opp om den nyleg vedtekne regionale kulturplanen «PREMISS: KULTUR» og er med på å fremje både det frivillige og profesjonelle kultur- og idrettsmiljøet i fylket vårt.

Heile tusen

		Budsjett 2015	Budsjett 2016	Endring %
Administrasjon	Brutto driftsutgifter	7 400	7 921	7,0 %
	Driftsinntekter	0	0	
	Netto driftsutgifter	7 400	7 921	7,0 %
Friluftsliv	Brutto driftsutgifter	10 123	9 177	-9,3 %
	Driftsinntekter	-3 400	-3 400	
	Netto driftsutgifter	6 723	5 777	-14,1 %



		Budsjett 2015	Budsjett 2016	Endring %
Bibliotek	Brutto driftsutgifter	7 161	6 739	-6,3 %
	Driftsinntekter	0	0	
	Netto driftsutgifter	7 161	6 739	-6,3 %
Kulturminnevern	Brutto driftsutgifter	49 377	45 177	-8,5 %
	Driftsinntekter	-31 138	-26 225	-15,8 %
	Netto driftsutgifter	18 239	18 953	3,9 %
Museer	Brutto driftsutgifter	48 015	48 015	0,0 %
	Driftsinntekter	0	0	
	Netto driftsutgifter	48 015	48 015	0,0 %
Kunstformidling	Brutto driftsutgifter	66 382	64 269	-3,2 %
	Driftsinntekter	-23 612	-21 600	-8,5 %
	Netto driftsutgifter	42 770	42 669	-0,2 %
Idrett	Brutto driftsutgifter	95 401	97 972	2,7 %
	Driftsinntekter	-83 000	-84 660	2,0 %
	Netto driftsutgifter	12 401	13 312	7,3 %
Andre kulturaktivitetar	Brutto driftsutgifter	55 542	54 449	-2,0 %
	Driftsinntekter	-11 547	-10 608	-8,1 %
	Netto driftsutgifter	43 995	43 841	-0,4 %
	Sum brutto driftsutgifter	339 401	330 720	-2,6 %
	Sum driftsinntekter	-152 697	-146 493	-4,1 %
	Netto driftsutgifter	186 704	187 227	0,3 %

* Kriteria for regionale tilskot er presisert i kulturplanen, desse har konsekvensar for tilskota i budsjettet.

Innleiing

Kultur- og idrettsavdelinga

Avdelinga er delt inn i 5 fagseksjonar i tillegg til stab/støtte. Desse er Fylkesarkivet, Fylkesbiblioteket, Idrett og friluftsliv, Fylkeskonservatoren og Kunst- og kunstformidling.

«PREMISS: KULTUR» Regional kulturplan for Hordaland 2015–2025 med handlingsplan vart vedteken og gjeldande frå mars 2015. Den vil verte styrande for satsingar og prioriteringar i åra framover. I samband med budsjettarbeidet og som tiltak i kulturplanen er fylkeskommunale tilskotsordningar vurderte og tilpassa målsettingane i kulturplanen. Likeeins er mottakarar og søkjarar til driftstilskot på basis av fylkeskommunale kriterium vurderte. Eit hovudgrep i pla-

nen er å fremje samordning av mål og verkemiddel, mellom dei tre forvaltningsnivåa og mellom offentlege og private midlar. Slik vil ein også i periodar med reduksjon i offentlege løyvingar kunne fremje nyskaping og kvalitet ved streng prioritering og felles satsing og samordning av verkemiddel og støtteordningar.

Følgjande visjon ligg til grunn for kulturarbeidet: «Hordaland skal vere ein leiande kulturregion.» Det trengst fleire, tunge kulturelle sentra i landet, som byr Osloregionen konkurranse på kvalitet, nyskaping, merksemd og statlege midlar.

Åtte kulturpolitiske mål er vedtekne i kulturplanen:

1. Hordaland skal ha ein offensiv kulturpolitikk.
2. Kulturpolitikken skal fremje demokrati og ytringsfridom.
3. Hordaland skal ha eit rikt, aktivt og mangfaldig kulturliv, med tilgang for alle.
4. Kulturpolitikken skal fremje og støtte eit sterkt frivillig kulturliv.
5. Hordaland skal ha eit sterkt, profesjonelt kulturliv som fremjar skapande og frie kunstuttrykk.
6. Kulturpolitikken skal identifisere og styrke miljø og aktivitetar der Hordaland er eller kan vere leiande.
7. Berekraftig utvikling og forvaltning av landskap, miljø og anlegg skal gje grunnlag for eit rikt kulturliv i heile fylket.
8. Kultur skal vere integrert i utviklinga av alle samfunnsområde, med kvalitet i både tradisjonar og nyskaping.

Det er budsjettert med følgjande stillingar:

Kulturavdelinga:	Årsverk
Fylkesarkivet	5,8
–Dokumentsenteret	8
Fylkesbiblioteket	8
Fylkeskonservatoren	23,9
Idrett og friluftsliv	4,5
Kunst- og kulturformidling	13
Stab m/fylkesdirektør	9,4
Samla	72,6

I tillegg er det budsjettert med 5 engasjement på arkeologisk registrering, kvart med 9 mnd. lengde.

I 2016 vert organiseringa av arkeologisk registrering delvis endra ved at ein tek sikte på å opprette faste stillingar som feltarkeologar. Desse er finansierte gjennom oppdragsverksemd og endringa vil ikkje ha budsjettkonsekvensar.

Lærling

Kultur- og idrettsavdelinga har p.t. ein tømrrarlærling på antikvarisk bygningsvern hos Fylkeskonservatoren.

Budsjettiltak 2016

Følgjande reduksjonar/større endringar er gjort:

Reduksjon i driftstilskot og administrasjon	-5,8 mill. kr
Ikkje auke i driftstilskot (indeksregulering)	-0,9 mill. kr.
Omdisponering/auke andre områder	2,5 mill. kr
Samla reduksjon	-4,2 mill. kr.

Reduksjonane i budsjettet for 2016 går fram av tabellen ovanfor. 1,5 mill. kr er omdisponert innanfor kulturbudsjettet. I tillegg er også kontoen «Til rådvelde» som i 2015 var på 1 mill. kr, omdisponert til andre tiltak i budsjettforslaget. Samla reduksjon av budsjett tiltaka for 2016 vert då 4,2 mill. kr.

Fylkesrådmannen legg opp til å spissa midlane i høve kriteria for fylkeskommunale tilskot slik dei er definert i kulturplanen og dinest å styrkje tilskotsordningane som funksjonelle og målretta verkemiddel i høve oppfølging av kulturplanen. Fylkesrådmannen foreslår difor følgjande:

- Endring av tilskotsordninga KUP (Kulturelt utviklingsprogram) vert styrka med kr 500 000, idrett og friluftsliv vert innlemma i KUP og kan tildelast midlar inntil kr 500 000.
- Ny tilskotsordning, Større kulturprosjekt med regional verdi vert oppretta med 1 mill. kr frå kontoen «Til rådvelde».
- Omlegging av tilskotsordningar med klårare satsing på profesjonell kunst, amatørkultur og barn og ungdom.
- Auke i kunstnarstipend – i tråd med kunstpolitisk satsing i regional kulturplan.
- Ny tilskotsordning, Drift av fartøy og teknisk –industrielle kulturminne vert oppretta med kr 500 000.

- Tilskotsordning lågterskeltilbud barn og unge innan fysisk aktivitet vert styrka til 2 mill. kr ved omprioritering på idretts- og friluftsbudsjettet.
- Tilskotsordninga for Vern og vøling av faste kulturminne og Bevaringsprogram for arkeologiske kulturminne vert styrka, kvar med kr 200.000 ved intern omprioritering.

Eiga sak om retningslinjer for endra tilskotsordningar og nye tilskotsordningar vert lagt fram for Kultur og ressursutvalet.

Dinest har fylkesrådmannen ønska å følgje opp tiltaket i Kulturplanen med gjennomgang av dei over 100 institusjonane og organisasjonane som står på Kultur- og idrettsavdelinga sitt budsjett. Dei fleste som alt får tilskot frå fylkeskommunen, søker om høgare søknadssummar enn det er mogeleg å imøtekomme innanfor gjeldane budsjetttramme.

Det er elles søkt om store og små viktige tiltak på kultur- og idrettsfeltet, og dei fleste vert ikkje imøtekomne grunna den økonomiske ramma.

Førebudd på framtida

Som del av programmet Førebudd på framtida har Kultur- og idrettsavdelinga i 2015 gjennomført ei grundig oppgåvekartlegging av både stabsfunksjonar og i kvar av seksjonane. Som oppfølging av kartlegginga og analysen, vil avdelinga ha ei sterkare satsing og fokus på planarbeidet og samhandling/koordinering i avdelinga og i høve til andre avdelingar i fylkeskommunen. Avdelinga sine satsingar på tenester og utvikling kjem elles til uttrykk i Regional kulturplan 2015 – 2025.

Avdelinga har elles effektivisert drifta med 3,6 mill. kr i perioden 2013 t.o.m. 2015.

Klima- og miljøtiltak

Gjennom kjøp og tilrettelegging av friareal bidreg verksemda i Kultur- og idrettsavdelinga til CO₂-balansen ved bevaring av skog og landskap. Fremjing av sykkel som transportmiddel og kvardagsaktivitet, med Sykkel VM som drakraft, er ein viktig profil fram mot 2017 og i etterkant av VM.

Endringar i klima gjev særskilt utfordringar i høve forvaltning, drift og vedlikehald av kulturminne, kulturlandskap og hus i musea sine samlingar og kulturlandskap. Det er naudsynt å oppretthalde satsinga på å løyse desse utfordringane. Ei vidareutvikling av tilskotsordningane vil vere naudsynt dei komande åra.

Driftstilskot 2016–2018

Hordaland fylkeskommune har innført ei prøveordning med 3-årig driftsstønad til institusjonar/ organisasjonar innan kunst-, kultur og idrettsfeltet med særskild regional verdi. Dette vil seie at budsjettvedtaket som vedkjem driftstilskot, ligg til grunn for heile perioden 2016 til 2018. Ordninga skal evaluerast i 2018.

Hordaland fylkeskommune vil såleis ikkje ta imot eller handsame nye søknadar om driftstilskot i perioden.

Ordninga føreset at dei økonomiske rammene i 3-års perioden er til stades, og det vert teke atterhald om evt. reduksjonar i driftstilskotet i perioden dersom desse føresetnadene skulle endre seg.

Det er 111 institusjonar og organisasjonar som har søkt driftsstøtte. Desse har samla budsjett på vel 1 milliard kr i 2015 (tal dei sølv har gjeve opp i e-søknadene). Det har kome inn søknader om driftstøtte for 2016 på om lag 143 mill. kr, ein auke på 35 mill. kr frå 2015. Auken i ønska stønadsbeløp fordeler seg på 9,1 mill. kr frå idrett og friluftsliv, 13,5 mill. kr frå fylkeskonservatoren og 19,4 mill. kr frå andre kulturaktivitetar. Dette viser at Hordaland har eit aktivt og profesjonelt kulturliv med høge ambisjonar.

Bibliotek

Heile tusen

	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Endring %
Fylkesbiblioteket	5 661	5 698	0,7 %
Bokbåten	1 226	736	-42,9 %
Bibliotekprosjekt	274	305	11,5 %
Sum brutto driftsutgifter	7 161	6 739	-6,3 %

I følgje Lov om folkebibliotek skal fylkeskommunen ivareta regionale bibliotekoppgåver og regional bibliotekutvikling. Dette omfattar å gi råd til lokale mynde, yte bibliotekfagleg rettleiing og assistanse og arrangere møte og kurs om bibliotekspørsmål. Fylkeskommunen sin bibliotekpolitikk er nedfelt i Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025.

I 2013 vedtok fylkesutvalet at fylkeskommunen skal ta på seg eit utviklar- og koordineringsansvar for å sikre innbyggjarane i Hordaland tilgang til e-bøker i folkebiblioteka. Alle vidaregåande skular og kommunane utanom Bergen er med i eit konsortium med felles boksamling og system for utlån av e-bøker. Utlånssystemet er på anbod hausten 2015, og fylkeskommunen vil dekke eventuelle meirutgifter med dette i 2016. Deltakarane i konsortiet betaler driftsutgifter og innkjøp av bøker. Innanfor bibliotekbudsjettet er det lagt til grunn at kr 200 000 kan nyttast til kjøp av e-bøker.

Drift og utvikling av folkebiblioteka er i rivande utvikling. Biblioteka endrar rolle frå å vere rom for individuell fordjuping til å verte rom for aktivt og sosialt fellesskap. Dei bibliotektilsette går frå å vere passive formidlarar til å verte aktive produsentar av innhald og opplevingar. I 2016 vil fylkesbib-

lioteket prioritere kompetanseutvikling av bibliotektilsette i fylket og utvikling av dei fem regionale biblioteksamarbeida til å fungere som fellesskap for fagleg utvikling.

I samband med at Sogn og Fjordane avvikla si bokbåtteneste frå 01.09.2015, vedtok fylkestinget at drift av bokbåten i Hordaland skal halde fram i samarbeid med Møre og Romsdal. Det er inngått felles avtale med 6 månaders oppseiingstid med bokbåteigar. Fylkesrådmannen gjer framlegg om at bokbåten vert lagt ned etter dette, dvs. pr 01.07.2016. Budsjettet for bokbåten er difor redusert med 700 000 kr i 2016.

Fylkesbiblioteket har fått kr 600 000 i statlege utviklingsmidlar i 2014 og 2015 til eit treårig prosjekt som skal gjere biblioteka i Hordaland betre i stand til å oppfylle den nye formålsparagrafen i folkebiblioteklova. Ein av strategiane i prosjektet er å utvikle minst fem bibliotek i fylket til modellbibliotek. I 2015 har kommunane Sund, Bømlo og Granvin fått støtte. Det er lyst etter nye bibliotek i 2016. Summen på kr 350 000 er fylkeskommunen sin eigenandel knytt til modellbiblioteka.

Kulturminnevern

Tal i heile 1000 kr

	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Endring %
Administrasjon kulturminnevern	11 458	11 809	3,1 %
Prosjekt/oppdrag	2 629	0	-100,0 %
Arkeologisk registrering	6 671	6 943	4,1 %
Ålmenne kulturvernforemål	2 998	2 573	-14,2 %
Kulturminneregistrering	100	100	0,0 %
Vern kulturminne	25 521	23 753	-6,9 %
Sum brutto driftsutgifter	49 377	45 177	-8,5 %
Sum driftsinntekter	-31 138	-26 225	-15,8 %
Netto driftsutgifter	18 239	18 953	3,9 %

Hordaland fylkeskommune har omfattande sakshandsaming og utgreiingsarbeid på kulturminnefeltet. Største delen av aktiviteten er handsaming av planar og tiltak som kjem inn frå kommunar og private tiltakshavarar. Fylkeskommunen har ei lovheimla plikt til å handsame desse sakene. Oppdrag i samsvar med undersøkingsplikta, jfr. § 9 i kulturminnelova, er finansierte av tiltakshavar, jfr. kulturminneloven § 10, medan det fylkeskommunale ansvaret for sakshandsaming, forvaltning og fråsegnsutarbeiding skal dekkjast over det fylkeskommunale driftsbudsjettet. Frå 2016 vert satsane for feltarbeid auka i tråd med klima- og miljødepartementet sine retningslinjer. Satsane er noko høgare, og det gjer at budsjettet på dette området er auka med 500 000 kr.

Kapasiteten i fylkeskommunen er dimensjonert slik at planar og tiltak vert handsama effektivt og profesjonelt. Hordaland fylkeskommune har innretta verksemda si for å gje kommunar og tiltakshavarar rask og kompetent sakshandsaming. For å styrkje effektiviteten i handsaming av lovpålagde arkeologiske registreringar vil Hordaland fylkeskommune tilsette faste feltarkeologar som er finansierte frå oppdragsmidlar. Ei slik styrking vil ikkje ha budsjettmessige konsekvensar, men vil vere heilt naudsynt for å handtere den forventede oppdragsmengda, til dømes ved store saker som utbygginga av E39 mv.

Administrasjon kulturminnevern

Budsjettposten gjeld fylkeskonservatoren i kultur- og idrettsavdelinga. Auken skuldast auka lønskostnader.

Prosjekt/andre oppdrag

I 2016 har avdelinga ikkje pågåande internasjonale EU-prosjekt, men er involvert i fleire prosjekt som gjeld kulturminnevern og verdiskaping. Ressursane vert konsentrert om å byggje opp og vidareutvikle regionale og internasjonale samarbeid, særleg knytt til etablerte samarbeidsregionar. Rekneskapen for EU-prosjektet Coast Alive vart avslutta i 2015.

Ålmenne kulturvernforemål

Kroner

Tilskot ålmenne kulturvernforemål	Budsjett 2015	Budsjett 2016
Fortidsminneforeningen	131 000	131 000
Stiftelsen Bryggen	116 000	0
Tilskot historielag	152 000	150 000
Oselvarverkstaden	1 401 000	1 400 000
Prosjekt Bryggen	220 000	220 000
Bullahuset, Valestrand, Osterøy	189 000	189 000
Espeland fangeleir	206 000	0
Fjelberg gamle prestegard	233 000	233 000
Kulturlandskapsprisen	50 000	50 000
Brannsikring	200 000	200 000
Gruver Litlabø	100 000	0
Sum brutto driftsutgifter	2 998 000	2 573 000

Stiftelsen Bryggen og Espeland fangeleir

Desse har ikkje søkt driftstilskot for perioden. Fylkesrådmannen vil koma attende til Espeland fangeleiar og Bjørn Vest i samband med behandlinga av handlingsprogrammet til museumsplanen.

Gruver Litlabø

Fylkestinget vedtok å gje eit eingongstilskot i 2015 på kr 100 000 kr til Litlabø-gruver. Dette fell vekk i 2016.

Kulturminneregistrering

Registrering og kartfesting av kulturminne er fundamentet for ei effektiv og truverdig kulturminneforvaltning. Slik do-

kumentasjon er viktig for både eigarar, kommunar, fylkeskommune og statlege etatar som grunnlag for forsvarleg forvaltning og søknad om midlar til å sikra kulturarven. I tråd med nasjonale forventingar frå regjeringa gjeld registreringsarbeidet både eldre bygningar og automatisk freda kulturminne, og det er svært viktig at dette arbeidet held fram. Særleg er det viktig å gjere registreringane tilgjengeleg gjennom nettbasert formidling. Fylkesrådmannen fører opp kr 100 000 til dette arbeidet i 2016 – same sum som i 2015-budsjettet. Arbeidet skal sjåast i samband med prosjekt for utvikling av kulturminnevernet i Hordaland og vedtak i fylkesutvalet om å utarbeide kulturminneplanar i alle kommunane i fylket. På sikt bør kulturminneregistreringane aukast i omfang ved at posten vert styrka.

Vern av kulturminne

Kroner

Vern kulturminne	Budsjett 2015	Budsjett 2016
Driftsutgifter		
Tilskot til vern og vøling	761 000	973 000
Kulturverntiltak	7 680 000	8 000 000
Verdsarv Bryggen	15 200 000	12 000 000
Fartøyvern	1 680 000	1 680 000
Drift fartøy og tekn. -industrielle kulturminne	0	500 000
Bevaringsprogram for arkeologiske kulturminne (BARK)	0	200 000
Stend hovedgård	200 000	200 000
Kompetansebyggande tiltak kulturminne		200 000
Sum driftsutgifter:	25 521 000	23 753 000
Refusjonar:		
Kulturverntiltak	-7 680 000	-8 500 000
Verdsarv Bryggen	-15 200 000	-12 000 000
Fartøyvern	-840 000	-840 000
Sum refusjonar	-23 720 000	-21 340 000
Netto	1 801 000	2 413 000

Budsjettposten for vern av kulturminne gjeld tilskot til skjøtsel og formidling av automatisk freda kulturminne og tilskot til istandsetting og vedlikehald av kulturminne frå nyare tid.

Tilskot til vern og vøling vert styrka med kr 212 000 i 2016. Retningslinene for tilskotsordninga vert endra i løpet av 2016 i tråd med Prosjektet Kulturminnekompetanse i kommunane 2013–2016 slik at fylkeskommunal stønad løyser ut kommunal medfinansiering.

Posten Kulturverntiltak gjeld statlege midlar til freda kulturminne, kulturmiljø og landskap. Desse vert overførte til fylkeskommunen etter at Riksantikvaren har handsama søknadar frå alle fylka i samsvar med statsbudsjettet.

For 2016 legg fylkesrådmannen til grunn eit statleg tilskot på 8,5 mill. kr. Vidareføring av istandsetjingsprogrammet for freda hus i privat eige er føresett finansiert med statlege midlar frå denne posten.

Posten Verdsarv Bryggen er statleg løyving til istandsetjingsprogrammet Prosjekt Bryggen. Midlane vert fordelte i eiga tilskotsordning.

Fartøyvernfeltet er viktig for eit sterkt kystkulturfylke som Hordaland. Feltet er prega av stor frivillig innsats, men fylkeskommunal medverknad er avgjerande for at arbeidet med vern av kysten sin kulturhistorie skal lukkast. Støtteordninga til fartøyvern vert oppretthalde på same nivå som i 2015. I tillegg vert det etablert ny tilskotsordning til drift av fartøy og tekniske og industrielle kulturminne frå 2016.

Det er budsjettert med 1,68 mill. kr i 2016 på same nivå som i 2015 og med statleg medverknad på halvparten av denne summen. Auka fylkeskommunal stønad vil i denne ordninga utløyse auka statleg løyving.

Til drift av utvalde fartøy og tekniske- og industrielle kulturminne vert det oppretta ny ordning med kr 500 000 i løyving frå 2016.

Bevaringsprogram for arkeologiske kulturminne (BARK) er ei satsing på skjøtsel og formidling av arkeologiske kulturminne i kommunane. Alle tiltak vert gjennomført i samarbeid med kommunar, organisasjonar, friviljuge, skular mv. Ordninga er basert på statleg grunnfinansiering som vert berekna ut frå regional og lokal innsats. Fylkeskommunal løyving vil dermed løyse ut minst like mykje i statlege midlar, jf ordninga med tilskot til fartøyverntiltak.

Styrkinga av dei to tilskotsordningane – Bevaringsprogram for arkeologiske kulturminne, BARK (200 000 kr) og Vern og vøling av faste kulturminne (212 000 kr) vert finansiert ved omdisponering i budsjettet.

Stend hovedgård er budsjettert med kr 200 000 og løyvinga kjem i tillegg til midlar på investeringsbudsjettet. Summen er tenkt nytta til tiltak i Riddersalen og til vidare opprusting av Renaissancehagen utanfor hovudhuset.

Kompetansebyggende tiltak kulturminne

Til arbeidet med det historiske Bergen og kunnskap om den historiske byen for det som gjeld planprosessar, formidling,

partnerskap og utviklingsprosjekt, foreslår fylkesrådmannen ein ny budsjettpost på kr 200 000 for 2016.

Museum

Tal i heile 1000 kr

	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Endring %
Sum brutto driftsutgifter Museum	48 015	48 015	0,0 %
Sum driftsinntekter	-	0	
Netto driftsutgifter	48 015	48 015	0,0 %

Musea er av dei viktigaste kulturinstitusjonane i Hordaland og fylkeskommunen har ansvar for å forme museumspolitikken i fylket. Regional plan for museum 2011 – 2015 "Musea i samfunnet" vart vedteken i juni 2011 og har i perioden vore retningsgjevande for staten, fylkeskommunen og kommunane sine prioriteringar. Hovudmålet er formulert slik: "Musea skal utviklast som sterke kunnskapssentra og organisasjonar og vera profilerte samfunnsaktørar som utviklar samfunnet med kunnskap om fortid, samtid og framtid."

Planen vart avløyst av Regional kulturplan for Hordaland 2015–2024.

Å styrkje det regionale museumsarbeidet og å utvikle sektoren er ein sentral del av handlingsprogrammet for kulturplanen i 2016. Til handlingsprogrammet for museumsplanen er det i 2016 ført opp 2,0 mill. kr, ein nedgang på kr 300.000 i høve til 2015. Midlane til oppfølging av handlingsprogrammet vert fordelt i eiga sak.

Museumssamarbeid med kommunane og bygningsvern ved musea er igangsette ordningar som skal styrkje samarbeidet mellom kommunane og musea. Effekten av ordninga har vist seg svært god og vert sett i samband med prosjekt for

kulturminnekompetanse i kommunane. Denne ordninga vert oppretthalde i fylkesrådmannen sitt budsjettframlegg. For å utvikle det regionale museumsarbeidet er det lagt inn kr 600 000 til slike prosessar i 2016. Desse skal nyttast til fleirårige samarbeidsprosjekt starta opp i 2013 mellom fylkeskommunen, kommunane og musea. Samarbeidstiltaka er mellom følgjande museum og kommunar:

- Sunnhordland museum og Austevoll, Tysnes, Fitjar, Stord, Bømlo, Etne, Kvinnherad og Sveio kommunar.
- Museum Vest og Sund, Fjell, Øygarden og Askøy kommunar.
- Ein tek sikte på å starta tilsvarende tiltak i 2016 i samarbeid mellom Hardanger og Voss museum og Voss kommune.

Musea har samla søkt om nær 59 mill. kr i driftstilskot for 2016. Av omsyn til den samla budsjetttramma foreslår fylkesrådmannen å vidareføre budsjettsummen frå 2015 i budsjettforslaget for 2016. Det er såleis ikkje innarbeidd kompensasjon for løns- og prisvekst i forslaget.

Fylkesrådmannen budsjetterer slik:

Kroner

Museum	Budsjett 2015	Budsjett 2016
1. Museumssenteret i Hordaland	9 770 000	9 770 000
2. Stiftelsen Bymuseet i Bergen	6 755 000	6 755 000
3. Bergens Sjøfartsmuseum	1 685 000	1 685 000
4. Museum Vest	4 769 000	4 769 000
5. Kunstmuseene i Bergen	3 555 000	3 555 000
6. Stiftinga Hardanger og Voss museum	11 793 000	11 793 000
7. Norsk Vasskraft- og Industristadm.	1 285 000	1 285 000
8. Baroniet Rosendal	1 065 000	1 065 000

Museum	Budsjett 2015	Budsjett 2016
9. Stiftinga Sunnhordland museum	2 124 000	2 124 000
10. Nynorsk kultursenter/Haugesenteret	761 000	761 000
Museumssamarbeid med kommunar	600 000	600 000
Oppfølging av museumsplanen	2 000 000	2 000 000
Bygningsvern ved musea	1 753 000	1 753 000
Primusbaser for musea i Hordaland	100 000	100 000
Sum brutto driftsutgifter	48 015 000	48 015 000

Kunstformidling

Tal i heile 1000 kr

	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Endring %
Administrasjon kunst- og kulturformidling	3 776	3 700	-2,0 %
Musikkføremål	4 452	3 701	-16,9 %
Den kulturelle skulesekken	2 300	2 422	5,3 %
DKS-spelemlar	16 500	16 500	0,0 %
Kunstinstitusjonar	20 854	20 541	-1,5 %
Ymse kunstføremål	11 800	12 605	6,8 %
Fylkesturnear - skulekonsertar	6 700	4 800	-28,4 %
Sum brutto driftsutgifter	66 382	64 269	-3,2 %
Sum driftsinntekter	-23 612	-21 600	-8,5 %
Netto driftsutgifter	42 770	42 669	-0,2 %

Administrasjon kunst- og kulturformidling

Kunstformidling inneber både forvaltning av tilskot til andre og egne produksjonseiningar. Hordaland fylkeskommune er ansvarleg for utvikling, produksjon, formidling og praktisk tilrettelegging av kunst- og kulturtilbodet til skulane i fylket. Kommunane har i tillegg ansvar for lokale tilbod. Ordninga er finansiert av Hordaland fylkeskommune, Rikskonsertane og

Den kulturelle skulesekken. Dei statlege løyvingane i form av spelemlar kan ikkje brukast til administrasjon av tiltaket, men skal nyttast til konkrete kulturprosjekt retta mot elevar i grunnskulen. Hordaland fylkeskommune er pilotfylke for utvikling av Den kulturelle skulesekken i vidaregåande skule.

Musikkføremål

Kroner

Musikkføremål	Budsjett 2015	Budsjett 2016
Faste stillingar med sosiale kostnader	3 750 000	3 007 961
Fylkessekretariatet for song og musikkorg i Hordaland	206 000	206 000
Distriktsmusikkgrupper	487 000	487 000
Sum brutto driftsutgifter	4 443 000	3 700 961
Sum refusjonar	-412 000	-300 240
Netto	4 031 000	3 400 721

Dei faste stillingane nytta til musikkføremål administrerer i hovudsak drifta av rikskonsertane i fylket. Under posten ligg og fylkesmusikarordninga. Reduksjonen i budsjettet for 2016 på faste stillingar gjeld i hovudsak inndraging av ei fylkes-

musikarstilling . Tilskotet til Distriktsmusikkgrupper er ein avtale mellom fylkeskommunen og kommunane Voss og på Stord kommunar. Denne ordninga vil verte evaluert innanfor denne budsjettperioden.

Den kulturelle skulesekken

Fylkesrådmannen budsjetterer med same sum som i 2015 for det som gjeld spelemidlar til den kulturelle skulesekken.

Kunst, knutepunkt- og landsdelsinstitusjonar

Festspillene i Bergen, Hordaland Teater, Carte Blanche og Den Nye Opera vert finansierte frå fleire kjelder. Desse institusjonane ligg på statsbudsjettet, og totalfinansieringa er fordelt prosentvis etter avtale mellom partane.

Tala frå statsbudsjettet 2016 er nytta for den einskilde institusjonen i tabellen nedanfor.

I 2015 var det ført opp 1 mill. kr knytt til flytting av Hordaland Teater frå Stend til Bergen sentrum. Denne summen,

vert vidareført i driftstilskotet til teateret i 2016. Dette er i samsvar med vedtak i fylkestinget og søknad frå Hordaland teater.

Når det gjeld tilskot til BIT20 ensemble lyt ein avvente vedtak i Norsk Kulturråd. I statsbudsjettet er tilskotet overført til Norsk Kulturråd, og det ligg ikkje føre noko samarbeidsavtale om fordeling. Det fylkeskommunale tilskotet vert overført til budsjettposten Ymse kunstføremål nedanfor, der det er sett av kr 755 000.

Fylkesrådmannen budsjetterer slik:

Kroner

Kunstinstitusjonar	Budsjett 2015	Budsjett 2016
Festspillene i Bergen	4 530 000	4 616 000
Carte Blanche	5 476 000	5 580 000
Hordaland Teater	5 929 000	6 083 000
Bergen Nasjonale Opera	4 183 000	4 262 000
Samtidsmusikkensemblet BIT 20	736 000	0
Sum brutto driftsutgifter	20 854 000	20 541 000

Tabellen nedanfor syner korleis tilskota til den einskilde institusjonen vert fordelte mellom tilskotspartane.

	Stat	Fylke	Kommune
Festspillene i Bergen	60 %	13,3 %	26,7 %
Carte Blanche	70 %	15 %	15 %
Hordaland Teater	70 %	30 %	
Bergen Nasjonale Opera	70 %	15 %	15 %

Ymse Kunstføremål

Gjennom «PREMISS: KULTUR» har Hordaland fylkeskommune utforma ein politikk for det profesjonelle kunstfeltet, og gjennom denne varsle ei satsing på dette. Jamt over har institusjonane og organisasjonane innan kunstfeltet søkt om monaleg auke i driftstilskot. Dette er ikkje mogleg å innfri innanfor stramme budsjetttrammer, men fylkesrådmannen har omdisponert og såleis funne rom til noko auke i tilskotet til mottakarar som er særskilt viktige for å oppfylle måla i den

regionale kulturplanen. Desse kan vere med på å auke samhandling mellom kompetansemiljø i Bergen og institusjonar elles i fylket når det gjeld samtidskunst innan ulike kunstar. Det same gjeld dei profesjonelle kunstorganisasjonane og –institusjonane som ligg under budsjettkapittel Ymse kulturføremål nedanfor.

Fylkesrådmannen kommenterer nokre av enkeltpostane under tabellen.

Kroner

Ymse kunstføremål	Budsjett 2015	Budsjett 2016
Hordaland Kunstsenter – drift (slått saman med verksemd)	3 350 000	3 350 000
USF Verftet - visningsrommet USF	50 000	50 000
USF Verftet	110 000	110 000
Kunstnerverksteder cs55	50 000	0
Internasjonalt Gjestekunstnarprogram - i regi av Hordaland kunstsenter	230 000	230 000
Skrivekunstakademiet	2 640 000	2 640 000
Stiftelsen 3,14	1 520 000	1 520 000
Vestlandsutstillinga	150 000	150 000
Bergen Kunsthall	400 000	400 000
Bergen Assembly/ Bergenstriennalen AS	300 000	300 000
Bergen Senter for elektronisk kunst	130 000	130 000
Det Akademiske Kvarter	100 000	100 000
Stiftelsen Fargespill	420 000	450 000
Kunstnarstipend	130 000	230 000
Radøy Kunstsenter	180 000	180 000
Ambrosiahuset gjesteatelier	60 000	60 000
Kunstnarhuset Messen	100 000	100 000
Proscen - Produsentenhet for Scenekunst	110 000	170 000
VISP - Produsentenhet for visuell kunst	110 000	150 000
Hardingpuls	80 000	80 000

Ymse kunstfremål	Budsjett 2015	Budsjett 2016
Juleprosjekt Orknøyane, Edinburgh og Cardiff	150 000	150 000
Kulturavtale Basse Normandie	210 000	210 000
Internasjonalt kultursamarbeid	180 000	180 000
Litteraturhuset i Bergen	710 000	710 000
Kultur Vest AS	330 000	0
Festspillene i Bergen - festspelsatelittar		200 000
Samtidsmusikkensemblet BIT 20		755 000
Sum brutto driftsutgifter	11 800 000	12 605 000

Kunstnarstipend

Med grunnlag i kulturplanen si satsing på profesjonell kunst og på kunstnarar innan det frie, profesjonelle feltet, har fylkesrådmannen lagt inn auke i posten Kunstnarstipend. Den samla stipendsatsen har dei siste ti åra vore kr 125 000, som ein har fordelt på fem kunstnarar (innan ulike kunstfelt) som har fått kr 25 000 kvar. Søknadsmengda har dei siste åra vore omlag 90 søkjarar. Fylkesrådmannen vil kome attende med eiga sak om innretting av stipenda.

Proscen og VISP

kjem i møte eit behov innan visuell kunst og scenekunst. Dei har utvikla seg gjennom dei åra dei har eksistert til å verte eit viktig støtteapparat for profesjonelle, frie kunstnarar og nyttige representantar for sine felt inn i t.d. offentlege prosessar. Det stillast større og større krav til også utanom-kunstnarlege ferdigheter og kunnskapar for at ein kunstnar skal kunne leve av sitt fag, og desse to organisasjonane er med på å bygge denne kompetansen og ta i vare felles interesser. Dette er små og effektive organisasjonar, som gjennom noko auke i tilskotet vil verte i stand til å effektivt auke medlemsaktiviteten.

Kunstnerverksteder cs55

fekk tidlegare utført administrative tenester gjennom Hordaland kunstsenter. Dette vart omorganisert for nokre år sidan, og dei fekk då med seg ei direkte løyving som tilsvarte verdien av den tenesta dei tidlegare hadde fått. Dette er eit viktig kunstnarfelleskap med arbeidsplassar for fleire, men i gjennomgangen fylkeskommunen har tatt, ser ein ikkje at ein kan støtte berre eitt av desse fellesskapa i Bergen. Kunstnerverkstedet cs55 er difor foreslått teken ut av budsjettet.

Stiftelsen Fargespill

har bygd seg opp til å verte eit signalprosjekt innan fleirkulturell aktivitet som har delt sin metode og erfaring i heile Noreg, og har fått monaleg større budsjettbehov. Det er funne rom for ei moderat auke til stiftelsen.

Internasjonale kontaktar, venskapsfylke og samarbeidsregionar

Hordaland fylkeskommune har samarbeid med ulike regionar i Europa – Orknøyane og Edinburgh i Skottland, Cardiff-området i Wales, Kaunas i Litauen og Nedre Normandie i Frankrike. Kultur- og idrettsavdelinga tilrår ei prioritering i høve Nedre Normandie, Orknøyane og Edinburgh/Skottland. Posten Internasjonalt kultursamarbeid skal i hovudsak gå til prosjekt og tiltak knytt til desse.

Etter at kontakten med fylkeskommunen sin samarbeidsregion Basse-Normandie vart revitalisert i 2009, har det vore fleire konkrete samarbeidstiltak mellom regionane. I første rekkje er samarbeidet knytt til den tverrestetiske festivalen Les Boreales som har fokus på nordisk kultur. Det er også - slik det er nedfelt i samarbeidsavtalen/handlingsplanen – etablert eit fast program for utveksling av unge kunstnarar i samarbeid med kunstskulane og kunstinstitusjonar i våre regionar.

Samarbeidet med Skottland/Edinburgh er vidareutvikla, politisk og fagleg. Ei systematisk vidareutvikling av samarbeidet med Basse-Normandie og Skottland/Edinburgh er vedteken i regional kulturplan.

Kultur Vest AS

Fylkesutvalet vedtok i juni 2013 å gje Kultur Vest AS tilskot på kr 330 000 pr. år i ein tidsavgrensa periode på 2 år (2014–2015). Fylkesrådmannen foreslår ikkje å vidareføra dette tilskotet. Eit aksjeselskap som skal agere kulturpolitisk og er eigd av eit utval profesjonelle institusjonar, representerer ikkje breidda og heilskapen i kulturlivet i Hordaland i tilstrekkeleg grad til at offentleg driftstilskot bør tildelast desse og ikkje tilsvarende til andre institusjonar.

Festspillene i Bergen – festspelsatellittar

Etter eit vellukka prøveprosjekt med KUP-midlar, vil fylkesrådmannen vidareføre dette i 2016 med kr 200 000.

Samtidsmusikkensemblet BIT 20

Ensemblet er overført frå budsjettposten Kunstinstitusjonar. Fylkesrådmannen fører opp kr 755 000 for 2016. Budsjettsummen i 2015 var kr 736 000.

Idrett og friluftsliv

Aktiv kvar dag er visjonen for fagområdet fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Gjennom eit forpliktande samarbeid mellom offentlege, frivillige og private aktørar er målet at alle i Hordaland skal kunne vere aktive etter egne ønskje og føresetnader på allment tilgjengelege område i naturen og i anlegg i nærleiken av der dei bur. Fylkeskommunen har gjen-

nom kongeleg resolusjon frå april 1987 fullmakt til å fordele dei spelemidlane som kvart år vert stilte til disposisjon for bygging av anlegg for idrett og fysisk aktivitet.

Friluftslova definerer m.a. fylkeskommunen sine ansvarsoppgåver i høve til å fremje allmenne friluftssinteresser.

Idrett

Heile tusen

	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Endring %
Administrasjon idrett	3 059	3 182	4,0 %
Tilskot til idrettsarbeid	7 227	7 222	-0,1 %
Tilskot til idrettsprosjekt	2 115	2 908	37,5 %
Tilskot spelemidlar	83 000	84 660	2,0 %
Sum brutto driftsutgifter	95 401	97 972	2,7 %
Sum driftsinntekter	-83 000	-84 660	2,0 %
Netto driftsutgifter	12 401	13 312	7,3 %

Tilskot til idrettsarbeid:

Kroner

Tilskot til idrettsarbeid	Budsjett 2015	Tilskot 2016
Tilskot til Hordaland Idrettskrets	3 222 000	3 344 000
Olympiatoppen Vest Norge	400 000	410 000
Tilskot til stiftinga Solhovden	130 000	133 000
Fylkesidrettsanlegg	2 500 000	2 500 000
Tilskot til store meisterskap	200 000	260 000
Fylkespremiar	50 000	50 000
Utviklingsstipend	125 000	125 000
Utlån av fylkeskommunale gymsalar	200 000	400 000
"Aktiv saman"	400 000	0

Tilskot til idrettsarbeid	Budsjett 2015	Tilskot 2016
Sum brutto driftsutgifter	7 227 000	7 222 000

Hordaland idrettskrets har 210 530 medlemmer og 1 136 idrettslag i heile Hordaland. Hordaland idrettskrets/ Olympiatoppen Vest-Norge søker om kr 3 700 000 til breiddeidretten og kr 450 000 til toppidretten. Dei ønskjer m.a. å styrke arbeidet med «unge leiarar» og funksjonshemma. Fylkesrådmannen foreslår gjennom intern omdisponering på idrettsbudsjettet å auke driftstilskotet til Hordaland idrettskrets frå kr 3 222 000 til kr 3 344 000, der kr 200 000 er øyremerka funksjonshemma og kr 50.000 er øyremerka koordinering av prosjektet «Aktiv saman» og ein konferanse om integrering. Driftstilskotet til Olympiatoppen Vest-Norge avd. Hordaland vert foreslått auka til kr 410 000.

Tilskot til store meisterskap

Det internasjonale symjesteemnet Bergen Swim Festival skal arrangerast i Hellen i Bergen i mai 2016 og søker om kr 100 000 i støtte til arrangementet. Fylkesrådmannen tilrår kr 50 000 i tilskot i samsvar med det arrangementet fekk tildelt i 2015.

Askøy Friidrettsklubb skal arrangerer NM i friidrett på Askøy i juli 2016. Dei søker om kr 60 000 i tilskot. Fylkesrådmannen har funne rom for å støtte arrangementet med kr 50 000.

Tour des Fjords, eit internasjonalt sykkelritt med etappar i

Hordaland og Rogaland, skal gjennomførast i august/sep-tember 2016. I 2015 fekk arrangementet kr 500 000 i støtte. Dei søker om kr 500 000 i støtte også i 2016. Fylkesrådmannen tilrår å støtte arrangementet med kr 160 000 då dette gir viktige erfaringar i høve til VM på sykkel i 2017. Fylkesrådmannen føreset kommunal medverknad for tilde-lingane til arrangementa nemnde ovanfor.

Utlån av fylkeskommunale gymsalar

I 2012 vart det budsjettert med kr 200 000 til eit prøveprosjekt der idrettslag får nytte gymnastikksalar gratis mot vakt- og reinhald. Fylkesutvalet har vedteke at ordninga vert vidareført som ei fast ordning og utvida til ei årleg ramme på kr 400 000.

Tilskot til idrettsprosjekt

Fylkesrådmannen foreslår i budsjettet for 2016 nokre endringar i tilskota til idrettsprosjekt i samsvar med føringar i Regional kulturplan 2015–2025. Prosjektkoordinering av Aktiv saman 2011–2015 (inkludering av fleirkulturelle) og konferanse om integrering vert foreslått overført til Hordaland idrettskrets, og øvrige tiltaksmidlar kr 350.000 vert overført til idrettsprosjekt - tilskot for barn/unge – idrett.

Kroner

Tilskot til idrettsprosjekt	Budsjett 2015	Budsjett 2016
Psykiatri/rus	50 000	50 000
Barn og ungdom - opne anlegg	175 000	0
Konferansar/kompetanse	130 000	158 000
Internasjonalt arbeid	40 000	0
Idrettsanlegg.no	40 000	0
Partnerskap for folkehelse	280 000	200 000
Tilskot til lavterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom	900 000	2 000 000
Folkehelse/ Sykkelvanar	500 000	500 000
Sum brutto driftsutgifter	2 115 000	2 908 000

Fylkesrådmannen foreslår i budsjettet for 2016 nokre endringar i tilskota til idrettsprosjekt i samsvar med føringar i Regional kulturplan 2015–2025. Det er ønskjeleg å endre tittelen tilskot for barn/unge – idrett til tilskot til lågterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom og samle fleire ulike fylkeskommunale tilskotsordningar. Dette gjeld barn/ungdom – opne anlegg kr 175 000, internasjonalt arbeid kr 40 000, Aktiv saman kr 350 000 og lokale tiltak for fysisk aktivitet og friluftsliv kr 400 000. Eiga sak om måltretting

av retningslinjer vert lagt fram for Kultur- og ressursutvalet. Budsjettposten Idrettsanlegg.no vert lagt inn under konferansar/kompetanse.

Fylkestinget satte i budsjettet for 2015 av kr 500.000 til prosjekt sykkel og folkehelse/sykkelvanar. Fylkesrådmannen foreslår å vidareføre denne posten i 2016.

Tilskot spelemidlar

Dette er statlege midlar som blir tildelt Hordaland fylkeskommune til anlegg for idrett og friluftsliv på basis

av årlege søknadar. Det vert budsjettert med 100 mill. kr som utgifter og finansiert med øyremerka statstilskot.

Andre friluftsføremål

400.450 Tilskot til friluftsføremål	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Endring %
Bergen og Omland Friluftsråd	1 800 000	1 836 000	2,0
Friluftsrådet Vest	470 000	495 000	5,3
Vestkystparken	1 400 000	1 400 000	0,0
Bergen og Hordaland Turlag	500 000	525 000	5,0
Friluftslivets hus i Hordaland	110 000	118 000	7,3
Haugesund Turistforening	15 000	20 000	33,3
Norges Jeger- og Fiskerforbund - Hordaland		35 000	100,0
Arboretet på Milde	280 000	-	-100,0
Turløyper på Kvamskogen	100 000	100 000	0,0
Oppsyn/assistering av syklistar langs Rallarvegen	50 000	50 000	0,0
Gradering og merking av turløyper	770 000	770 000	0,0
Lokale tiltak for fysisk aktivitet og friluftsliv	400 000	-	-100,0
Kartlegging og verdisetjing av friluftsområder	428 000	428 000	0,0
Tilskot - friluftstiltak	400 000	400 000	0,0
Tilskot - friluftsområde	3 000 000	3 000 000	0,0
Friluftslivets år 2015	400 000	-	-100,0
Sum brutto driftsutgifter	10 123 000	9 177 000	-9,3
Sum driftsinntekter	-3 400 000	-3 400 000	0,0
Sum netto driftsutgifter	6 723 000	5 777 000	-14,1

Bergen og Hordaland Turlag har 27 000 medlemmar. Fylkesrådmannen foreslår å tildele kr 118 000 til Friluftslivets Hus og auke driftstilskotet til Bergen og Hordaland Turlag frå kr 500 000 til kr 525 000 for 2016.

Stiftelsen Det Norske Arboret søker om eit driftstilskot på kr 400 000. Arboretet jobbar tett saman med Universitetet i Bergen og Bergen og Omland Friluftsråd om å utvikle området retta mot folkeopplysning, naturforståing og friluftsføremål. Fylkesrådmannen tilrår i budsjettet for 2016 at driftstilskotet ikkje vert vidareført p.g.a. manglande regional betydning som friluftsområde.

Norges Jeger- og Fiskerforbund - Hordaland har 27 lokalag. Dei søker om kr 35 000 i driftstilskot knytt opp mot

undervisningsprosjekt Trygghet, ansvar og mestring. Fylkesrådmannen tilrår å innfri denne søknaden for 2016.

I det nasjonale arbeidet knytt til **merking av turløyper – «det merkes i heile landet»**, stiller Gjensidigestiftelsen krav om fylkeskommunal eigendel, og eit forpliktande samarbeid med kommune og frivillig sektor. Fylkesrådmannen tilrår å vidareføre satsinga i 2016 og fører opp kr 770 000 til dette.

Det er eit statleg og fylkeskommunalt mål (i regional kulturplan 2025–2025) at alle kommunar skal ha gjennomført ei **kartlegging og verdisetjing av friluftsområder** innan 2018. Det blir eit vilkår for å kunne søke om statleg medverknad til sikring av friluftsområde. 16 kommunar i Hordaland har

fått støtte til dette arbeidet i 2014 og 2015. Miljødirektoratet lyser ut midlar til dette arbeidet med krav om 50% medfinansiering frå fylke og kommune. Fylkesrådmannen foreslår

å vidareføre tilskotsordninga i 2016.

Andre kulturaktivitetar

Tal i heile 1000 kr

	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Endring %
Fylkesarkiv	4 394	4 575	4,1 %
Kulturnett/Digital formidling	738	0	-100,1 %
Dokumentsenteret	6 287	6 745	7,3 %
Tilskot lokale kulturhus	5 500	5 610	2,0 %
Barne- og ungdomsarbeid	3 434	2 165	-37,0 %
Vaksenopplæring	722	628	-13,0 %
Andre kulturføremål	15 777	16 091	2,0 %
Stønad etter vedtak	1 030	3 135	204,4 %
Tilskot til innvandrarorg.	1 147	0	-100,0 %
Til rådvelde for Kultur- og ressursutvalet	1 023	0	-100,0 %
Kulturelt utviklingsprogram	6 090	6 500	6,7 %
Kulturbygg med regionale funksjonar	9 400	9 000	-4,3 %
Sum brutto driftsutgifter	55 542	54 449	-2,0 %
Sum driftsinntekter	-11 547	-10 608	-8,1 %
Netto driftsutgifter	43 995	43 841	-0,4 %

Fylkesarkivet

Dokumentsenteret vart frå 01.05.2015 slått saman med fylkesarkivet. Dokumentsenteret med post-tenesta for HFK vart organisatorisk flytta frå Økonomi- og organisasjonsavdelinga til Kultur- og idrettsavdelinga. Dette utgjer ei auke på 6,7 mill. kr for avdelinga. Frå 2016 vert dokumentsenteret med posttenesta budsjetttert saman med fylkesarkivet, jf. tabellen ovanfor. Fylkesarkivet vil som tidligare ha ansvaret for dei historiske arkiva, depot og lokal-/regionalhistorisk arbeid. Men i tillegg vil fylkesarkivet i form av dokumentsenteret også å ha ansvaret for moderne arkiv, arkivdanning og systemutvikling i fylkeskommunen og integrasjon mellom sak- og arkivsystemet og dei mange fagsystema i fylkeskommunen.

Ei av dei største utfordringa for fylkesarkivet er forvaltninga av fylkeskommunen sitt sak-/arkivsystem og bevaring av dei elektroniske arkiva som blir skapt i fylkeskommunen. Det

finst over 80 fagsystem i bruk i fylkeskommunen. Store delar av saksbehandlinga, spesielt på opplæring og samferdsel, går føre seg i fagsystem utan integrasjon til sak/arkivsystemet. For langtidsbevaring har ein fram til no dokumentert alt på papir. Arbeidet med langtidslagring av digitalt arkivmateriale er ressurs- og kompetansekreivjande. I 2016 må ein bygge opp kompetanse på fagfeltet og etablere ei elektronisk depotløsning.

Bevaring av privatarkiv er viktig for å sikre ein heilskapleg samfunnsdokumentasjon. Tilgang til både offentlege og private arkiv er viktig for å sikre forvaltingsmessig og rettsleg dokumentasjon og dannar grunnlaget for utvikling av lokal-, regional- og nasjonal historie. Det er behov for økonomiske midlar for å stimulere dette arbeidet, men det er ikkje funne rom for slik auke i budsjettet.

Lokalhistorisk rettleiingsteneste er ein integrert del av fylkesarkivet og gjev mellom anna råd om lokalhistorisk arbeid, fotobevaring, innsamling av stadnamn og større lokalhistoriske prosjekt som bygdebøker. Fylkesarkivet tek også vare på eldre arkivsaker frå bedrifter og organisasjonar i fylket og er fylkeskoordinerande institusjon for privatarkivarbeid. Frå 2015 vert denne tenesta budsjettert saman med fylkesarkivet, jf. tabellen ovanfor.

Digital formidling

Det digitale kulturformidlingsarbeidet søkjer å formidle kultur- og idrettsinformasjon på effektive måtar slik at ein når ut til publikum. I samband med andre fylkeskommunar, offentlege instansar og kulturinstitusjonar driv ein også med formidlingsprosjekt som kan reknast som nybrottsarbeid. I år har det blant anna vore eit fokus på Friluftslivets år og eit prosjekt for å gjere bibliotekas debattar tilgjengeleg digitalt. Mykje tid er også brukt på utviklinga av nye nettsider for fylkeskommunen.

Administrativt har ressursane for digital formidling blitt overført frå Fylkesarkivet til stabseininga i Kultur- og idrettsavdelinga for betre å kunne sjå heilskapen i kulturformidlinga, og også å kunne vere ein god samarbeidspartnar for kommunikasjonsseksjonen i Hordaland fylkeskommune. Dette er ei vidareføring av tidlegare Kulturnett.

Tilskot til lokale kulturhus

I Hordaland er det to tilskotsordningar for kulturhus: Tilskot til lokale kulturhus og Tilskot til kulturbygg med regionale funksjonar. Den fyrste ordninga vert fullt ut dekkja av delar av statstilskotet (spelemidlar), mens den andre ordninga vert dekkja av løyvinga på fylkesbudsjettet og spelemidlar. Tilskotet til lokale kulturhus er auka med kr 110 000 til 5,6 mill. kr. Tilskotsordninga for kulturbygg med regionale funksjonar er ført opp med 9 mill. kr, 0,4 mill. kr mindre enn i 2015.

Barne- og ungdomsarbeid

Kroner

Barne- og ungdomsarbeid	Budsjett 2015	Budsjett 2016
Hordaland Barne- og ungdomsråd (HBUR)	696 000	500 000
Ungdomskonferanse	48 000	0
Ungdommens kulturmønstring	350 000	400 000
Driftstilskot til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar	1 559 000	1 000 000
Tilskot - Særlege tiltak barn/ungdom	516 000	0
Scenekunst for barn og unge i Sunnhordland	265 000	265 000
Sum brutto driftsutgifter	3 434 000	2 165 000

HBUR – Hordaland barne- og ungdomsråd er ein nettverksorganisasjon for barne- og ungdomsorganisasjonar. Organisasjonen har tidlegare, i tillegg til si nettverksrolle, hatt fleire oppgåver gjennom Hordaland fylkeskommune. Handteringa av desse oppgåvene har dei siste åra vore gjennom ei omlegging. Sekretariatet for Ungdommens fylkesutval og fylkeskontakt for UKM Hordaland er flytta frå HBUR til administrasjonen i Hordaland fylkeskommune, og ungdomskonferansen har ikkje vore halde siste år. Fylkesrådmannen forslår difor driftstilskot på kr 500 000 i 2016.

Driftstilskot til barne- og ungdomsorganisasjonar/Driftstilskot til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar

I tråd med regional kulturplan er det gjort ei gjennomgang av eksisterande stønadsordningar for å få dei til å betre kome i møte behov på kulturfeltet slik det fungerer i dag. Budsjett-posten Driftstilskot til barne- og ungdomsorganisasjonar har omfatta driftsstønad til for fylkesomfemnande og regionale organisasjonar, med ein tilskotsdel basert på kvantitativ utrekning i forhold til medlemstal og ein del med skjønnsmessig vurdering knytt til aktivitetar. Ein vil no sjå nærare

på kriteria og vil m.a. omformulere tittelen på ordninga noko, grunna at fleire organisasjonar med eit tydeleg engasjement for unge også har medlemmer i alle aldrar og såleis ikkje kan kallast ein barne- og / eller ungdomsorganisasjon.

Det vert tilrådd at Driftstilskot til fylkesfemnande organisasjonar med barne- og ungdomssatsing berre skal knytast til medlemstal. Den summen som tidlegare vart fordelt med grunnlag i aktivitet, vert føreslege lagt inn i tilskotsordninga Kulturtiltak barn og ungdom – amatør under posten Stønad etter vedtak. Då vil desse midlane vere mogleg å søkje for fleire organisasjonar og aktørar.

UKM – tidlegare Ungdommens kulturmønstring, har dei siste åra hatt ei positiv utvikling, og det er viktig å unngå å pålegge kommunane og deltakarane ytterlegare eigenbetaling. Hordaland fylkeskommune arbeider no målretta med å vidareutvikle mønstringa. Sparebankstiftelsen har gitt ei gåve til vidareutvikling av UKM i 2016 og 2017, og det er viktig at fylkeskommunen kan kome i møte denne satsinga.

Studieorganisasjonar

Etter reglane som fylkestinget har vedteke, skal kulturadministrasjonen administrere tilskot (grunntilskot og administrasjonstilskot) til organisasjonsverksemd for godkjende studieorganisasjonar. Hordaland fylkeskommune gjev og tilskot til paraplyorganisasjonen Vaksenopplæringsforbundet i Hordaland.

Det statlege lovverket om vaksenopplæring har forandra seg gjennom åra, og Fylkesrådmannen vil i denne budsjett-

perioden sjå på innrettinga av Hordaland fylkeskommune si støtte til vaksenopplæring. Det har i 2015 også vore ei markant nedgang i søkjarar. Det er difor kutta noko i det tilskotet som vert fordelt til ulike organisasjonar etter søknad. Det vert for 2016 budsjettert med kr 400 000 (492 000 i 2015) som tilskot til vaksenopplæringstiltak og kr 230 000 (same som i 2015) som tilskot til Vaksenopplæringsforbundet – til saman kr 630 000 i 2016.

Tilskot til andre kulturføremål

Kroner

	Budsjett 2015	Budsjett 2016
I. Fylkesorganisasjonar		
Musikkorganisasjonar		
Norges Musikkorpsforbund Hordaland	467 000	467 000
Norsk Musikkråd – Hordaland	214 000	214 000
Hordaland korforbund	189 000	189 000
Hordaland folkemusikklag	67 000	67 000
Interesseorganisasjonar		
Det felles innvandrerråd i Hordaland	587 000	587 000
Hordaland fylkeshusflidslag	359 000	359 000
II. Kulturinstitusjonar		
Musikk		
Vestnorsk Jazzsenter	1 301 000	1 301 000
Ole Bull Akademiet	269 000	269 000
Bjørgvin Kirkemusikk	158 000	0
Orkesteret Fossegrimen	211 000	0
Brak (tidl. BRAK – Bergen Rock Aktører)	343 000	343 000
Stiftinga Fartein Valen	311 000	311 000
Musica Nord	139 000	139 000
Bergen Filharmoniske ungdomsorkester / Regionsorkesteret Ung Symfoni	44 000	100 000
AKKS Bergen	44 000	44 000
Edvard Grieg kor (tidl. Kor Vest)	203 000	203 000
Stiftelsen prof. Jiri Hlinka klaverakademi	102 000	130 000
Kulturhuset Østre		100 000
Scenekunst		

	Budsjett 2015	Budsjett 2016
Stiftelsen Bergen Internasjonale Teater	493 000	493 000
Vestlandske Teatersenter	398 000	398 000
Bergen Dansesenter	116 000	116 000
Bømlo Teater	156 000	156 000
Teaterdrift Bergen AS - Cornerteateret		240 000

Film

Vestnorsk filmsenter	1 072 000	1 072 000
Cinematket	45 000	45 000

Formidlingsorganisasjonar

Hordaland Folkeakademi	426 000	426 000
Moster Kyrkjehistoriske senter/Moster Amfi	891 000	891 000
Seglskipet "Statsraad Lehmkuhl"	1 685 000	1 685 000
Vestnorsk Kulturakademi	315 000	315 000
FN-sambandet vest/Internasjonal uke	107 000	100 000

III. Festivalar**Musikk**

Barnas Festspill	31 000	31 000
Vossa Jazz	341 000	341 000
Vossa Jazz-prisen	30 000	30 000
Nattjazzen i Bergen	109 000	109 000
Hardingtonar, Kvam	87 000	87 000
Borealis-festivalen	196 000	196 000
Bergen Music Fest	84 000	0
Osa-festivalen, Voss	73 000	73 000
Hardanger Musikkfest	222 000	222 000
Rosendal Musikkfestival	62 000	0
Bergen internasjonale filmfestival BIFF	323 000	323 000
Grieg intern. Korfestival/Nina Grieg barnekorfest.	107 000	107 000

Scenekunst

Barneteaterfestivalen på Stord / Falturiltu	164 000	164 000
Bømlo teater - Mostraspelet	185 000	185 000
Baroniet i Rosendal - kulturtilskipingar	57 000	100 000
Stiftelsen Bergen Internasjonale Teater - Oktoberdans/Meteor	48 000	48 000

	Budsjett 2015	Budsjett 2016
Andre kunstartar		
Kystsogevekene	1 219 000	920 000
Foreningen Ekko - Ekko-festivalen	107 000	107 000
Litteratursymposiet i Odda	208 000	208 000
Ulvik poesifestival		80 000
Hansadagane 2016		1 000 000
IV. Anna		
Registrering, kartfesting og formidling av kulturminne	412 000	0
Kulturminneplanar – tilskot til kommunane	1 000 000	1 000 000
Sum brutto driftsutgifter	15 777 000	16 091 000

Det er gjennomgåande søkt om stor auke i driftsstøtaden under posten. I lys av den økonomiske situasjonen, har fylkesrådmannen ikkje funne rom for auke til nokon av desse tilskotsmottakarane. Tre tidlegare tilskotsmottakarar er foreslått tekne ut av budsjettet. To nye søkjarar har fått plass på budsjettet. Slik det har vore varsla, har ein gått igjennom tidlegare mottakarar av driftsstønad med spesielt fokus på regional funksjon og regional verdi.

Orkesteret Fossegrimen er ikkje innstilt på driftstøtte for komande periode. Etter gjennomgangen av tilskotsmottakarane, med eit svært stramt budsjett, vart dette amatør-orkesteret ikkje vurdert til å ha tilstrekkeleg regional funksjon til å verte tilrådd vidare driftsstøtte frå Hordaland fylkeskommune.

Rosendal Musikkfestival og Bjørgvin Kirkemusikk har ikkje søkt om tilskot for komande budsjettperiode, og har lite eller ingen aktivitet. Dei er såleis foreslått tekne ut av budsjettet.

Regionsorkesteret Ung Symfoni har no omorganisert seg til å verte Bergen Filharmoniske ungdomsorkester. Det er no ei ny satsing og ein foreslår såleis å auke tilskotet noko.

Kulturhuset Østre vart etablert for eit par år sidan som eit hus for lydkunst og elektronisk musikk og initiert som eit samarbeidsprosjekt mellom Lydgalleriet og Foreningen Ekko. Hordaland fylkeskommune har bidrege med midlar til tilrettelegging av huset, og gir noko driftsstøtte til Foreningen Ekko / Ekkofestivalen. Østre inneheld utstillingslokale og konsertlokale som vert brukt av mange aktørar innan dette feltet, i tillegg til dei to aktørane som etablerte huset. Østre arbeider også aktivt med aktørar elles i fylket. Suksessen som har vore innanfor elektronisk lydkunst, musikk og kunstuttrykk i fylket, bygger i stor grad på den eksisterande underskogen av mindre kulturaktørar og deira evne til å samarbeide. Kulturhuset Østre er viktig i denne samanheng, og dei spelar ei viktig rolle som knutepunkt for det elektroniske musikkmiljøet på Vestlandet, særleg for ikkje-etablerte artistar og produksjonsmiljø.

Teaterdrift Bergen AS har søkt om midlar til drift av Cornerteateret og fylkesrådmannen foreslår kr 240 000 i tilskot for 2016.

Kystsogevekene er i hovudsak finansiert av Hordaland fylkeskommune gjennom driftstilskot og fri husleige. Mange kommunar er knytt opp til og dreg nytte av stiftinga, men bidreg ikkje økonomisk. Fylkesrådmannen foreslår å redusere driftstilskotet med kr 300 000.

Ulvik poesifestival er den einaste av sitt slag i fylket. Den har jobba seg opp gjennom fleire år, og har no fått ei god fagleg og administrativ forankring i Olav H. Haugesenteret / Nynorsk kultursentrum. Det er viktig at festivalen får eit tilskot som kan vere med på å styrke innhaldet slik at den kan vere ei viktig, fast hending i Olav H. Haugesenteret / Nynorsk kultursentrum.

Hansadagane 2016

Bergen skal vere vertskap for dei 36. internasjonale Hansadagane 9 – 12 juni 2016. Hansaforbundet vart etablert i 1980, og over 180 byar i Europa er del av det hanseatiske nettverket. Kvart år er ein by vertskap for Hansadagane. Arrangementet vert ein internasjonal folkefest med fokus på kunst, kultur, historie og næring og har eit eige ungdomsprogram. Av eit samla budsjett på 14 mill. kr er det søkt om 1 mill. kr frå Hordaland fylkeskommune. Fylkesrådmannen budsjetterer i samsvar med søknaden.

Baroniet i Rosendal – kulturtilskipingar. Fylkesrådmannen foreslår å auka denne posten noko, grunna det omfattande tilbodet som vert gjeve.

Registrering, kartfesting og formidling av kulturminne

Posten er redusert til 0 og midlane er førte over til andre ordningar: 200 000,- til Bevaringsprogram for arkeologiske kulturminne og 212 000,- til ordninga Vern og vøling av faste kulturminne.

Kulturminneplanar

Fylkestinget løyvde 1 mill. kr i 2015 til utarbeiding av kulturminneplanar i kommunane og legg opp til same ramme også i 2016. Kvar kommune som utarbeidar kulturminneplan vil få eit tilskot på inntil kr 200 000. Ved oppstart av prosjektet

var det 27 kommunar i Hordaland utan oppdaterte kulturminneplanar. I løpet av 2015 har alle kommunar bortsett i frå Bergen sett i gong slikt planarbeid, og det er særskilt viktig at fylkeskommunen førar vidare denne satsinga i 2016.

Stønad etter vedtak

Slik det vart vedteke i regional kulturplan har det vore gjort ein gjennomgang av dei tilskotsordningane vi har hatt på kulturfeltet for å tilpasse dei betre til kulturlivet sine behov i dag og til satsingane i kulturplanen. Dette har ført til omleggingar som m.a. vil verte omtala i avsnitta under. Fylkesrådmannen vil kome attende med politiske saker om retningslinene for dei enkelte tilskota.

Budsjettposten Stønad etter vedtak er noko omgjort i forhold til tidlegare år.

Eit av det mest markante grep som er gjort i regional kulturplan er at fylkeskommunen har meisla ut ein eigen politikk for det profesjonelle kunstfeltet. Tidlegare har det ikkje vore uttalt eit skilje mellom profesjonelle kunst og kulturuttrykk og amatørkultur. Det er viktig at dette også viser seg i innrettinga av tilskotsordningane, og det er gjort nokon grep i forhold til desse. Det er difor gjort nokon omleggingar som då vil erstatte det som tidlegare har vore stønadsordningane Tilskot til kulturtiltak for barn og unge og Tilskot til ålmenne kulturføremål.

Det er her føreslege å dele inn desse søknadsordningane i separate ordningar for profesjonelle aktørar og for amatør-

kultur. Det vert lagt fram fire ordningar som skal dekke feltet; Kunstprosjekt og kulturtiltak – profesjonell, Kulturtiltak – amatør, Kunstprosj. og kulturtiltak barn og ungdom – profesjonell og Kulturtiltak barn og ungdom – amatør. Dette vil gjere det lettare å sjå behova i desse to delane av kulturlivet ut frå dei premissa dei har. Det er også overført ytterlegare midlar til ordninga for kulturtiltak barn og ungdom frå driftsstøtta til fylkesfemnande barne- og ungdomsorganisasjonar. Dette er kommentert tidlegare under kapittel om barne- og ungdomsarbeid.

Tidlegare post Til rådvælde for Kultur- og ressursutvalet er no lagt inn under Stønad etter vedtak-posten. I tråd med merknader frå forvaltningsrevisjonen angående denne posten, har fylkesrådmannen no formalisert midlane som tidlegare vart fordelt frå denne budsjettposten i tilskotsordninga Større kulturprosjekt med regional verdi. Som namnet seier, vil denne ordninga dekke behov som treng noko større løyvingar enn dei som tidlegare har vore dekkja gjennom stønadsordninga Tilskot til ålmenne kulturføremål, og som tidlegare har vore kome i møte gjennom løyvingar frå budsjettposten Til rådvælde for Kultur- og ressursutvalet.

Stønad etter vedtak	Budsjett 2015	Budsjett 2016
Større kulturprosjekt med regional verdi	0	1 000 000
Kunstprosjekt og kulturtiltak – profesjonell	0	800 000
Kulturtiltak – amatør	0	400 000
Kunstprosj. og kult.tiltak barn og ungdom – profesjonell	0	400 000
Kulturtiltak barn og ungdom – amatør	0	535 000
Sum brutto driftsutgifter	0	3 100 000

Tilskot til innvandrorganisasjonar

Fylkeskommunane har tidlegare fordelt statlege midlar til fleirkulturelle prosjekt og drift av innvandrorganisasjonar i fylket. Dette vert lagt om i Statsbudsjettet for 2015, og midlane vart gitt til fordeling i utvalde bykommunar i landet. Bergen kommune var einaste kommune i Hordaland som fekk tilskot til fordeling.

Kulturelt Utviklingsprogram - KUP

KUP er eit viktig verktøy for å kunne utprøve nye initiativ og større satsingar for å utvikle kultursektoren. I ein trang økonomisk driftssituasjon er det særskilt viktig med frie midlar til utvikling og nye initiativ. Det er i gang ei systematisk gjennomgang og utforming av nye programområde for KUP som er direkte knytt til satsingar i regional kulturplan. Då kulturplanen legg opp til ein samla politikk for heile kultur- og idrettsfeltet, ser fylkesrådmannen det som naturleg å

opne opp for at det kan søkjast støtte gjennom Kulturelt utviklingsprogram også for utviklingsprosjekt innan idrett og friluftsliv. Fylkesrådmannen foreslår å auke budsjettposten med kr 410 000 til 6,5 mill. kr.

Tilskot til kulturbygg med regionale funksjonar

I Hordaland er det to tilskotsordningar for kulturhus: Tilskot til lokale kulturhus og Tilskot til kulturbygg med regionale funksjonar. Den fyrste ordninga vert fullt ut dekkja av deler av statstilskotet (spelemidlar), mens den andre ordninga vert dekkja av løyvinga på fylkesbudsjettet og spelemidlar. For 2016 er det budsjettert med 9 mill. kr innafor denne tilskotsordninga.

Mål 2016

Kultur- og idrettsavdelinga har utvikla «PREMISS: KULTUR», Regional Kulturplan som legg føringar for prioriteringar dei neste 10 åra. Sentrale mål går fram av tabellen nedanfor.

1.	«PREMISS: KULTUR»	Status / målepunkt
Mål	Ein kulturplan som er verksam	
Tiltak	<ul style="list-style-type: none"> • Utarbeide lay-out, trykke opp planen og syte for at den vert godt tilgjengeleg • Utarbeide særstrategiar bygd på handlingsprogrammet • Gjennomføre dialogmøte • Tilføre feltet eksterne ressursar 	Gjennomført 2015 Gjennomført 2015 Gjennomført 2015
2.	Verkemiddel og støtteordningar	
Mål	1. God samordning av virkemidla frå ulike forvaltningsnivå. 2. God samordning av fylkeskommunale ressursar og virkemiddel	
Tiltak	<ul style="list-style-type: none"> • Auke samordning av verkemiddel frå ulike forvaltningsnivå • Samkjøring kultur- og idrettsavdelinga og regionalavdelinga • Evaluering av mottakarar og søkjarar til driftstilskot på basis av fylkeskommunale kriterium • Tilpassing og vurdering av nye fylkeskommunale tilskotsordningar i samsvar med målsettingane i Regional kulturplan (pkt.13 i Handlingsprogram) 	Under arbeid Under arbeid Gjennomført 2015 Delvis gjennomført
3.	Dialog med kommunane, kulturlivet og FoU	
Mål	Vere utviklingsaktør og partner, støtte	
Tiltak	<ul style="list-style-type: none"> • Dialogmøter • Kommunebesøk • Deltaking/utvikling av planar • Kunnskapsbasert forvaltning 	Gjennomført 2015 Kontinuerleg Kontinuerleg Kontinuerleg
4.	Internasjonalt arbeid	
Mål	Hordaland er ein open og utoverretta europeisk kulturregion, der utvikling og utveksling av kompetanse og kulturuttrykk står sentralt	
Tiltak	<ul style="list-style-type: none"> • Utvikling av samarbeidsregionar i Europa • Støtte internasjonale samarbeidsprosjekt mellom kulturaktørar • Informere og rettleie om internasjonale program og støtteordningar • Utveksling av kunstnarar og kulturaktørar • Utvikle prosjekt for forskning og formidling om Bergen og Vestlandet si internasjonale historie 	Under arbeid Under arbeid Under arbeid Under arbeid Under arbeid

Fellesfunksjonar

Renter og avdrag

Tal i heile 1000 kr

		Budsjett 2015	Budsjett 2016	Endring %
Renter	Utgifter	242 700	252 200	3,9 %
	Inntekter	-59 550	-39 300	-34,0 %
	Netto utgift	183 150	212 900	16,2 %
Avdrag	Utgifter	330 000	442 000	33,9 %
Sum	Brutto utgifter	572 700	694 200	21,2 %
	Inntekter	-59 550	-39 300	-34,0 %
	Netto utgifter	513 150	654 900	27,6 %

Renter

Renteutgiftene for 2016 er utrekna til 252,2 mill. kr, ein auke på 9,5 mill. kr i høve til 2015. I utrekninga har fylkesrådmannen lagt til grunn 1,75 % rente for lån med flytande rente og for nye lån.

Renteinntektene er budsjettert til 15,2 mill. kr. Ein har lagt til grunn at innskotsrenta på konsernkontoen vil liggje 0,25% lågare enn lånerenta.

Vidare vert det budsjettert med 23,6 mill. kr i rentekompensasjon

frå staten på lån til skuleinvesteringar og veginvesteringar.

Når det gjeld veginvesteringar, er det lagt til grunn at ein får rentekompensasjon for nye lån på 248,4 mill. kr kvart år. For skuleinvesteringane har Hordaland fylt opp kvoten, og grunnlaget for utrekning av rentekompensasjon vert gradvis trappa ned.

Det er budsjettert med utbytte frå Valen kraftverk på 0,5 mill. kr.



VACATION REQUEST

Name: _____
 Department: _____
 Position: _____
 Date: _____

La 9
 So 10

Ma 11
 Ty 12
 On 13
 To 14
 Fr 15

La 16
 So 17

Ma 18
 Ty 19
 On 20
 To 21
 Fr 22

La 13
 So 14

Ma 15
 Ty 16
 On 17
 To 18
 Fr 19

LONN!

3 To

Avdrag

Det er budsjettert med 442 mill. kr i avdrag, ein auke på 112 mill. kr i høve til 2015. Raskare tilbakebetaling av lån vil til ein viss grad vere med å bremse den sterke gjeldsveksten

ein har sett dei siste åra. Nedbetalingstida for gjelda vert redusert frå ca. 25 år til 20,5 år.

Lønsavsetjing

Lønsbudsjetta for dei einskilde skular og einingar er utarbeidde i lønsregulativet pr. 01.01.16. Dette er ei endring i høve til tidlegare år, då ein har lege meir på etterskot med budsjettering av lønsendringar.

Lønsavsetjinga skal dekkja venta lønsauke i 2016. Ein har lagt til grunn statsbudsjettet sine føresetnader om ein lønsvekst på 2,7 % frå 2015 til 2016. Det er sett av 64 mill. kr til dette.

Tidlegare år har ein føresett innsparing på 5 mill. kr i administrasjonen som følgje av vakansar, og sjukepengerefusjonar frå NAV på 3 mill. kr. Ein har ført dette opp som negative beløp på budsjettet for fylkesrådmannen. Fylkesrådmannen vidarefører denne budsjetteringa i 2016, men plasserer no dei negative beløpa saman med lønsavsetjinga.

Premieavvik

Nedanfor finn ein omtale av pensjonskostnader og premieavvik. Det er vist ei liste over amortisering av premieavvik frå tidlegare år. Premieavviket som vil oppstå i 2015 er enno ikkje kjent. Ein har berre prognosar. Ein set av 11 mill. kr på lønsavsetjingskontoen til amortisering av forventa premieavvik som vil oppstå i 2015.

Det er budsjettert med pensjonspremie på 13 % i Statens Pensjonskasse. Prognosen frå SPK i september 2015 tilseier at kostnaden som skal rekneskapsførast vil bli vesentleg lågare. Det er rekna med eit positivt premieavvik på 48,5 mill. kr. Inklusive arbeidsgjevaravgift blir dette 55 mill. kr.

For pensjonsordninga i KLP er det budsjettert med 14 % premie. Dette ventar ein vil liggje nokså nær det som blir den rekneskapsførte kostnaden.

Amortisering av tidlegare års premieavvik

I følgje rekneskapsreglane skal pensjonskostnadene leggjast til grunn for rekneskapsføringa av pensjonspremie. Avviket mellom faktiske premiebetalingar og pensjonskostnadene vert kalla premieavviket. Premieavviket skal dekkast inn over ein fastsett periode. Perioden for inndekking er fleire gonger blitt korta ned.

Premieavvik som oppstod i perioden 2002–2010 skal dekkast inn over 15 år. Premieavvik frå 2011–2013 skal dekkast over 10 år. Premieavvik oppstått i 2014 og seinare skal dekkast over 7 år.

Storleiken på premieavviket for 2015 er enno ikkje kjent.

Inndekking av premieavviket for 2015 er difor ikkje ført opp på dette budsjettkapitlet, men må dekkast av lønsavsetjinga.

Summen som er budsjettert for inndekking i 2016 er 1/15 av premieavviket for kvart av åra 2003–2010, 1/10 av premieavviket for 2011–2013 og 1/7 av premieavviket for 2014. Summen kjem fram slik:

År	Beløp
2003	1 657 000
2004	2 928 000
2005	635 000
2006	1 936 000
2007	855 000
2008	3 011 000
2009	6 075 000
2010	6 078 000
2011	6 468 000
2012	4 928 000
2013	4 267 000
2014	6 071 000
Sum	44 909 000

Tilbakebetaling av underskot frå skular/institusjonar

Dei vidaregåande skulane får behalda overskot, men må dekkja inn underskot 2 år i ettertid. Underskotsdekninga vert inntektsført sentralt på denne kontoen med same storleik som utgiftsføringa på skulebudsjetta.

Det er budsjettert med slik inndekking av underskot frå tidlegare år:

2014-underskot:	Kr 1000
Voss gymnas	62
U.Pihl vgs.	1 219
Bergen katedralskole	3 089
Sandsli vgs.	2 552
Voss vgs.	206
Norheimsund vgs.	1 358

2014-underskot:	Kr 1000
Arna vgs.	1 183
Bergen tekn. fagskole	1 131
Sotra vgs.	845
Voss husflidskole	2 415
Rogne vgs.	1 111
Hjeltnes vgs.	731
Voss jbs.	1 145
Garnes vgs.	1 091
Stord vgs.	142
Sum	18 280

Kontingentar m.m.

Der er ført opp 8,7 mill. kr til kontingentar. KS-kontingenten er på 8,2 mill. kr. Andre kontingentar gjeld Conference of Peripheral Maritime Regions of Europe, Norsk Gassforum, Bergen Næringsråd, Transparency International, Rassicringsgruppa, Kraftfylkekontingent og Landssamanslutninga av nynorskkommunar.

Partane i kommunal sektor oppretta i 2002 ei "OU-ordning" (Opplæring- og utviklingsordning). KS administrerer ordninga. Finansieringa er delt med 1/3 på arbeidstakar- og 2/3 på arbeidsgjevarsida. Fylkeskommunen (arbeidsgjevar) sin del av kostnaden er rekna å utgjere om lag 2,5 mill. kr.

Det er ført opp tilskot på 1 mill. kr til Vest Noregs Brusselkontor.

Det er teikna styreansvarsforsikring. Premien er ca. kr 70 000 pr. år.

Til representasjon og gåver er det ført opp kr 250 000.

Til bedriftsidrettslaget Hordane er det budsjettert med tilskot på kr 75 000.

Ymse tilskot

Fylkeskommunen har gjeve tilskot til ymse lag og organisasjonar som ikkje høyrer naturleg inn under dei ulike sektorane. Tabellen nedanfor viser kva tilskot som vart gjeve i 2015. Fylkesutvalet vedtok i sak 228/13 kriterie for handsaming av førespurnadar om økonomisk støtte som ikkje fell innfor dei etablerte tilskotsordningane i Hordaland fylkeskommune. Eit hovudkriterium for slik stønad er at føremålet kjem hordalandssamfunnet til gode og ligg innanfor kjerneområda for fylkeskommunen si verksemd. Ut frå ei vurdering opp mot desse kriteria har fylkesrådmannen ikkje ført opp tilskot til desse organisasjonane i 2016.

	2015	2016
Norsk Pensjonistforbund	50 000	0
Raftostiftelsen	310 000	0
Kirkens SOS	180 000	0
FFO	260 000	0
Samarbeidsforum for Funksjonsh. Org.	65 000	0
Dysleksiforeningen i Bg.	10 000	0
Actis-Hordaland	100 000	0
Sum	975 000	0

Tilleggsløyvingskonto fylkesutvalet

Til tilleggsløyvingar er det i 2016 ført opp kr 2 471 000.
I 2015 var tilleggsløyvingskontoen kr 4 022 000.

Udisponert sum

Fylkesrådmannen har sett av ein udisponert sum på 19 mill. kr ved salderinga av budsjettet.

Overføring til investeringsbudsjettet

Fylkesrådmannen har ført opp 100 mill. kr av driftsmidlar til finansiering av investeringar. I 2015 vart det budsjettert med 102 mill. kr.

Frie inntekter

Tal i heile 1000 kr

		Budsjett 2015	Budsjett 2016	Endring %
Skatt	Driftsinntekter	-2 993 000	-3 090 700	3,3 %
Rammetilskot	Driftsinntekter	-2 947 000	-3 046 100	3,4 %
Sum	Netto driftsinntekter	-5 940 000	-6 136 800	3,3 %

Dei frie inntektene for fylkeskommunen omfattar fylkesskatt og rammetilskot.

I kommuneproposisjonen for 2016 varsla regjeringa at fylkeskommunane ville få ein vekst i frie inntekter på 500 mill. kr. Av denne veksten var 200 mill. kr grunngjeven med behovet for opprusting av fylkesvegane.

Regjeringa har følgd opp dette i statsbudsjettet. Det er også lagt inn kompensasjon for auke i lærlingtilskot, auka mva. sats for transportsektoren og vegbruksavgift for gassbussar. Desse beløpa er halde utanfor når ein reknar vekst i inntektene.

Hordaland var mellom fylkeskommunane som tapte på omlegginga av kostnadsnøklane i 2015. Tapet vert fasa inn gjennom ei overgangsordning på 5 år. Hordaland får ei nedtrapping i rammetilskotet på ca. 11 mill. kr kvart år.

I tillegg taper Hordaland i 2016 på endringar i kriterieverdi-

ar. Dette gjeld nedgang i talet på 16-18 åringar, auke i talet på elevar i private skular og nedgang i andelen søkjarar til yrkesfag / høgkostnads utdanningsprogram.

På nettsida til Finansdepartementet, under «fylkesoversikt», finn ein følgjande omtale om inntektsutviklinga for Hordaland fylkeskommune:

«Fra 2015 til 2016 er det på landsbasis en nominell vekst i fylkeskommunenes frie inntekter på 3,5 prosent (fra anslag på regnskap for 2015). Hordaland fylkeskommune anslås å få en nominell vekst i de frie inntektene på 2,8 prosent (fra anslag på regnskap for 2015) i 2016, som er 0,7 prosentpoeng lavere enn landsgjennomsnittet.»

Pris- og lønsveksten for kommunesektoren er i statsbudsjettet anslått til 2,7 %. Realveksten for Hordaland vert dermed 0,1 %.

Samla er dei frie inntektene førte opp med 6 136,8 mill. kr i 2016.



Kraftinntekter

Tal i heile 1000 kr

		Budsjett 2015	Budsjett 2016	Endring %
Konsesjonskraftinntekter	Brutto driftsutgifter	50 000	50 000	0,0 %
	Driftsinntekter	-115 000	-100 000	-13,0 %
	Netto driftsutgifter/innt.	-65 000	-50 000	-23,1 %
Eidfjordavtalen	Brutto driftsutgifter			
	Driftsinntekter	-19 800	-20 000	1,0 %
	Netto driftsutgifter/innt.	-19 800	-20 000	1,0 %
	Sum brutto driftsutgifter	50 000	50 000	0,0 %
	Sum driftsinntekter	-134 800	-120 000	-11,0 %
	Sum netto driftsutgifter	-84 800	-70 000	-17,5 %

Konsesjonskraftinntekter

Hordaland fylkeskommune har rett til å ta ut konsesjonskraft og kan selja denne vidare i marknaden. Fylkeskommunen sit att med differansen mellom konsesjonskraftprisen ein må betale til kraftlaga og salsprisen ein får i marknaden. Dette "mellomlegget" kan svinga mykje frå år til år.

For 2015 var det budsjettert med 65 mill. kr i netto inntekt frå sal av konsesjonskraft, men prognosen seier at inntekta vil bli knapt 50 mill. kr.

Det er ikkje teikn til at kraftprisane vil gå opp igjen i nær framtid. For 2016 budsjetterer ein med ei netto inntekt på 50 mill. kr.

Eidfjordavtalen

Fylkeskommunen overlet på midten av 1980-talet sin eigarandel på 35% i Eidfjordnord til BKK / SKL. Som kompensasjon får ein frå og med 2005 utbetalt 1 øre pr. kwh. i 1985-prisnivå, rekna etter fastkraft-produksjonen. Beløpet vert årleg justert med auken i konsumprisindeksen.

Ein fører opp 20 mill. kr i inntekt i 2016.



Økonomiplan 2016–2019

Økonomiplan 2016–2019

kr 1 000, faste priser		Budsjett	Endring i høve til 2016		
		2016	2017	2018	2019
Frie inntekter	+	6 136 800	30 000	60 000	90 000
Renter og avdrag	-	654 900	46 900	82 107	128 109
Til disp. etter renter og avdrag		5 481 900	-16 900	-22 107	-38 109
Overf. til inv.bud.	-	100 000	0	0	0
Driftsramme til fordeling på sektorane		5 381 900	-16 900	-22 107	-38 109
Politiske organ og administrasjon	netto	190 355	0	0	-3 000
Eigedom	netto	121 000	-1 000	-1 000	-1 000
Regional utvikling	netto	86 057	-2 000	-2 000	-2 000
Samferdsel	netto	1 862 585	10 000	10 000	10 000
Kultur og idrett	netto	187 227	-2 000	-2 000	-2 000
Tannhelse	netto	191 701	-2 000	-2 000	-2 000
Opplæring	netto	2 737 515	-20 000	-25 000	-38 000
Fellesfunksjonar	netto	5 460	100	-107	-109
Sum netto driftsutgifter		5 381 900	-16 900	-22 107	-38 109

Tabellen gjev oversyn over viktige endringar i økonomiplanperioden i høve til årsbudsjettet for 2016.



Låg inntektsvekst

Utviklinga i dei frie inntektene i økonomiplanperioden er usikker. I budsjettgrunnlaget er det lagt til grunn ein vekst i fylkeskommunane sine samla frie inntekter på 0,6% pr. år i perioden 2016–2019. Nytt inntektssystem gjer at Hordaland fylkeskommune får noko lågare vekst enn dette. Utrekningane så langt gjev ein årleg vekst på 0,5%.


Med dei føresetnadene som er skisserte, vil veksten i kapitalutgiftene vere vesentleg større enn veksten i dei frie inntektene. Nye tiltak i økonomiplanperioden må difor finansierast ved omdisponeringar innan dei ulike budsjettområda eller mellom budsjettområda.

Høg gjeld og høge kapitalutgifter

Hordaland fylkeskommune har høg lånegjeld som følgje av investeringsprogrammet som er gjennomført dei siste åra. Hordaland fylkeskommune si lånegjeld er mellom dei høgaste i landet rekna etter netto gjeldsgrad. Netto gjeldsgrad er definert som gjeld i høve til driftsinntekter. I ein rapport frå Riksrevisjonen som omhandla kommunesektoren si lånegjeld, vart det tilrådd eit nivå på 75% i netto gjeldsgrad.

I budsjettet for 2016 er gjeldsgraden for Hordaland fylkeskommune rekna til 112% – opp frå 102% i 2015. Opplegget som fylkesrådmannen foreslår i investeringsbudsjettet i økonomiplanperioden medfører at gjeldsgraden aukar ytterlegare i 2017 til 113% for deretter å gå svakt attende til 112% i 2018 og 111% i 2019.

Utviklinga i gjeldsgraden går fram av figuren nedanfor.



Fordeling på sektorane

Den låge inntektsveksten gjer at ein i økonomiplanperioden ikkje kjem utanom reduksjon av dei samla driftsrammene.

Reduksjonen – samanlikna med budsjettet for 2016 – går fram av tabellen framanfor. Tabellen viser at det er trong for reduksjon på knapt 17 mill. kr i 2017, ytterlegare 5,2 mill. kr i 2018 og endeleg nye 16 mill. kr i 2019. Det er dermed behov for reduksjon på vel 38 mill. kr i 2019 samanlikna med budsjettet for 2016.


Innanfor dei stramme rammene har fylkesrådmannen prioritert samferdselssektoren med auke i budsjetttramma på 10 mill. kr frå 2017. Reduksjonen er fordelt på dei andre sektorane og fylkesrådmannen kommenterer forslaget om prioritering mellom sektorane nærare nedanfor.

Opplæring

Tabellen innleiingsvis viser at fylkesrådmannen foreslår å redusere budsjetttramma for opplæringssektoren i økonomiplanperioden. Forslaget inneber ein reduksjon på 20 mill. kr i 2017 aukande til 38 mill. kr i 2019. Bakgrunnen for forslaget er strukturendringar og utviklinga i elevtalet.

Strukturendringar

Bakgrunnen for forslaget om reduksjon er strukturendringane som skjer i sektoren. Hausten 2016 opnar nye Voss vidaregåande skule og hausten 2017 skal etter planen nye Voss gymnas starte opp. Det vil då vere to heilt nye vidaregåande



skular på Voss – mot fem skular på Voss slik det er i dag. Samstundes vil det frå 2017 falle bort fleire leigekontraktar.

Fylkesrådmannen arbeider vidare med saker av strukturell karakter m.a. fastsetjing av framtidige programfagtilbod og rullering av skulebruksplanen.

Fylkesrådmannen vil elles peike på at det store investeringsprogrammet som er gjennomført/er under utføring mange stader, vil betre undervisingstilhøva.

Elevtal

Utviklinga i elevtalet er ein avgjerande faktor for dimensjoneringa av skuletilbodet. Figuren over viser utviklinga i elevtal i økonomiplanperioden.

Den reduserte elevprognosen for åra framover er ein faktor som medverkar til forslaget om redusert budsjetttramme for opplæringssektoren.

Utviklinga i elevtal i private skular er ein annan viktig dimensjoneringsfaktor. Hordaland har flest elevar i private skular i landet – knapt 20% av det samla elevtalet. I inntektssystemet er det ei eiga korreksjonsordning for denne elevgruppa.

Det er om lag 2 800 elevplassar ved private vidaregåande skular i fylket. Dei fleste elevplassane ved dei private vidaregåande skulane er på studiespesialiserande utdanningsprogram. Dei fleste av private skulane ligg i Bergen sentrum, der nesten 1/3 av elevplassane er ved private skular.

Samferdsel

Fylkesrådmannen foreslår å auke budsjetttramma for samferdselsektoren med 10 mill. kr frå 2017. Bakgrunnen for dette at Bybanen startar drifta til Flesland hausten 2016

og dermed vil få heilårsdrift frå 2017. Auken på 10 mill. kr er ikkje tilstrekkeleg til å dekke dette fullt ut, men innanfor knappe rammer har ikkje fylkesrådmannen i denne omgangen funne rom for større auke.

I økonomiplanperioden vert det starta opp nye anbudsplanar for kollektivtransport fleire stader. Det kan ventast høgare kostnader for rutekøyringa, og dette må i tilfelle prioriterast innanfor samferdselsramma.

Fylkesrådmannen har heller ikkje lagt inn midlar til dei nye ferjeanboda som kjem i drift mot slutten av økonomiplanperioden. Det er også her venta høgare kostnader.

Endeleg er det ikkje rom for auke i vedlikehaldet av fylkesvegane utover auken det er lagt opp til for posten Standardhevingstiltak på investeringsbudsjettet.

Andre sektorar

Fylkesrådmannen foreslår mindre reduksjonar i budsjetttrammene for dei andre sektorane. Det er lagt til grunn at områda regional utvikling, kultur- og idrett og tannhelse vert redusert med 2 mill. kr frå 2017. Endeleg er eigedomssektoren redusert med 1 mill. kr frå 2017.

Frie inntekter

Utviklinga i dei frie inntektene i økonomiplanperioden er usikker. I budsjettgrunnlaget er det lagt til grunn ein vekst i fylkeskommunane sine samla frie inntekter på 0,6% pr. år i perioden 2016–2019.

Veksten for Hordaland fylkeskommune vert då 0,5 %, eller 30 mill. kr kvart år. Hordaland fylkeskommune sin vekst er

litt lågare enn for fylkeskommunane samla med bakgrunn i endringar som følgje av nytt inntektssystem som gjeld frå 2015. Dei nye kostnadsnøklane medførte at Hordaland fylkeskommune tapte 56 mill. kr samanlikna med systemet som var nytta fram til 2014. Tapet vert «fasa inn» med om lag 11 mill. kr i reduserte inntekter i ein overgangsperiode på fem år.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet varsla i sommar om kriteria som skulle nyttast i inntektssystemet for 2016. Det var då også lagt fram nye tal for kriteriet «Innbyggjarar spredtbygt». Dei nye tala gav svært store utslag – særleg for Hordaland fylkeskommune. Fylkesrådmannen peika på dette overfor departementet. Departementet la

etter det opp til å nytta «gamle tal» fram til statistikken var kvalitetssikra av Statistisk Sentralbyrå.

Endringa for dette kriteriet vert såleis tidlegast innført frå 2017. Dersom kvalitetssikringa i SSB stadfester departementet sitt opphavlege forslag, må ein vere budd på at inntektsveksten vert enno lågare frå 2016 til 2017.

Det er p.t. for tidleg å seia kva dei samla utslaga vert, sidan det er folketalet pr. 1. juli året før budsjettåret som skal leggjast til grunn. Fylkesrådmannen er likevel uroleg for at ein berre for det nemnde kriteriet kan få reduserte inntekter på 35 mill. kr. Fylkesrådmannen har så langt ikkje lagt dette til grunn i økonomiplanen.

Renter og avdrag

År	2016	2017	2018	2019
Renteutgifter	252 200	252 800	242 100	250 800
Avdrag	442 000	509 000	578 000	650 000
Sum utgifter	694 200	761 800	820 100	900 800
Rentekompensasjon	-23 600	-25 000	-26 300	-33 500
Renteinntekter og utbytte	-15 700	-15 700	-15 700	-17 900
Sum inntekter	-39 300	-40 700	-42 000	-51 400
Netto utgifter	654 900	721 100	778 100	849 400

Ein gjer merksam på at tala i denne tabellen er i løpande prisar.

For lån utan rentebinding har ein nytta rentesats: 1,75% i åra 2016 til 2018. Siste året i perioden har ein lagt inn ein liten renteoppgang til 2,0 %.

Renteutgiftene held seg om lag uendra i perioden sjølv om gjelda aukar. Grunnen er at det er fastrenteavtalar som har utløp kvart år. Rentesatsen for desse låna er då føresettt å gå ned frå 3–4 % til 1,75 %.

Utviklinga i rentenivået er usikker, og ein må vere budd på at renteføresetnadene må justerast ved seinare høve.

Det er lagt opp til ein monaleg auke i avdraga, i tråd med det som vart skissert i rammesaka. Dette er ein måte å bremse veksten i lånegjelda. Avdraga er foreslått auka frå 442 mill. kr i 2016 til 650 mill. kr i 2019. I 2015 er det budsjettert med 330 mill. kr i avdrag.

Lånegjeld og gjeldsgrad

Dei høge investeringane Hordaland fylkeskommune har hatt den siste tida, medfører høge kapitalutgifter. Fylkesrådmannen foreslår å auke kapitalutgiftene med 30% i økonomiplanperioden fram til 2019. Dette vert gjort innanfor svært knappe inntektsrammer. Etter fylkesrådmannen sitt syn er det heilt nødvendig å få kontroll med den høge lånegjelda. Då kjem ein ikkje utanom å auke avdraga.

Lånegjelda aukar i perioden frå 9,1 mrd. kr ved inngangen til 2016 til 11 mrd. kr ved utgangen av 2019 med det forslaget til investeringsbudsjett som fylkesrådmannen har foreslått. Det er her lagt vekt på å bremse investeringstakten etter at igangsette prosjekt vert ferdige. Likevel veks altså lånegjelda monaleg.

Handlingsregel

Fylkesrådmannen vil foreslå at avdragssummen må aukast i åra framover slik at den kjem opp i same sum som vert foreslått i nye lån. Det siste året i økonomiplanperioden er det framleis over 200 mill. kr skilnad mellom desse summene. Fylkesrådmannen sitt investeringsforslag medfører nye lån på 873 mill. kr, medan det – som tabellen over viser – er lagt opp til avdrag på 650 mill. kr.

Overføring til investeringsbudsjettet

Det er budsjettet med 100 mill. kr i driftsmidlar til finansiering av investeringar kvart år i økonomiplanperioden. Netto driftsresultat kan ut frå dette reknast til om lag 1,25% kvart år i økonomiplanperioden.

Oppsummering

2016	Nøkkeltal økonomiplanperioden	2019
Kort om nøkkeltala		
Nøkkeltala skal gje oversikt over utviklinga i HFK sin økonomisituasjon i planperioden frå 2016 til 2019. Samla sett viser dei innretninga på budsjettet der det er lagt opp til meir handterleg gjeldsutvikling, lågare driftskostnader og framleis positive årlege driftsresultat.		
Alle tal i faste prisar		
Gjeldsgrad		
112 %	Stabilisering, og tildels redusering, av gjeldsbyrden til HFK vil ha prioritet i planperioden. Fleire verkemiddel vert foreslått i planperioden for å snu tidlegare års sterke gjeldsoppbygging for å stabilisera gjeldsgraden; gjeld delt på inntekter. I planperioden vert gjeldsgraden redusert med 1 %; til 111 %. Det er å merka seg at dette framleis vil vera ein gjeldsgrad høgt over tilrådd nivå på 75 %.	111 %
Totalgjeld		
10 144 mill. kr	Med skissert økonomiplan vil den totale gjelda til HFK i perioden etter planen gå litt ned. Totalgjelda til HFK er venta å gå ned med 54 mill. kr. Frå 2016 til i 2019 rekna i faste 2016-kr.	10 090 mill. kr
Pensjonskostnader		
300 mill. kr	For økonomiplanperioden har HFK ikkje haldepunkt for at pensjonskostnadane vil endre seg, og det er difor lagt til grunn om lag same årlege pensjonskostnad gjennom planperioden; 300 mill. kr.	300 mill. kr
Avdrag		
442 mill. kr	For å redusera gjeldsbyrda foreslår fylkesrådmannen i økonomiplanperioden å prioritera nedbetaling av lån. Opptrappinga av avdragsbetaling i perioden er på 158 mill. kr; frå 442 mill. kr. I 2016 til 600 mill. kr. I 2019 rekna i faste 2016-kr.	600 mill. kr
Renteutgifter		
213 mill. kr	Det er lagt til grunn låg rente i heile perioden; 1,75 % for 2016–2018 og 2,0 % for 2019. At ein del fastrenteavtalar går ut i perioden vil gje lågare renteutgifter utover i perioden. Renteutgiftene vil etter planen gå ned med 29 mill. kr. I løpet av planperioden rekna i faste 2016-kr.	184 mill. kr
Netto driftskostnader		
5 381 mill. kr	Effektiv drift og kontroll på utvikling av driftskostnadane i planperioden vil kunne betra den økonomiske stillinga. Målet er reduserte driftskostnader og framleis gode tenester og omstillingsevne. Frå 2016 til 2019 er det lagt opp til ein reduksjon av netto driftskostnader på 38 mill. kr.	5 343 mill. kr

Frie inntekter		
6 137 mill. kr	Dei frie inntektene for fylkeskommunen omfattar fylkesskatt og rammetilskot. Hordaland var mellom fylkeskommunane som tapte på den siste omlegginga av kostnadsnøklane. Det er difor ikkje venta større realvekst samla for planperioden; 90 mill. kr.	6 227 mill. kr
Inntektsvekst		
0,5 %	Ein avgjerande faktor for den økonomiske stoda til hfk er korleis veksten i dei fylkeskommunale frie inntektene utviklar seg. I planperioden er det lagt opp til låg realvekst i frie inntekter; 0,5 % årleg frå 2016 til i 2019.	0,5 %
Netto driftsresultat		
1,25 %	Eit positivt årleg driftsresultat er med på å betre økonomisituasjonen og eventuell eigenfinansiering av investeringar. Det er lagt opp til eit netto årleg driftsresultat på 100 mill. kr. Med aukande avdrag og svak inntektsvekst er mål om 1,25 % i årleg netto driftsresultat eit relativt offensivt mål slik fylkesrådmannen vurderer det. Dette sjølv om det er tilrådd at dette måltalet bør vera på 4 % for fylkeskommunane.	1,25 %



Investeringsbudsjett 2016–2019

Bremsa investeringstakt

Hordaland fylkeskommune er blant dei fylkeskommunane i landet som har høgast gjeldsgrad. Nivået på denne ligg langt over det Riksrevisjonen tilrår. Fylkesrådmannen legg difor opp til å bremse veksten i dei lånefinansierte investeringane i åra framover.

Innleiing

Oversyn over investeringsbudsjettet

Oversyn over investeringane i perioden 2015–2019, fordelt på sektorar, går fram av følgjande oppstilling:

Heile tusen kr i løpande prisar

	Justert budsj. 2015	2016	2017	2018	2019
Opplæring	709 000	757 000	477 000	307 000	415 000
Samferdsel	3 180 500	2 481 300	2 272 500	2 500 500	2 373 900
Kultur	3 000	3 000	3 000	3 000	3 000
Tannhelse	15 000	25 000	20 000	20 000	20 000
Fellesfunksjonar	42 000	33 000	25 000	25 000	25 000
Eigenkapitalinnskott KLP		5 000	5 000	5 000	5 000
Avsetjing/ Eigedomssal		-5 000	-5 000	-5 000	-5 000
Sum bto utg/finansieringsbehov	3 949 500	3 299 300	2 797 500	2 855 500	2 836 900



Tabellen viser investeringar for økonomiplanperioden 2016–2019. Tabellen viser at brutto investeringsutgifter er 3,3 mrd. kr i 2016. Deretter er det investeringar på 2,8 mrd. kr i 2017, 2,9 mrd. kr i 2018 og 2,8 mrd. kr i 2019.

Investeringsbudsjettet er særleg høgt i 2016 og skuldast fleire store byggeprosjekt som er under arbeid. Høge investeringsutgifter medfører auka lånegjeld sidan berre ein mindre del av investeringane vert finansiert med driftsmidlar i fylkesrådmannen sitt budsjettforslag.

Fylkesrådmannen meiner fylkeskommunen si lånegjeld er for høg og det er i budsjettforslaget lagt opp til å bremsa veksten i investeringane. Med det føreliggjande forslaget er behovet for nye lån som finansieringskjelde monaleg redusert dei siste åra i økonomiplanperioden. Dette er nødvendig om ein skal makta å bremsa veksten i gjeldsgraden – lånegjeld i høve til driftsinntekter.

Hordaland fylkeskommune er mellom dei fylkeskommunane i landet som ligg høgast rekna etter gjeldsgrad og vesentleg over det nivået Riksrevisjonen har tilrådd i ein rapport som nyleg er lagt fram.

Fylkesrådmannen vil også i komande budsjett vurdere investeringsbudsjettet nøye med sikte på å bremsa veksten i lånegjelda.

Opplæring

I opplæringssektoren gjer fylkesrådmannen framlegg om vidare rehabilitering av Årstad videregående skole i Bergen. Skulen vil då vera ferdig opprusta og universelt utforma i løpet av 2016. Det er sett av 196 mill. kr samla for 2015 og 2016 til prosjektet.

Vidare er investeringsbudsjettet prega av bygginga av to skular på Voss. Nye Voss vidaregåande skule er planlagt ferdigstilt i 2016 og nye Voss gymnas skal etter planen takast i bruk hausten 2017. Den estimerte kostnaden for dei to skulane er rekna til å verta omlag 1 mrd. kr.

Eit anna stort prosjekt er bygginga av nye skular i Åsane. Investeringane til dette prosjektet vil også koma i neste økonomiplanperioden. Tertnes vidaregåande skole vil etter foreslått framdrift verta ferdigstilt i 2018 og ny Åsane vidaregåande skole i 2020.

I økonomiplanperioden er det ført opp midlar til tilbygg og opprusting av Bergen katedralskole. Samla er det i perioden 2016–2018 sett av 162 mill. kr.

Det er sett av ei årleg løyving på 5 mill. kr til oppfølging og planlegging av tiltak som ligg i skulebruksplanen. Elles er det sett av ei årleg løyving på 100 mill. kr til mindre byggeprosjekt og ombyggingar i skulesektoren.

Samferdsel

Samferdsleinvesteringane er høge i den komande økonomiplanperioden. Samla sett vert det, som tabellen viser, investert omlag 2,5 mrd. kr årleg i økonomiplanperioden frå 2016–2019. I høve til 2015 som har eit justert budsjett på 3,2 mrd. kr er dette noko lågare, hovudsakleg som følge av at byggearbeida for bybanen fram til Flesland er i avsluttingsfasen.

Sjølv om det samla samferdsselsbudsjettet viser nedgang, er fylkesvegbudsjettet for 2016 noko høgare enn budsjettet for 2015. I 2016 er det rekna med investeringar på 1,7 mrd. kr. til dette føremålet. For 2017 er det sett av 1,6 mrd. kr, medan det for dei to siste åra i økonomiplanperioden er sett av vel 1 mrd. kr kvart år.

Av større investeringsprosjekt under denne delen av budsjettet kan nemnast:

- Ringveg vest byggetrinn 2 i Bergen
- Hjellestadveien
- Kvammapakken
- Bømlopakken
- Askøypakken
- Storskaret/ Arefjord

For bybanen er det sett av 420 mill. kr til byggetrinn 3 som skal vera ferdig fram til Flesland i 2017. Til byggetrinn 4 frå sentrum til Fyllingsdalen, er det samla sett av 3,4 mrd. kr i økonomiplanperioden.

Det er elles budsjettet med kjøp av og utviding av bybanevogner med 165,9 mill. kr.

Fylkesrådmannen foreslår også å løyva midlar til nye bussanlegg i Sunnhordland og på Askøy i økonomiplanperioden.

Kultur

Til restaurering av verneverdige bygg og anlegg i fylkeskommunal eige er det sett av 3 mill. kr kvart år i økonomiplanperioden.

Tannhelse

I budsjett 2015 / økonomiplan 2015 – 2018 var prosjekta «Nybygg Kleppstø tannklinikk» og «Flytting av Tannlegevakta i Bergen / Nye Solheimsviken tannklinikk» prioritert. Prosjektet i Bergen er fullført, medan nybygg til Kleppstø tannklinikk er starta opp. Målet er at ny klinikk på Kleppstø skal stå klar i 2016. Det er sett av 15 mill. kr til dette prosjektet i 2016.

Fellesfunksjonar

Fylkeshuset er meir enn 40 år, og ein må rekne med årlege kostnader til mindre opprusting/tilpassing for endra bruk og aktivitet. Det er sett av 2 mill. kr kvart av åra i planperioden. Når reguleringsplan for fylkeshuset vert stadfesta, vil ein utarbeide planar for utvikling av eigedomen.

I 2015 vart det sett av 5 mill. kr til innkjøp av elbilar. Fylkesrådmannen fører i 2016 opp 2 mill. kr til kjøp av ytterlegare 10 elbilar.

I tillegg til dei reine investeringane er det på investeringsbudsjettet for 2016–2019 ført opp eit årleg eigenkapitalinnskot til KLP på 5 mill. kr.

Investeringane fordeler seg slik prosentvis på sektorar:

	justert budsj. 2015	2016	2017	2018	2019	Perioden 2016–19
Opplæring	18,0 %	22,9 %	17,1 %	10,8 %	14,6 %	16,6 %
Samferdsel	80,5 %	75,2 %	81,2 %	87,6 %	83,7 %	81,7 %
Kultur	0,1 %	0,1 %	0,1 %	0,1 %	0,1 %	0,1 %
Tannhelse	0,4 %	0,8 %	0,7 %	0,7 %	0,7 %	0,7 %
Fellesfunksjonar	1,1 %	1,0 %	0,9 %	0,9 %	0,9 %	0,9 %

Av tabellen ser ein at i budsjettet for 2016 går 75,2 % av investeringane til samferdsel og 22,9 % til opplæring. Dei andre sektorane utgjer følgjeleg ein liten del av investerings-

budsjettet. Prosentfordelinga mellom sektorane endrar seg ein del utover i perioden. Fordelinga mellom sektorane er nokolunde jamn i økonomiplanperioden.

Finansiering av investeringsbudsjettet

Oversyn over finansieringa av investeringsbudsjettet framgår av følgjande oppstilling:

Heile tusen kr i løpande prisar

	2016	2017	2018	2019	Sum 2016–2019
Nye lån	1 453 500	919 300	746 100	872 600	3 991 500
Momskompensasjon	454 400	368 500	247 000	256 900	1 326 800
Driftsmidlar	100 000	100 000	100 000	100 000	400 000
Tilskot	253 400	132 700	103 400	103 400	592 900
Bompengar	1 038 000	1 277 000	1 659 000	1 504 000	5 478 000
Sum finansiering	3 299 300	2 797 500	2 855 500	2 836 900	11 789 200

Samla investeringsbudsjett er på 11 787 mill. kr i perioden frå 2016–2019. Av dette vert 4 076 mill. kr finansiert med lånemidlar. Dette tilsvarar 33,9 prosent. Momskompensasjon for investeringar utgjer 1 327 mill. kr, og dette er 11,2 prosent.

Når det gjeld fylkesvegane, inngår også bompengar, kompensasjonsmidlar og tilskot og forskottingar frå kommunar og private i finansieringa. Rassikringstiltak finansiert

med statstilskot er også innarbeidde i budsjettet. Desse eksterne finansieringskjeldene er viktige bidragsytarar i finansieringa av fylkesvegane og bybaneutbygginga. Bompengar finansierer til saman 5 478 mill. kr i perioden, og dette tilsvarar 46,5 prosent av fylkeskommunen sine samla investeringar desse åra.

Spesifikasjon av investeringane

Under er ein oppstilling av alle HFK sine investeringar i økonomiplanperioden. I tillegg er teke med budsjett for investeringar i 2015 pr. 2 tertial.

Tal i heile tusen	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Opplæring				
Rehab/ombygg/mindre tilb. i skulesektoren	100 000	100 000	100 000	100 000
Oppfølging skulebruksplan – tiltak	5 000	5 000	5 000	5 000
Større undervisningsutstyr	30 000	30 000	30 000	30 000
Årstad vidaregåande skole – Tilbygg/rehab.	46 000			
Nye Voss gymnas	270 000	142 000		
Nye Voss vidaregåande skule	181 000	-		
Åsane vgs	20 000	50 000	125 000	280 000
Tertnes vgs	40 000	63 000	37 000	-
Bergen Katedralskole – Tilbygg	65 000	87 000	10 000	
Sum sektor	757 000	477 000	307 000	415 000
Samferdsel				
Bussanlegg Sunnhordaland	59 000	34 700	-	-
Bussanlegg Askøy	-	10 000	20 000	50 000
Terminalbygg/sjåførfasilitetar	5 000	5 000	5 000	5 000
Oppgradering kaier / terminaler	1 000	1 000	1 000	1 000
Billetteringssystem, inkl. billettautomatar	13 000	-	4 000	4 000
Ruteinformasjonssystem (Sanntid)	3 000	3 000	3 000	3 000
Automatisk passasjerteljing	5 000	-	-	-
Trafikkinformasjonssystem	3 000	3 000	3 000	3 000
Miljømodell ferjeanbod	3 000	-	-	-
Digital trafikantinformasjon	2 000	-	-	-
Bybanen i Bergen – Vognmateriell	124 300	41 600	-	-
Fylkesvegar	1 703 000	1 564 200	1 064 500	1 007 900
Bybanen – Byggjesteg 3	350 000	100 000	-	-
Bybanen – Byggjesteg 4	200 000	500 000	1 400 000	1 300 000
Bybanen – Forbetringar/ Etterarb./ Oppg.	10 000	10 000	-	-
Sum sektor	2 481 300	2 272 500	2 500 500	2 373 900
Kultur				
Restaurering av verneverdige f.k. bygg	3 000	3 000	3 000	3 000

Sum sektor	3 000	3 000	3 000	3 000
Tannhelse				
Utstyr tannhelsetenesta	5 000	5 000	5 000	5 000
Tannklinikkar	20 000	15 000	15 000	15 000
Sum sektor	25 000	20 000	20 000	20 000
Fellesfunksjonar				
Fylkeshuset – Ombygging/opprusting	2 000	2 000	2 000	2 000
Elbilar	2 000	-	-	-
IT – Fellessystem	23 000	23 000	23 000	23 000
Jordbruksskulegardar m.v.	-	-	-	-
Profilering eigedomar	6 000	-	-	-
Sum sektor	33 000	25 000	25 000	25 000
Sum investeringar	3 299 300	2 797 500	2 855 500	2 836 900

Opplæring

Rehabilitering/ ombygging/ mindre tilbygg i skulesektoren

Ved gjennomføring av byggeprosjekt er det ofte naturleg å sjå alle bygningsmessige krav i samanheng. Dette gjeld krav til energiøkonomisering, universell utforming, inneklima, miljøtiltak, areal, planløyving, pedagogikk med meir. Med ei samleløyving kan ein gjennomføra prosjekta meir effektivt og heilskapleg enn å ved å dele dei opp i ulike typar tiltak.

Med bakgrunn i at offentlege bygg skal vere universelt utforma innan 2019 vil tiltak knytt til dette ha sterkt fokus i planperioden.

Det vert fremja eigne politiske saker om disponering og bruk av midlane på denne samleposten der ein meir spesifikt går inn på dei ulike tiltak det er forslag om. Løyvinga på samleposten er ført opp med 100 mill. kr kvart av åra i planperioden.

Større undervisningsutstyr

Til større undervisningsutstyr er det sett av 30 mill kr årleg i perioden, 5 mill. kr mindre enn i 2015.

Årstad vidaregåande skole – Rehabilitering/ ombygging/ tilbygg

Arbeidet med ombygging og rehabilitering av Bygg B er no slutført.

Arbeida med Bygg A starta våren 2015 og skal vera ferdig til skulestart i 2016. I bygg A vert det ny kantine, lærarrom og rom for administrasjon og teknisk drift. Vidare vil utdanningsprogramma Design og handverk og Helse og oppvekst også få plass i det rehabilitererte bygget. Når Bygg A står ferdig kan ein flytte ut av leigde lokale i Solheimsgaten.

For 2016 rår ein til at det vert løyvd 46 mill. kr til fullfinansiering av prosjektet.

Eventuell vidare rehabilitering av bygg C eller andre nye prosjekt ved skulen må finansierast over rammeløyvinga knytt til rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren.

Nye Voss gymnas

Forprosjektet for den nye skulen vart vedteke av fylkestinget i juni 2015. Arbeidet starta opp i juli og nybygget skal stå ferdig sommaren 2017. Det gamle landsgymnasbygget frå 1918 skal bevarast og nybygget skal bindast saman med dette. Etter at nybygget står ferdig vil ein rehabiliterare den gamle delen. I tillegg til innvendig rehabilitering vil ein også endre fasaden med vindauge tilbake til originalt utsjånande.

Delar av det gamle skulebygget er rive og i byggetida har ein leigd inn erstatningsareal for dette. Når skulen er ferdig, vil ein avvikle leigeavtalene knytt til Voss Husflidskule, Rogne vidaregåande skule og tidlegare Vatle Handelsskule.

Ein rår til at det vert løyvd 270 mill. kr i 2016 og 142 mill. kr i 2017 til fullfinansiering av prosjektet.

Nye Voss vidaregåande skule

Forprosjektet for den nye skulen vart vedteke av fylkestinget i juni 2014. Arbeida starta opp i august same år og den nye skulen skal takast i bruk frå skuleåret 2016/17.

I desember 2013 vedtok fylkestinget forprosjekt for bygging av mellombels skule og endringar i gardstunet og dette arbeidet vart ferdigstilt i august 2014. I august 2015 vart nytt garderobe- og verkstadbygg teke i bruk. Arbeidet med ny hestestall startar opp hausten 2015.

Når skulen er ferdig, vil ein avvikle leigeavtalene for bygga på Bryn. Fylkesrådmannen fører opp 181 mill. kr i 2016 til fullfinansiering av prosjektet.

Vidaregåande skular i Åsane

Fagtilboda for dei to vidaregåande skulane i Åsane vart vedteke i møte i fylkestinget i juni 2015. Programmeringsarbeida for begge skulane er starta opp. Den nye Åsane vidaregåande skule skal byggjast på tomta fylkeskommunen eig ved Åsane senter, og der U. Pihl videregående skole held til i dag. Det er enno uvisst korleis noverande bygningar ved U. Pihl kan nyttast i nye Åsane videregående skole, men det er så langt lagt opp til at U. Pihl må fråflyttast før bygginga av ny skule kan starte opp.

Planane medfører vidare at utvidinga av Tertnes videregående skole må vere fullført før ein kan starte opp bygginga av ny Åsane videregående skole.

Tertnes videregående skole – tilbygg

På Tertnes videregående skole vil ein samla studiespesialisierende utdanningsprogram i bydelen. Totalt blir det 690 elevar fordelt på 8 klasser. Tilbodet om toppidrett i samarbeid med Olympiatoppen skal halde fram. Det auka tilbodet krev auka areal knytt til m.a. realfagrom, generelle undervisningsareal, arbeidsrom for lærarar og personalrom.

Ein tek sikte på å leggje fram sak for fylkestinget i mars 2016 med forprosjekt for byggeprosjektet. Det er lagt opp til å starte byggearbeida i 2. kvartal 2016 med ferdigstilling til skulestart i 2018. Prosjektet har ei førebels kostnadsramme på 140 mill. kr.

Fylkesrådmannen fører opp 40 mill. kr til prosjektet i 2016, 63 mill. kr i 2017 og 37 mill. kr i 2018.

Åsane videregående skole – nybygg

Den nye skulen får 1085 elevar innanfor studieprogramma idrettsfag, elektrofag, helse og oppvekst, teknikk og industriell produksjon, service og samferdsel, restaurant og matfag, påbygg, innføringskurs for minoritetsspråklige og tilrettelagt opplæring. I tillegg skal skulen drive vaksenopplæring, opplæring innan kriminalomsorga og lærlingeopplæring.

Det er planlagt 180 elevar på idrettsfag og dette krev kroppsøvningsareal tilsvarande to handballbanar. Dette er det doble av det fylkeskommunen i dag disponerer i Åsanehallen og i planane er det lagt opp til å leige areal i den nye fleirbrukshallen som skal først opp på den kommunale tomte på Myrdal i Åsane.

Bergen kommune har teke kontakt om å innarbeide eit kulturhus i planane for den nye skulen. Bergen kommune har utarbeidd romprogram for kulturhuset som må integrerast i romprogrammet for skulen. Det vert utarbeidd ein intensjonsavtale med Bergen kommune der rammene for ein leigeavtale vert nedfelt. Ein tek sikte på å leggje romprogrammet fram for politisk godkjenning våren 2016.

Med utgangspunkt i godkjent romprogram vil ein invitere totalentreprenørar til pris- og designkonkurranse. Med vinnaren av konkurransen vil ein gjennomføre ein samspelfase fram til endeleg kontrakt.

Forprosjektet skal etter planen leggjast fram for godkjenning sommaren 2017. Før ein får godkjent byggesøknad må det gjennomførast detaljregulering med grunnlag i forprosjektet. Byggstart er sett til 1. kvartal 2018. Innflytting av skulen er planlagt til skulestart i 2020. Prosjektet har ei førebels kostnadsramme på 600 mill. kr. Ein rår til at det vert løyvd 20 mill. kr til prosjektet i 2016, 50 mill. kr i 2017, 125 mill. kr i 2018 og 280 mill. kr i 2019. Restløyvinga kjem i neste økonomiplanperiode.

Bergen katedralskole – tilbygg og rehabilitering

I skulebruksplanen er det vedteke å auke elevtalet ved Bergen Katedralskole. Dette er mogleg når avdelinga for vaksenopplæring flytter til dei ledige lokala etter Bergen Handelsgymnas. Endeleg dimensjonering av elevtalet ved skulen vart vedteke i juni 2015.

Utgangspunktet for prosjektet er universell utforming av skuleanlegget og opparbeida lærararbeidsplassar som i dag held til i mellombels brakker på skuleplassen.

Det er no laga ei plan for universell utforming der ein knyter det gamle hovudbygget og klasseromsbygget med eit mellombygg i tre etasjar langs Kong Oscars gate.

I 2007 vart det konstaterert store fuktskader i Hovudbygget frå 1840, og skadane vart mellombels utbetra. Det er no konstaterert nye fuktskader i kjellaren og nye sprekker i fasaden som følgje av at bygget framleis sig.

For å få kontroll med setningane ønskjer ein å forsterke fundamenta ved å føre pelar til faste massar. Vidare å utbetre fasadane for å hindre fuktinntrenging og utbetre moglege råteskadar innvendig. Samtidig bør ein oppgradera dei tekniske anlegga i hovudbygget. Dei innvendige overflatene vert rusta opp og det vert etablert permanente lærararbeidsplassar. Grunnen under skulen er freda, og det er difor henta inn godkjenning frå Riksantikvaren knytt til peling både for hovudbygget og mellombygget (nybygg).

Rehabilitering av hovudbygg og nytt mellombygg vert gjennomført som ei byggesak. Hovudbygget må fråflyttast før arbeida kan ta til, og elevar og tilsette må mellombels nytte lokala ved tidlegare Tanks vidaregåande skole. Desse er ledige når vaksenopplæringa flytter til gamle Bergen Handelsgymnas rundt årsskiftet 2015/16.

Byggearbeida ved Bergen Katedralskole kan ta til i 2016 og skal etter planen vera ferdige i 2017.

Rehabilitering av hovudbygget er kostnadsrekna til 100 mill. kr og mellombygget med naudsynte tiltak elles i skulen til 55 mill. kr. Kostnadsramma for prosjektet er difor 155 mill. kr. Det er tidlegare løyvd 3 mill. kr til prosjektet. Ein foreslår at det vert løyvd 65 mill. kr i 2016 og ytterlegare 87 mill. kr i 2017.

Skulebruksplan – Planmidlar

Rullering av skulebruksplanen vert lagt fram til politisk behandling i 2016. Etter at det er fatta politisk vedtak i saka, er det behov for planmidlar for å følgje opp dei vedtak og politiske signal som kjem fram i planrulleringa.

Fylkesrådmannen rår til at det vert løyvd 5 mill. kr i planmidlar kvart år i økonomiplanperioden.

Samferdsel

Fylkesrådmannen budsjetter for 2016 med 2 481 mill. kr i samferdselsinvesteringar. 560 mill. kr av dette er fordelt til bybaneutbygging, 124,3 mill. kr til bybanevogner, 1 868,5 mill. kr til veginvesteringar og 94 mill. kr til andre tiltak innanfor samferdselssektoren.

Det er ein nedgang totalt i samferdselinvesteringane i høve til 2015. Dette skuldast at bybanen sitt budsjett på byggetrinn 3 i 2015 var høgt. Dei neste åra i økonomiplanperioden budsjetterer fylkesrådmannen samla med 2 742 mill. kr i 2017, 2 501 mill. kr i 2018 og 2 374 mill. kr i 2019.

Det er viktig å vera merksam på at tala for samferdselsektoren er bruttotal. I tala er også den delen av løyvinga som er finansiert med bompengar, kompensasjonsmidlar, statstilskot og tilskot og forskotteringar frå kommunar og private rekna med.

Av større investeringsprosjekt under denne delen av budsjettet kan nemnast:

- Ringveg vest byggetrinn 2 i Bergen
- Hjellestadveien
- Kvammapakken
- Bømlopakken
- Askøypakken
- Storskaret/ Arefjord

Bussanlegg i Sunnhordland

Fylkesrådmannen vil leggje fram sak om forprosjekt for anlegget til fylkestinget i mars 2016. Byggestart er planlagt til 2. kvartal 2016. Det nye anlegget med plass til 60 bussar må stå klart til den nye tilbodsperioden for rutepakke Sunnhord-

land startar opp sommaren 2017.

Førebels kostnadsoverslag er på 125 mill. kr irekna kjøp av tomt. Det er så langt løyvd 31,3 mill. kr til prosjektet, Fylkesrådmannen rår vidare til at det vert løyvd 59 mill. kr i 2016, og 34,7 mill. kr i 2017. Som ein del av kontrakten for rutekøyninga, inngår leigebetalning for bruk av bussanlegga.

Bussanlegg Askøy

Fylkeskommunen leiger i dag bussanlegg av Askøy kommune som vert nytta av operatøren for Rutepakke Vest. Gjeldande leigeavtale for anlegget går ut når dagens avtale med ruteoperatøren opphøyrer. Fylkeskommunen har for fleire år sidan kjøpt tomt til bygging av nytt anlegg. Fylkesrådmannen fører opp 10 mill. kr i 2017, 20 mill. kr i 2018 og 50 mill. kr i 2019 til bygging av nytt anlegg.

Kaiar/terminalar/sjåførfasilitetar

Budsjettposten gjeld hurtigbåtkaiar og terminaler med tilbod til dei reisande i form av venterom og toalett. I nokre sentrale rutepakkar i Bergen er det også tilbod til sjåførane om toalett og pauserom.

Det er stor trong for å betre standarden og tilby nye lokaliseringar. Fylkesrådmannen fører opp 5 mill. kr kvart år i perioden til slik oppgradering.

Billetteringssystem

Billetteringsutstyret må oppgraderast og vedlikehaldast kontinuerleg, og i 2015-budsjettet vart det sett av 4 mill. kr årleg til dette i økonomiplanperioden. Skyss er i gang med å skifte ut billettmaskinene, og ynskjer å få gjort dette så raskt som mogeleg. Ein vil då få ein ny maskinpark med meir stabil drift. Det vert budsjettert med 8 mill. kr til dette i 2016. Det vert ikkje sett av midlar i 2017, men 4 mill. kr til vedlikehald i 2018 og 2019.

Billettautomatar

Til byggjetrinn 3 på bybana vert det investert i 22 nye billettautomatar til haldeplassane. Det vart nytta 5 mill. kr i 2015 og det vert budsjettert med sluttløyving på 5 mill. kr i 2016.

Ruteinformasjonssystem

I 2013 vart systema for sanntid og digital informasjonspublisering teke i bruk i dei fyrste områda, og full utrulling fann stad i løpet av 2013/14.

Det er trong for kontinuerleg oppgradering og vedlikehald av systemet. Det vert sett av 3 mill. kr til dette i 2016 og kvart år resten av økonomiplanperioden.

Automatisk passasjerteljing

Arbeidet med innsamling og analyse av passasjerdata er eit viktig bidrag til forbetring og utvikling av tilbodet til dei kollektivreisande. I 2014 og 2015 vart det løyvt 5 mill. kr til utstyr for automatisk passasjerteljing i bergensområdet.

Etter avslutta installasjonsarbeid, er det i dag utstyr for passasjerteljing i 177 bussar. Dette har ikkje gjeve ønska utteljing i bergensområdet. For å sikre gode trafikkdata er

det trong for å investera ytterlegare i passasjerteljingsutstyr og det vert difor budsjettert med 5 mill. kr også i 2016.

Trafikantinformasjonssystem/Digital trafikantinformasjon

Det er i gang eit prosjekt for å betre og forenkle trafikantinformasjonen i Hordaland. Prioriterte investeringstiltak dei komande åra er informasjonssøyler, digital skilting, orienteringsdesign i Bergen sentrum, nye linje- og områdekart og vidareutvikling av reiseplanleggaren på web og app.

Det vert budsjettert med 3 mill. kr til dette tiltaket i 2016 og kvart år i økonomiplanperioden.

Skyss merkar pågang av reisande som etterlyser god informasjon i fleire kanalar når trafikken ikkje går som planlagd. For å møte kravet frå dei reisande om oppdatert informasjon både før og under reisa, og ikkje minst i samband med planlagde og ikkje planlagde avvik, vert det budsjettert med 2 mill. kr i 2016 til vidareutvikling av digital trafikantinformasjon med vekt på informasjon om avvik.

Miljømodell for ferjeanbod

Fylkesutvalet har i sak om strategiske vegval for neste generasjons ferjeanbod vedteke at det skal satsast på ein miljømodell. Dei aktuelle anbodskonkurransane skal gjennomførast i 2016.

Konkurransesituasjonen i ferjemarknaden er avgrensa til fire store aktørar der to av aktørane i hovudsak opererer i Midt- og Nord-Noreg, medan to av operatørane i hovudsak opererer i Sør-Noreg.

Ein miljømodell for neste generasjons ferjekontraktar vil krevje innovative løysingar frå operatørane. Arbeidet med å utarbeide tilbod og deltaking i anskaffinga vil vere ressurskrevjande for tilbydarane. Statens Vegvesen la i konkurransen for sambandet Lavik–Oppedal opp til at tilbydarane fekk utbetalt eit vederlag for si deltaking i konkurransen, uavhengig av om tilbydarane vann fram i konkurransen. Dette for å stimulere til god konkurranse og innovative løysingar.

Det er ønskjeleg at også Hordaland fylkeskommune legg opp til tilsvarande løysing og det vert difor budsjettert med 3 mill. kr til dette føremålet i 2016.

Bybanen i Bergen – Vognmateriell

Til no er det levert 20 bybanevogner med 32 m lengde. Desse dekker behovet for drift til Lagunen. Når Bybanen vert forlenga til Flesland, er det behov for større vognpark med meir kapasitet. Kapasitetsbehovet vert løyst ved å investera i 8 nye vogner på 42 m og forlenging av eksisterande vogner frå 32 m lengde til 42 m. Fylkestinget vedtok på møte i juni 2013 slik investering.

Samla investering og oppgradering til 28 vogner a 42 m var føresett å gje ein totalkostnad på 425 mill. kr. Avtalen inneber at fylkeskommunen skal betala 30% av kontraktssummen ved kontraktssinngåinga. Fylkesrådmannen budsjetterer med 124,3 mill. kr i 2016 og 41,6 mill. kr i 2017. Denne summen inkluderer ombygging av køyrelys til led og reservedelar til klimaanlegg.

Tabellen nedanfor gjev oversyn over investeringar til fylkesveggar og Bybanen i perioden 2016–2019.

Tal i heile tusen kr	Budsjett 2016	Øk.plan 2017	Øk.plan 2018	Øk.plan 2019
Bergensprogrammet – Bybanen				
Bybanen. Byggjesteg 3	350 000	100 000	-	-
Bybanen. Byggjesteg 4	200 000	500 000	1 400 000	1 300 000
Bybanen. Forbedringer/Etterarbeid/Oppgraderinger.	10 000	10 000	-	-
Sum bybanen	560 000	610 000	1 400 000	1 300 000
Bergensprogrammet – prosjekt				
Ringveg vest. Byggjesteg 2	60 000	40 000	-	-
Hjellestadveien	20 000	100 000	15 000	-
Fleslandsveien	13 000	-	-	-
Bergensprogrammet – programområde	343 000	285 000	294 000	294 000
Prosjekt utanom Bergensprogrammet				
Fv 546 Austevollbrua, ferjetilskot	10 000	10 200	10 300	10 400
Fv 7/fv 49 Kvammapakken	100 000	73 000	-	-
Fv 541/542 Bømlopakken	228 000	250 000	110 000	60 000
Fv 48 Tunnel bak Tysse	24 000			-
Fv 209 Storskaret–Arefjord, Fjell	79 000	55 000		-
Fv 158 Grindavoll–Lepsøy, Os	51 000	-		-
Fv 6 Haugalandspakken, Sveio–Buavåg	25 000	-		-
Fv 567 Hosanger sentrum, Osterøy	23 000			-
Fv 545 Stord vestside	35 000	-		-
Askøypakken	145 000	351 000	255 000	255 000
Kollektivterminal Voss	23 000	8 000	-	-
Askøybrua – utgreiing av fysiske tiltak	11 000	25 000	-	-
Programområde utanom Bergen	93 000	98 000	100 000	100 000
Standardhevingstiltak	144 000	160 000	190 000	190 000
Rassikringstiltak				
Fv 7 Haukanesberget, Granvin	49 000	-		
Fv 7 Lussandberget, Granvin	138 000	5 000	-	
Diverse tiltak	4 000	4 000	4 000	4 000
Rebudsjettering				
Budsjettpost for rebudsjettering	10 000	10 000	10 000	10 000

Refusjonar

Fylkesvegprosjekt	75 000	90 000	76 200	84 500
Sum fylkesvegprosjekt	1 703 000	1 564 200	1 064 500	1 007 900
Sum bybanen og fylkesvegprosjekt	2 263 000	2 174 200	2 464 500	2 307 900

Bergensprogrammet – Bybanen

I budsjettet er det for bybanen sett av 450 mill. til byggetrinn 3, fordelt med 350 mill. kr i 2016 og 100 mill. kr i 2017. Banen skal då etter planen gå til terminalbygget på Flesland. Frå og med ultimo 2016 vil bybanen få mellombels endehaldeplass ved Birkelandskiftet/Kokstad.

I tillegg til strekninga Lagunen – Flesland på om lag 7 km er det under bygging eit nytt verkstad/depot på Kokstad.

Til byggetrinn 4 frå sentrum til Fyllingsdalen, er det samla sett av 3,4 mrd. kr. Byggearbeida er planlagt å starta opp primo 2018.

Dei årlege summene som er førde opp i økonomiplanen byggjer på førebelse overslag. Så langt har fylkesrådmannen lagt til grunn at utbygginga vert finansiert med bompengar. Fylkesrådmannen kjem attende til dette når finansieringa er avklart.

I tillegg er det sett av 10 mill. kr i 2016 og 2017 til m.a. utbetningsarbeid på bybanen. Behovet for desse budsjettmidlane kjem etter at bybanen har vore i drift i 5 år, og det dermed er nødvendig med eiga løyving til dette.

Bergensprogrammet – prosjekt**Ringveg vest, byggjesteig 2**

Prosjektet vert opna for trafikk hausten 2015. Arbeida med elektroinstallasjonen i tunnelen vil halde fram ut 2015, og sluttoppgjer for dette er venta i 2016. I 2016 vil også arbeida med oppgradering av Lyderhorntunellen verta gjennomført. Dette er nødvendig oppgradering for å få tryggleiksklarert Ringveg vest. Dette oppgraderingsarbeidet er planlagt ferdigstilt i 2017. Fylkesrådmannen fører opp løyving på 60 mill. kr i 2016 og 40 mill. kr i 2017.

Hjellestadveien

Eit anna stort prosjekt i økonomiplanperioden er Hjellestadveien. Her er det samla sett av løyving på 135 mill. kr i perioden 2016–2018, med startløyving i 2016 på 20 mill. kr.

Bergensprogrammet – programområde

Til programområda er det sett av 343 mill. kr i 2016. For 2017 fører fylkesrådmannen opp 285 mill. kr. I både 2018 og 2019 er det sett av 294 mill. kr.

Løyvinga er i tråd med det vedtekte handlingsprogrammet for Bergensprogrammet. Til fylkestinget i desember 2015 vil det liggja føre forslag til fordeling av midlane i programområda på aktuelle tiltak. Dette vert gjort for at vegvesenet så tidleg som råd skal få oversyn over kva tiltak som skal gjennomførast det komande året.

Strekningvis prosjekt utanom Bergen**Fv. 546 Austevollbrua, Innsparte ferjetilskot, Austevoll**

I samband med Stortinget si handsaming av St. prp. nr. 30 (2004–05) vart det gjort vedtak om at prosjektet i ein femtenårsperiode skulle tilførast ein årleg sum på vel 9 mill. kr i innsparte ferjesubsidiar. Delar av tilskotet vert prisjustert med 2,5 % per år. For 2016 er tilskotet rekna til 10,02 mill. kr.

Fv. 7/49 – Kvammapakken, Kvam

Kvammapakken er eit bompengeprojekt for å utbetre og trafikksikre delar av vegnettet i Kvam herad. Samla kostnadsramme for Kvammapakken er sett til 440 mill. 2009-kroner, jfr St.prp nr 77 (2008–2009). I St.prpen var det lagt opp til at omlag 90 pst av finansieringa er bompengar, og resterande 10 pst er fylkeskommunale midlar.

I 2015 starta arbeidet på deler av strekninga Nes – Skipadalen. Heile strekninga er venta ferdig i 2016. Det er behov for ca 85 mill. kr i 2016 til dette prosjektet. Prosjektet Øystese – Skarpsvingen starta i 2015 og vert ferdig i 2016. Det er behov for ca 10 mill. kr i 2016.

Gjennomføring av dei andre prosjekta i pakken må ein sjå i forhold til økonomien i Kvammapakken. Det skal gjennomførast ei ekstern kvalitetssikring av kostnadane for dei prosjekta som står att i pakken. Det vert ført opp 100 mill. kr i budsjettet for 2016. I 2017 er det sett av 73 mill. kr.

Fv. 541/542 – Bømlopakken, Bømlo

Bømlopakken er eit bompengeprojekt for å utbetre og trafikksikre delar av vegnettet i Bømlo kommune. Bompeng-

geinnkrevjinga starta då Trekantsambandet vart nedbetalt mai 2013. Det er innkrevjing av bompengar på bomstasjonen på Fv. 542 Spissøy og på ferja Langevåg–Buavåg. I samsvar med St.prp nr 78 (2008 – 2009) vil innkrevjingsperioden vere 15 år.

I 2016 er det lagt opp til slik investeringstiltak på dei ulike prosjekta i pakken:

Prosjekt	Investering
Fv 541 Tjong–Løvegapet	55 mill. kr
Fv 541 Hestaneset–Tjong	33 mill. kr
Fv 541 Sakseid–Hestaneset 2 mill.kr	
Fv 542 Røksund bru	15 mill. kr
Fv 19 Rubbestadneset–Rolfsvåg	10 mill. kr
Fv 541 Ekornsæter–Sakseid	3 mill. kr
Fv 542 Stokkabekken–Siggjarvåg	110 mill. kr
Sum	228 mill. kr

Det er venta ferdigstilling av prosjektet Hestaneset – Tjong i 2016. Hovudaktiviteten i 2016 vil vere på Stokkabekken – Siggjarvåg og Tjong – Løvegapet. Budsjettet for dei neste åra er avhengig av at reguleringsplan for Røksund nord vert godkjent. Fylkesrådmannen set opp 228 mill. kr i 2016, 250 mill. kr i 2017, 110 mill. kr i 2018 og 60 mill. kr i 2019.

Fv. 48 – Tyssetunnelen, Samnanger

Prosjektet opna for trafikk sommaren 2015. For 2016 er det behov for å sette av 24 mill. kr til sluttoppgjer. Budsjettet for dette prosjektet vart auka i samband med rapporten etter 2. tertial til fylkestinget i oktober 2015 for å få samsvar mellom budsjett og faktisk forbruk i 2015.

Fv. 209 - Storskaret – Arefjordpollen, Fjell

Tiltaket omfattar bygging av ca 1 km ny veg frå Rv. 555 ved Arefjorden til Fv. 209 ved Storskaret. Det er planlagt å byggje samanhengande gang- og sykkelveg samstundes. Det vert bygd ei enklare midlertidig påkopling til rv 555 enn den opphavleg regulerte løysinga. I tillegg vert det bygd ein undergang til denne kryssløysinga.

Tilboda som kom inn viser at totale kostnader for prosjektet vert 155 mill. kr. Arbeidet starta hausten 2015. Det er venta full produksjon i 2016 og ferdigstilling våren 2017. Fylkesrådmannen set av 79 mill. kr i 2016 og dei resterande 55 mill. kr i 2017 ettersom det tidlegare år er løyvd 21 mill. kr.

Fv. 158 – Grindavoll – Lepsøy, Os

Tiltaket omfattar utbetring av eksisterande veg og bygging av gang- og sykkelveg. Strekinga frå Grindavoll til Lepsøy bru er om lag 3,5 km lang og kan byggjast ut stegvis.

Delstrekinga som vert bygd ut no, er Grindavoll – Vågshaugen. Arbeid på delstrekinga er starta opp i august 2015 og er venta ferdig hausten 2016. Venta totalkostnad for denne parsellen er 65 mill. kr. Det er tidlegare løyvd 14 mill. kr til dette prosjektet.

Fylkesrådmannen set av 51 mill. kr i 2016 til å gjere ferdig ovannemnde delstreking.

Fv. 6 Sveio–Buavåg, Sveio (Hauglandspakken)

Utbetring av Fv. 6 Buamy – Grimstveit er prioritert i Hauglandspakken. Tiltaket inneber utbetring av denne vegstreking mellom Sveio og Buavåg. Sveio kommune har utarbeidd reguleringsplan for prosjektet. Kostnadsoverslag viser at tiltaket totalt kjem på 29 mill. kr.

Arbeidet kom i gang hausten 2015 og ein ventar ferdigstilling i 2016. Fylkesrådmannen set av restløyving på 25 mill. kr til tiltaket i 2016.

Fv. 567–Hosanger Sentrum, Osterøy

Føremålet med prosjektet er å avlaste Hosanger sentrum for gjennomgangstrafikk og utbetre/trafikk sikre vegen og ei bru. Det er svært dårlege grunnforhold i området. Det er og dårleg fjell i skjeringane og dette fører til meirarbeid med sprenging og sikring.

Samla kostnadsoverslag for tiltaket er 56 mill.kr. Det vart nytta 4 mill. kr i 2014, prognosen for 2015 er 29 mill.kr og behovet er 23 mill. kr i 2016.

Fv. 545 – Stord Vestside, Stord

I desember 2014 vedtok Stortinget å forlenga bompenggeinnkrevjinga på sambandet Halhjem–Sandvikvåg med to år, dvs ut 2016. Med denne godkjenninga kan ein gjennomføre dei prioriterte prosjekta.

I 2015 starta arbeidet med Sagvåg bru og dette arbeidet er venta ferdig tidleg i 2016. Det er lagt opp til at strekinga Rimmareid–Vik vert lyst ut som totalentreprise. Det vert budsjettert med 35 mill. kr til desse tiltaka i 2016.

Askøypakken, Askøy

Askøypakken vart vedteken i Stortinget i september 2013 - Prop. 197 S (2012–2013) Delvis bompengefinansiering av Askøypakken. Kostnadsoverslaget er på 1 540 mill. kr der fylkeskommunen dekkjer 420 mill. kr og bompengar utgjør 1 120 mill. kr.

I 2015 er det i hovudsak prosjektering, grunnverv og riving av hus som vert gjennomført. Prognosen for forbruket i 2015 er 44 mill.kr.

Det vert lagt opp til slikt utbyggingsprogram:

- Fv. 563 Strømsnes – Hop
- Fv. 212 Lindehagen – Slettebrekka
- Fv. 212 Slettebrekka – Hetlevik
- Fv. 562 Fauskanger

- Fv. 562 Lavik – Haugland (Juvik–Ravnager)
- Fv. 213 Skiftesvik – Marikoven
- Fv. Fromreide – Kjerrgarden

I forslaget til budsjett for 2016 vert det ført opp 145 mill. kr. i 2017 er det sett av 351 mill. kr og for åra 2018 og 2019 er budsjettsummen 255 mill. kr kvart av åra.

Kollektivterminal Voss

Det har vore ei planleggingsgruppe med m.a Jernbaneverket, Rom Eigedom, Voss kommune, private og Statens vegvesen som har arbeidd fram planar for stasjonsområdet på Voss. Det er ein godkjent reguleringsplan for ein kollektivterminal for bussar knytt opp mot jernbanen. Det er lagt opp til at det skal vere ei kostnadsdeling 50/50 mellom riksvegar(stat) og fylkeskommunen.

I 2015 vart tiltaket prosjektert og førebels kostnadsrekna til 46 mill.kr Staten har budsjettert totalt 15 mill. kr fordelt på åra 2017 (1 mill. kr) og 2018 (14 mill. kr). Det er stort behov for å sikre og legge betre til rette for kollektivreisande på Voss. Fylkeskommunen ønskjer å starte opp dette prosjektet i 2016. Det kan vere aktuelt for fylkeskommunen å forskotttere staten sin del av kostnadene for å få ferdig denne terminalen. I tillegg vil fylkeskommunen gå inn med 8 mill.kr til terminalbygg.

I 2015 sette fylkeskommunen av 2 mill. kr til prosjektering. Førebels reknar ein med at arbeidet vil gå over to budsjettår med oppstart i 2016. I 2016 vert det foreslått ei løyving på 23 mill.kr. Av dette er det rekna 8 mill.kr til terminalbygg og 15 mill.kr til arbeidet med terminalen.

Fv 562 Askøybrua – gjerde

I 2014 og 2015 har det vore kameraovervaking av Askøybrua. Prosjektering av høgt gjerde på Askøybrua vil starte opp i 2015. Kostnadane med prosjekteringa er rekna til 1 mill. kr. Fylkesrådmannen viser her til eiga sak til fylkestinget i oktober 2015.

For 2016 er det budsjettert med 11 mill. kr og i 2017 er det sett av 25 mill. kr til dette tiltaket.

Standardhevingstiltak

Denne budsjettposten kom til i budsjettet for 2014 som følgje av løyvinga i Nasjonal transportplan til fornying og opprusting av fylkesvegnettet. Det er stort behov for tyngre vedlikehald av vegnettet slik at forfallet ikkje held fram med å auka.

For 2016 er det budsjettert med 144 mill. kr. Summen til standardhevingstiltak foreslår fylkesrådmannen å auka utover i perioden med 160 mill. kr i 2016, 190 mill. kr i 2017 og 190 mill. kr i 2018

Rassikringstiltak

For perioden 2014–17 har Hordaland fylkeskommune fått tilsegn på 308 mill 2014-kr i statlege rassikringsmidlar. Dette er ikkje nok til å fullfinansiera dei to store tunellprosjekta Haukanesberget (ferdig november 2015) og Lussandberget (ferdig i januar 2017). Fylkeskommunen er i dialog med statlege styresmakter for å få fram behovet for ytterlegare midlar, både i denne perioden og etter 2018. Fylkesrådmannen har ut frå dette lagt inn 32,5 mill. kr i ekstra statlege rassikringsmidlar i 2016.

Fv 7 Haukanesberget (Granvin herad)

Rassikringstiltaket forbi Haukanesberget omfattar ein tunnel på 1360 m og 940m veg i dagen. Samla kostnad for tiltaket er rekna til 273 mill.kr. Arbeidet starta opp hausten 2013 og det er lagt opp til opning av ny veg seinhaustes 2015. I budsjettet for 2016 vert det ført opp 49 mill. kr i sluttkostnad.

Fv 7 Lussandberget (Granvin herad)

Prosjektet omfattar bygging av tunnel på 1565 m og 865 m veg i dagen inkl. ei bru på 86 m vest for Lussand. Tiltaket vart lyst i september 2014. Byggearbeida starta i januar 2015 og det er rekna med to års byggetid. Det er sett av 138 mill. kr i 2016 og restløyving på 5 mill. kr i 2017.

Div. mindre rassikringstiltak

Denne posten skal dekke kostnadene med sikring av mindre raspunkt på heile fylkesvegnettet i Hordaland. Ofte oppdagar ein mindre raspunkt når vegen vert rydda etter mindre nedfall stein på vegen. Dette kan ordnast med små midlar. Det vert ført opp 4 mill. kr i årleg løyving for heile økonomiplanperioden.

Budsjettpost for rebudsjettering

Fylkesrådmannen har fullmakt til å omdisponera mellom prosjekt innanfor dei enkelte programområda slik dei går fram av plan- og byggeprogrammet.

Fylkesrådmannen har vidare fullmakt til å disponera avsett sum til rebudsjettering på investeringsbudsjettet for fylkesvegane

Fylkesrådmannen fører i budsjettet for 2016 opp 10 mill. kr på budsjettpost for rebudsjettering. Denne summen skal nyttast for å avslutta prosjekt med meirforbruk – i dei tilfelle der salderingsordninga innanfor programområda ikkje er tilstrekkeleg, og ved avslutting av prosjekt utanom programområda.

For veginvesteringane gjer den store mengda prosjekt behovet for budsjettendingar omfattande. I Hordaland er det om lag 300 store og små investeringsprosjekt på fylkesvegane. Det har vist seg at framdrifta for prosjekta i ein del tilfelle ikkje samsvarar med planane. Dette kan skuldast reguleringsmessige tilhøve, problem med grunnerv og endringar elles som kjem fram i detaljplanlegginga.

Finansiering

Prosjekt med bompengefinansiering i 2016-budsjettet er disse (tal i 1000-kr) :

Prosjekt finansiert med bompengar i 2016	Sum bompengar
Bybanen. Byggjesteg 3	350 000
Bybanen. Byggjesteg 4	200 000
Ringveg Vest. Byggjesteg 2	50 000
Hjellestadveien	20 000
Kvammapakken	70 000
Bømløpakken	185 000
Haugalandspakken	18 000
Stord vestside	30 000
Askøypakken	115 000
Sum bompengar	1 038 000

Totalt vert det budsjettert med 1 038 mill. kr i bompengar. Andre eksterne finansieringsformer er forskotteringar frå kommunar og tilskot frå stat og kommunar. Til saman utgjer desse andre eksterne finansieringskjeldene 253,4 mill. kr i 2016. Samla finansieringsinntekter frå eksterne kjelder er dermed 1 291,4 mill. kr.

Eigne midlar medrekna fylkeskommunale lån utgjer 971,6 mill. kr i 2016. Samla investeringsutgifter til fylkesveggar og Bybanen er dermed på 2 263,0 mill. kr i forslaget for 2016.

Tabellen nedanfor gjev oversyn over dei ulike finansieringsformene fordelt på prosjekt og år i økonomiplanperioden.

Heile tusen kr i løpande prisar

	Budsjett 2016	Øk.plan 2017	Øk.plan 2018	Øk.plan 2019
Investeringsinntekter				
Bompengar:				
Bybanen. Byggjesteg 3	350 000	100 000	-	-
Bybanen. Byggjesteg 4	200 000	500 000	1 400 000	1 300 000
Ringvei vest. Byggjesteg 2	50 000	30 000	-	
Hjellestadveien	20 000	100 000	15 000	
Kvammapakken	70 000	60 000	-	
Bømløpakken	185 000	200 000	80 000	40 000
Haugalandspakken	18 000	-		
Stord vestside	30 000	-		
Askøypakken	115 000	287 000	164 000	164 000
Sum bompengar	1 038 000	1 277 000	1 659 000	1 504 000
Tilbakebetaling av forskotering (Drotningsvik)	35 000	25 000	-	-
Sum tilbakebetaling	35 000	25 000	-	-

Tilskot:

Flelandsveien	11 000	-	-	-
Programområde i Bergensprogrammet	112 000	100 000	100 000	100 000
Bømlopakken	3 000	-	-	-
Sum tilskot	126 000	100 000	100 000	100 000

Statstilskot, rassikring:

Haukanesberget, Granvin	39 000	-		
Lussandberget, Granvin	50 000	4 300	-	
Diverse rassikringstiltak	3 400	3 400	3 400	3 400
Sum statstilskot, rassikring	92 400	7 700	3 400	3 400
Sum investeringsinntekter	1 291 400	1 409 700	1 762 400	1 607 400
Netto investeringsutgifter (eigne midlar)	971 600	764 500	702 100	700 500
Brutto investeringar fylkesveggar/Bybanen	2 263 000	2 174 200	2 464 500	2 307 900

Refusjonar

Tabellen nedanfor viser fylkesrådmannen sitt forslag til refusjon av forskotteringar i komande år. Det er naturleg å føra opp refusjonane i heile økonomiplanperioden. I 2016 er det

samla lagt opp til refusjonar på 75 mill. kr. For 2017 er det ført opp 90 mill. kr, i 2018 76,2 mill. kr. og i 2019 84,5 mill. kr.

Forskottert av	Veg nr.	Prosjekt	Vedtekne forskot pr 1.10.15	Forpliktelse pr 1.10.15	2016	2017	2018	2019	Etter 2019
----------------	---------	----------	-----------------------------	-------------------------	------	------	------	------	------------

Askøy

Askøy kommune	562	Fauskanger	3 000	3 000					3 000
Block Watne AS	212	Follese skole, trafikk-sikring	15 000	15 000					15 000
Askøy kommune	212	Hetlevik	15 000	15 000					15 000
Askøy kommune	213	Skansen (Kleppe)	14 000	14 000					
Askøy kommune	223	Mjøkeviksvar-den-Skansen (Herdla bru)	2 900	2 900					2 900
Wimoh AS, v/Frank Mohn AS	563	Rundkøyning Florvåg	1 500	1 500					1 500

Austevoll

Austevoll kommune	546	Ny veg på Hundvåkøy	1 000	1 000					1 000
-------------------	-----	---------------------	-------	-------	--	--	--	--	-------

Austrheim

Austrheim kommune	565	Veg til Vardetangen	1 800	1 800			1 800		
-------------------	-----	---------------------	-------	-------	--	--	-------	--	--

Bergen

Bergen Kommune	188	Sædalsvegen	87 500	27 900	15 000	12 900			
Orion Prosjekt AS	197	Håkonshellavegen	6 000	6 000					6 000
Åsane Handel AS	267	4-feltsveg Åsamyrane- Nyborgkrysset	15 000	15 000					15 000

Bømlo

Bømlo kommune	14	Stavland	774	774					774
Bømlo kommune	18	Laurhammarkjosen - Urangsvåg	1 200	1 200					1 200

Etne

Etne kommune	34	Skånevik kai - Idretts- anlegget	15 000	15 000					15 000
--------------	----	-------------------------------------	--------	--------	--	--	--	--	--------

Fitjar

Midtfjellet Vindkraft AS	545	Rimbareid - Fitjar sentrum	10 000	10 000				4 000	6 000
-----------------------------	-----	-------------------------------	--------	--------	--	--	--	-------	-------

Fjell

Fjell kommune	559	Fjell - Ulveset	14 000	4 000					4 000
Fjell kommune	561	Kryss Fjæreidevegen	5 000	5 000					5 000
Fjell kommune	209	Foldnes - Våge	6 000	2 000	2 000				

Fusa

Fusa kommune/Fusa kraft m.fl.	122	Fusa - Strandvik I	15 000	10 000		10 000			
Fusa kommune/Fusa kraftlag	122	Fusa - Strandvik II	3 000	3 000		600	2 400		
Fusa kommune/F Mohn Fusa	122	Fusa - Strandvik III	3 000	3 000			3 000		
Fusa kommune/F Mohn Fusa	125	Holmefjord - Holsund	1 400	1 400					1 400
Frank Mohn Fusa AS	552	Gang-/sykkelveg Venjaneset	3 500	3 500					3 500
Fusa Kraftlag/FM Fusa AS	48	Moshovdatunnelen	70 000	65 000			40 000	25 000	
Fusa Kraftlag m. fl.	122	Fusa - Kryss veg Skjørøsand kai	15 000	15 000				15 000	
Fusa Kraftlag m. fl.	122	Skjørøsand - Skåte	15 000	15 000					15 000

Kvinnherad

Kvinnherad kommune	48	G&s-veg Sandvoll	5 000	5 000					5 000
Kvinnherad kommune	48	Erslandsmarka	5 000	5 000					5 000
Kvinnherad kommune	551	Austrepollen - Løfall- strand	1 500	1 500					1 500
Fusa Kraft, Fusa k, F Mohn Fusa	551	Austrepollen - Løfall- strand	4 000	4 000					4 000
Kvinnherad kommune m.fl.	544	Tofte - Ranavik	37 000	37 000					37 000

Lindås

Lindås kom./Lindås tomtes.	565	Isdalstø - Alver	9 000	9 000					9 000
Lindås kom. og 28 verksemder	57	Espeland-Herland	70 000	65 000	33 000	32 000			

Meland

Frank Mohn AS	564	Dalstø - Mjåtveit	25 000	25 000					25 000
---------------	-----	-------------------	--------	--------	--	--	--	--	--------

Modalen

Modalen/Voss/Vaksdal/BKK	313/4	FV 313 OG FV 344	10 000	10 000				10 000	
Modalen/Voss/Vaksdal/BKK	313/4	FV 313 OG FV 344 - II	1 300	1 300					1 300

Os

Os kommune	158	Bedehuset - Særvoldsv.	4 500	4 500		4 500			
Os kommune	158	Bedehuset - Særvoldsv.II	2 000	2 000		2 000			
Os kommune	161	Kalvatræ	500	500		500			
Os kommune	160	Ulven Leir-Hjorthaug, g&s/opprust.	10 000	10 000					10 000

Radøy

Radøy kommune	409	Opprusting Lundsåsen	2 500	2 500		2 500			
---------------	-----	----------------------	-------	-------	--	-------	--	--	--

Samnanger

Samnanger kommune m.fl.	48/7	Tyssetunellen	100 000	100 000	25 000	25 000	25 000	25 000	
-------------------------	------	---------------	---------	---------	--------	--------	--------	--------	--

Stord

Stord kommune	70	Jensanesvegen	15 000	15 000					15 000
---------------	----	---------------	--------	--------	--	--	--	--	--------

Sund

BKK/Sund kommune	202	Veg til Telavåg	15 000	15 000					15 000
Sund kommune	555	Hammersland - Kjørelen	15 000	15 000					15 000

Tysnes

Tysnes kommune	78	Hodnanes - Nedrevåge	4 000	4 000			4 000		
----------------	----	----------------------	-------	-------	--	--	-------	--	--

Ulvik

Ulvik herad	572	Opprusting Holven - Ulvik	5 500	5 500				5 500	
-------------	-----	---------------------------	-------	-------	--	--	--	-------	--

Vaksdal

Vaksdal, Modalen	569	Stamnes - Eidslandet	11 100	6 100					6 100
------------------	-----	----------------------	--------	-------	--	--	--	--	-------

Voss

Voss kommune	315	Bavallsvegen	14 000	14 000					14 000
Voss kommune	310	Bordalsvegen	7 750	7 750					7 750

Sum			715 224	621 624	75 000	90 000	76 200	84 500	281 924
------------	--	--	----------------	----------------	---------------	---------------	---------------	---------------	----------------

Kultur

Ved fylkeskommunen sin eigedom på Stend er det behov for å vidareføre arbeidet på hovudhuset med rehabilitering av tak. Det vert eit omfattande arbeid, og ein må få utgreia om det kan gjerast i etappar. I prosjektet "Hagen på Stend", er det gjennomført eit forprosjekt med fleire komponentar på grunnlag av dei internasjonale retningslinene i Firenze-charteret av 1982 som gjeld for arbeid med historiske hagar. Det er utarbeidd plan for det vidare arbeidet. Det er mellom anna behov for arbeid i marka med formering av historiske planter og framdyrking av stiklingar til hekk, for å få det historisk rette plantematerialet til hageanlegget.

Det historiske drivhuset frå 1908 er sjeldan i norsk samanheng, og har verdi som gartnarhistorisk minnesmerke, i tillegg til at det er tenkt nytta i samband med hageanlegget. Drivhuset er i dårleg tilstand, men det er framleis intakte originaldelar, som ein ønskjer å berga.

Fylkesrådmannen gjer framlegg om ei løyving på posten på 3 mill. kr kvart år i økonomiplanperioden 2016 til 2019.

Tannhelse

I budsjett 2015 / økonomiplan 2015 – 2018 var prosjekta «Nybygg Kleppstø tannklinikk» og «Flytting av Tannlegevakta i Bergen / Nye Solheimsviken tannklinikk» prioritert. Prosjektet i Bergen er fullført, medan nybygg til Kleppstø tannklinikk er starta opp. Målet no er at ny klinikk på Kleppstø skal stå klar i 2016. Det er sett av 15 mill. kr til dette prosjektet i 2016.

Utstyr i tannhelsetenesta

Fylkesrådmannen foreslår, som for inneverande økonomiplanperiode, å setja av 5 mill. kr årleg til utstyrskjøp i tannhelsetenesta.

Fellesfunksjonar

Fylkeshuset – ombygging/opprusting

Fylkeshuset er meir enn 40 år, og ein må rekne med årlege kostnader til mindre opprusting/tilpassing for endra bruk og aktivitet. Det er sett av 2 mill. kr kvart av åra i planperioden. Når reguleringsplan for fylkeshuset vert stadfesta, vil ein utarbeide planar for utvikling av eigedomen.

Elbilar

I 2015 vart det sett av 5 mill. kr til kjøp av elbilar. Det vart då kjøpt 22 bilar. Fylkesrådmannen vidarefører satsinga i 2016 med forslag om 2 mill. kr til kjøp av ytterlegare 10 elbilar.

Profilering av eigedomar

Hordaland fylkeskommune gjennomførte i 2010 og 2011 ein identitetsprosess som grunnlag for langsiktig omdømebygging, kommunikasjonsstrategi og visuell profil. Prosjektet skulle i utgangspunktet vert avslutta innan utgangen av 2015, men arbeidet har teke noko lengre tid enn føreset. Fylkesrådmannen fører opp sluttløyving på 5,5 mill. kr i 2016.

I 2015 vart det sett av 5 mill. kr. til innkjøp av elbilar. Dette tiltaket var særskilt vellukka og godt motteke. Bilane skal etter planen leverast i 2015, og finansieringa inklusive sal av gamle bilar tillèt kjøp av 22 bilar. I 2016 er det sett av midlar til

omlag 10 elbilar som det var ynskje om, men som det ikkje var midlar til i 2015. I kapittelet for fellesfunksjonar er det sett av 2 mill. kr til dette føremålet i 2016.

Eigenkapitalinnskot KLP og eigedomssal

I tillegg til dei reine investeringane er det på investeringsbudsjettet for 2016-2019 ført opp eit årleg eigenkapitalinnskot til KLP på 5 mill. kr. I tillegg er det ført opp finansiering i form av avsetjing for sal av fylkeskommunale eigedomar på 5 mill. kr årleg.

IT – Fellessystem

Konto for felles IT-investeringar vert nytta til kjøp av teknisk IT-infrastruktur (kommunikasjonsutstyr, felles datamaskinar osv.) og til kjøp av IT-system og IT-tenester som er felles i fylkeskommunen.

Bruken av IT-løysingar m.a. innan kollektivtransport, på dei vidaregåande skulane, innan tannhelsetenesta og i fylkesadministrasjonen er avgjerande for at fylkeskommunen får utført oppgåvene sine. Denne situasjonen og overordna IT-strategi i fylkeskommunen legg føringar for disponering av dei sentrale IT-ressursane og budsjettmidlane til felles teknisk IT-infrastruktur. Det er derfor planlagt ei rekkje felles IT-tiltak i 2016.

Døme på slike felles IT-tiltak i er:

- Vidare innføring av dokumenthandteringssystem på skoler
- Fornyning av Internettløsinga (www.hordaland.no)
- E-forvaltning (fleire tenester på nett)
- Prosjekt for nytt økonomisystem
- Ny IT-løsning for integrasjonar mellom IT-system
- Oppgradering av sentral teknisk infrastruktur (sentrale datamaskinar, programvare og nettverk i fylkeskommunen)
- Vidare innføring av ny telefoniløsning

Fylkesrådmannen foreslår å løyva 23 mill. kr kvart av åra 2016, 2017, 2018 og 2019 til felles it-system.

Vedlegg

Hordaland fylkeskommune - Årsbudsjett (alle tal i 1000 kr) - 21/Oct 2015

BUDSJETTSKJEMA 1 - DRIFTSBUDSJETTET	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	
	2014	2015	2016	
Skatt på inntekt	-2 825 913	-2 993 000	-3 090 700	
Ordinært rammetilskot	-2 850 925	-2 947 000	-3 046 100	
Andre generelle statstilskot				
SUM FRIE DISPONIBLE INNTEKTER	-5 676 838	-5 940 000	-6 136 800	
Renteinntekter og utbytte	-118 279	-26 750	-15 700	
Renteutgifter og andre finansutgifter	285 405	240 400	252 200	
Avdrag på lån	302 890	330 000	442 000	
NETTO FINANSINNT./-UTG.	470 016	543 650	678 500	
Dekn. tidlegare års reknesk. meirforbruk				
Til ubundne avsetjingar	166 712			
Til bundne avsetjingar	105 973	443		
Bruk av tidlegare års reknesk. mindreforbruk	-130 262			
Bruk av ubundne avsetjingar	-56 998	-60 000		
Bruk av bundne avsetjingar	-91 129			
NETTO AVSETJINGAR	-5 704	-59 557	0	
Overført til investeringsbudsjettet	58 028	102 000	100 000	
TIL FORDELING DRIFT	-5 154 498	-5 353 907	-5 358 300	
Sum fordelt til drift	5 154 498	5 353 907	5 358 300	
Meirforbruk/mindreforbruk	0	0	0	
Fordelt slik:				
Politiske organ og administrasjon	Utgift	354 271	297 454	200 005
	Inntekt	-37 177	-13 758	-9 650
Eigedom	Utgift			147 624
	Inntekt			-26 624
Regional utvikling	Utgift	254 463	212 584	222 786
	Inntekt	-313 401	-130 505	-136 729
Samferdsel	Utgift	2 734 183	2 906 533	2 955 390
	Inntekt	-962 007	-1 070 696	-1 092 805
Kultur og idrett	Utgift	374 051	314 480	333 720
	Inntekt	-177 530	-149 297	-146 493
Tannhelse	Utgift	312 818	282 676	303 527
	Inntekt	-115 698	-108 044	-111 826
Opplæring	Utgift	3 076 062	3 021 260	2 939 905
	Inntekt	-415 311	-337 530	-202 390
Fellesfunksjonar	Utgift	245 918	311 116	146 740
	Inntekt	-176 144	-182 366	-164 880
SUM DRIFT	Utgift	7 351 766	7 346 103	7 249 697
	Inntekt	-2 197 268	-1 992 196	-1 891 397
	Netto	5 154 498	5 353 907	5 358 300

Hordaland fylkeskommune - Årsbudsjett (alle tal i 1000 kr) - 21/Oct 2015

BUDSJETTSKJEMA 2 - INVESTERINGSBUDSJETTET	Rekneskap	Budsjett	Budsjett
	2014	2015	2016
Investeringar i anleggsmidler	3 896 556	3 988 100	3 299 300
Utlån og forskottingar	109 703		5 000
Avdrag på lån	15 700		
Avsetjingar	178 342	5 000	
ÅRETS FINANSIERINGSBEHOV	4 200 301	3 993 100	3 304 300

Finansiert slik:

Bruk av lånemidler	-1 266 586	-1 302 700	-1 453 500
Inntekter frå sal av anleggsmidler	-173 105	-5 000	-5 000
Tilskot til investeringar	-2 088 004	-2 549 400	-1 710 800
Mottokne avdrag på utlån og refusjonar	-16 621		-35 000
Andre inntekter	-463 357		
SUM EKSTERN FINANSIERING	-4 007 673	-3 857 100	-3 204 300
Overført frå driftsbudsjettet	-58 028	-102 000	-100 000
Bruk av avsetjingar	-134 600	-34 000	
SUM FINANSIERING	-4 200 301	-3 993 100	-3 304 300

Udekket/udisponert	0	0	0
--------------------	---	---	---

Spesifikasjon av investeringar i anleggsmidler:


Samferdsel	3 042 785	3 230 100	2 481 300
Kultur	662	3 000	3 000
Tannhelse	8 745	25 000	25 000
Opplæring	605 734	686 000	757 000
Fellesfunksjonar	58 996	44 000	33 000
Aktivitetar utanfor fylkeskomm. ansvarsområde	179 634		
SUM INVESTERINGAR I ANLEGGSMIDLAR	3 896 556	3 988 100	3 299 300

Hordaland fylkeskommune - (alle tal i 1000 kr) - 19/Oct 2015

ØKONOMISK OVERSYN - DRIFT	Budsjett	Budsjett
	2015	2016
Brukarbetalingar	-98 832	-111 818
Andre sals- og leigeinntekter	-1 109 813	-1 083 875
Overføringar med krav til motyting	-453 981	-357 248
Rammetilskot	-2 947 000	-3 046 100
Andre statlege overføringar	-282 933	-286 183
Andre overføringar	-19 945	-21 220
Inntekts- og formuesskatt	-2 993 000	-3 090 700
Eigedomsskatt		
Andre direkte og indirekte skattar		
SUM DRIFTSINNTEKTER	-7 905 504	-7 997 144
Lønsutgifter	2 365 058	2 903 756
Sosiale utgifter	574 740	156 446
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal tenesteprod.	1 455 436	1 012 945
Kjøp av tenester som erstattar kommunal tenesteprod.	2 123 710	2 372 266
Overføringar	800 224	775 645
Avskrivningar		
Fordelte utgifter	218	-2 414
SUM DRIFTSUTGIFTER	7 319 386	7 218 644
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	-586 118	-778 500
Renteinntekter og utbytte	-26 750	-15 700
Mottekne avdrag på utlån		
SUM EKSTERNE FINANSINNTEKTER	-26 750	-15 700
Renteutgifter og låneomkostningar	240 425	252 200
Avdrag på lån	330 000	442 000
Utlån		
SUM EKSTERNE FINANSUTGIFTER	570 425	694 200
RESULTAT EKSTERNE FINANSTRANSAKSJONAR	543 675	678 500
Motpost avskrivningar		
NETTO DRIFTSRESULTAT	-42 443	-100 000
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessige mindreforbr.		
Bruk av disposisjonsfond	-60 000	
Bruk av bundne fond		
Bruk av likviditetsreserve		
SUM BRUK AV AVSETJINGAR	-60 000	0
Overført til investeringsbudsjettet	102 000	100 000
Avsett til dekning av tidlegare års rekneskapsmessige meirforbr.		
Avsett til disposisjonsfond		
Avsett til bundne fond	443	
Avsett til likviditetsreserven		
SUM AVSETJINGAR	102 443	100 000
REKNEKAPSMESSIG MEIRFORBRUK/MINDREFORBRUK	0	0

Hordaland fylkeskommune - (alle tal i 1000 kr) - 21/Oct 2015

ØKONOMISK OVERSYN - INVESTERING	Budsjett	Budsjett
	2015	2016
Sal av driftsmidler og fast eiendom	-5 000	-5 000
Andre salsinntekter		
Overføringer med krav til motyting	-2 258 500	-1 492 400
Statlege overføringer	-219 100	-218 400
Andre overføringer	-71 800	
Renteinntekter og utbytte		
SUM INNTEKTER	-2 554 400	-1 715 800
Lønsutgifter		
Sosiale utgifter		
Kjøp av varer og tenester som inngår i komm. tenesteprod.	3 944 100	3 224 300
Kjøp av tenester som erstattar komm. tenesteprod.		
Overføringer	44 000	75 000
Renteutgifter og omkostningar		
Fordelte utgifter		
SUM UTGIFTER	3 988 100	3 299 300
Avdrag på lån		
Utlån		
Kjøp av aksjar og andelar		5 000
Avsett til ubundne investeringsfond	5 000	
Avsett til bundne fond		
Avsett til likviditetsreserven		
SUM FINANSIERINGSTRANS.	5 000	5 000
FINANSIERINGSBEHOV	1 438 700	1 588 500
Bruk av lån	-1 302 700	-1 453 500
Sal av aksjar og andelar		
Motteke avdrag på utlån		-35 000
Overført frå driftsbudsjettet	-102 000	-100 000
Bruk av disposisjonsfond	-9 000	
Bruk av ubundne investeringsfond	-25 000	
Bruk av bundne fond		
Bruk av likviditetsreserve		
SUM FINANSIERING	-1 438 700	-1 588 500
UDEKKA/UDISPONERT	0	0



Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur.

Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gt 5
Postboks 7900
N-5020 BERGEN

Telefon: 55 23 90 00
www.hordaland.no

Oktober 2015